

Endring nedanfrå

Om forsøk på å stanse økonomisk juks i ein politisk ungdomsorganisasjon

Anne Marit Godal
Institutt for statsvitenskap
Universitetet i Oslo
Våren 1999

Innhold

1. Innleiing	4
1.1 <i>DEI EMPIRISKE UNDERSØKINGANE I OPPGÅVA</i>	6
1.2 <i>PROBLEMSTILLING</i>	9
1.3 <i>DISPOSISJON</i>	11
2. Metode	13
2.1 <i>INNSAMLING OG TOLKING: RELIABILITET OG VALIDITET</i>	13
2.2 <i>OBSERVASJON</i>	17
2.3 <i>OFFENTLEGE DOKUMENT</i>	18
2.4 <i>INTERNE DOKUMENT</i>	18
2.5 <i>STATISTIKK</i>	19
2.6 <i>INTERVJU</i>	19
2.7 <i>MEDIEINNSLAG</i>	22
2.8 <i>OPPSUMMERING</i>	22
3. Teoretisk rammeverk	24
3.1 <i>TEKNISK-ADMINISTRATIVE ÅRSAKER TIL OLIGARKI</i>	24
3.2 <i>INTELLEKTUELLE ÅRSAKER TIL OLIGARKI</i>	25
3.3 <i>PSYKOLOGISKE ÅRSAKER TIL OLIGARKI</i>	25
3.4 <i>OLIGARKIOMGREPET</i>	27
3.5 <i>HELLEVIK SIN MODELL FOR ANALYSE AV OLIGARKI</i>	29
3.5.1 <i>Overtydde: kunnskap og kompetanse</i>	31
3.5.2 <i>Overtydde: ekstern kommunikasjon</i>	32
3.5.3 <i>Overtydde: intern kommunikasjon</i>	33
3.5.4 <i>Overtale: mannen og ballen</i>	33
3.5.5 <i>Overtale: lojalitet og samhold</i>	34
3.5.6 <i>Overtale: truverd og tillit</i>	34
3.5.7 <i>Sanksjonar: rekruttering</i>	35
3.5.8 <i>Sanksjonar: eksklusjon</i>	35
3.5.9 <i>Sosiale sanksjonar</i>	35
3.5.10 <i>Fordelar i avgjerdsprosessen</i>	36
3.6 <i>MIN VIDARE BRUK AV MODELLEN</i>	38
3.7 <i>HIRSCHMAN</i>	40
3.8 <i>“OLIGARKI” KOMBINERT MED YTRING OG UTMARSJ</i>	47
4. Kva slags organisasjon?	51
4.1 <i>AKTØRAR</i>	51
4.2 <i>MÅL</i>	52
4.3 <i>FORMELL STRUKTUR</i>	52
4.4 <i>TEKNOLOGI</i>	54
4.5 <i>OMGJEVNADER</i>	56
4.6 <i>UFORMELL ORGANISASJON</i>	57
5. Direkte ytring	62
5.1 <i>STANDPUNKTFORDELINGANE</i>	62
5.2 <i>FORDELAR I MEININGSDANNINGA</i>	65
5.2.1 <i>Overtydning: kunnskap og kompetanse</i>	65
5.2.2 <i>Overtydning: ekstern kommunikasjon</i>	71
5.2.3 <i>Overtydning: intern kommunikasjon</i>	77
5.2.4 <i>Overtaling: mannen og ballen</i>	79
5.2.5 <i>Overtaling: lojalitet og samhold</i>	80

5.2.6	<i>Overtaling: truverd og tillit</i>	81
5.2.7	<i>Sanksjonar: rekruttering</i>	82
5.2.8	<i>Sanksjonar: eksklusjon</i>	84
5.2.9	<i>Sosiale sanksjonar</i>	84
5.3	<i>FORDELAR I AVGJERDSPROSESSEN</i>	86
5.4	<i>DELKONKLUSJON</i>	87
6.	<i>Indirekte ytring via kommunen</i>	90
6.1	<i>INNSAMLING AV INFORMASJON</i>	92
6.2	<i>TOLKING AV INFORMASJON</i>	94
6.3	<i>OLIGARKISKE MEKANISMAR?</i>	98
6.3.1	<i>Formelt tufta fordelar</i>	99
6.3.2	<i>Sosialt tufta fordelar</i>	100
6.4	<i>ALTERNATIVE FORKLARINGAR</i>	102
6.5	<i>DELKONKLUSJON</i>	105
7.	<i>Indirekte ytring via media</i>	108
7.1	<i>AKTØRAR PÅ MEDIEARENAEN</i>	109
7.1.1	<i>Motvillige kjelder eller medviten mediemating</i>	111
7.2	<i>EFFEKTAR AV OPPSLAGA</i>	115
7.2.1	<i>Effektar på offentleg opinion</i>	115
7.2.2	<i>Effektar på Oslo kommune</i>	116
7.2.3	<i>Effektar på AUF</i>	118
10.1	<i>DELKONKLUSJON</i>	125
11.	<i>Utmarsj</i>	129
12.	<i>Konklusjon</i>	132
12.1	<i>TEORETISKE NYVINNINGAR OG UTFORDRINGAR</i>	137
12.2	<i>ETTERSPEL</i>	140
12.3	<i>ENDRING NEDANFRÅ</i>	143

1. Innleiing

Utgangspunktet for denne oppgåva er avsløringane om juks i søknadene frå ungdomsorganisasjonane om offentlege middel. Både medieordskifte, granskingar og ein rettsgjennomgang har fått fram i lyset at mange organisasjonar har fått for mykje utbetald frå stat eller kommune ved å oppgje medlemstal eller aktivitetar som reelt sett ikkje fall inn under regelverket. Særleg har saka ramma dei politiske ungdomsorganisasjonane, med Arbeidaranes ungdomsfylking (AUF) i spissen.

Den 2. mars 1995 sto det å lese på fyrstesida i VG: “AUF jukset til seg 700 000 kr”. I oppslaget avslørte VG korleis AUF i Oslo sjølv hadde betald inn kontingentgiroar for 1550 personar, og på dette viset fått for mykje utbetald i kommunal støtte. Artikkelen var den fyrste i ei lang rekkje oppslag om juks i søknadene frå ungdomsorganisasjonane. VG utvida saka ved å presentere juks i fleire fylkeslag i AUF, og det blei fort spørsmål om AUF i mange år hadde fått for mykje også i *statstøtte*, og om *dei andre* ungdomsorganisasjonane hadde juksa med medlemstala. Politikarar med fortid i desse organisasjonane blei konfronterte med kor vidt dei hadde sitt på det tørre. Det blei avgjort at alle ungdomsorganisasjonane skulle bli granska, og Arbeidarpartiregjeringa si handsaming av saka fekk mykje merksemd, både i media og i resten av det politiske liv.

Uavhengig av dette utvikla AUF i Oslo-saka seg. Medan påtalemakta i september 1996 valde å leggje bort dei fleste statsstøttesakene, slik at ungdomsorganisasjonane stort sett slapp frå det med skrekken, har Oslo-saka fått alvorlege konsekvensar. AUF i Oslo blei granska av kommunerevisjonen, som slo fast at det har vori omfattande og systematiske feilrapporteringar.¹ Politigransking leidde til at fire personar frå AUF i Oslo blei tiltalde for grovt bedrageri.² I januar 1998 starta ei retts sak som kvervla opp i mykje grums frå det politiske organisasjonslivet. Den 21. april blei dei fire dømde til mellom nitti dagar og sju månader i fengsel. To av dei anka straffeutmålinga, men ankane blei avviste.³

Ein etter ein har politikarar stått fram i media eller rettssal og avslørt eit meir eller mindre slepphendt syn på eigen rett til offentlege middel. Somme har innsett at dei har hatt for liten vyrdnad for reglane. Dei innrømmer å ha nytta gale middel i kampen for Målet, og har stått fram som angrande syndarar.⁴ Tove Bøygard frå Buskerud var mellom desse: “Jeg tapte min sjel og nådde målet, men slet ut en del AUFere på veien”.⁵ Andre angrar mindre. Ringrevar som Jens Stoltenberg og Turid Birkeland meiner at det dei gjorde korkje var over grensa eller på kanten. “Jeg har aldri rapportert noe som var galt”, sa Stoltenberg.⁶ Ein ting er trong til å forsvare eventuelle “gamle syndar”, særleg om du har ei politisk framtid å kjempe for. Meir urovekkjande med tanke på framtida er det likevel dersom ”nye kostar” ikkje heilt innser alvorret ved at politikarar ikkje skil mellom eiga og offentleg lomme, noko vi skal sjå nærare på mot slutten av denne oppgåva.

Alt i alt sit tilskodaren att med eit inntrykk av at mange har noko å unnskyldde seg for, anten dei meiner det sjølv eller ikkje. Spørsmålet ein kan stille seg, er korleis dette kunne skje over så mange år og i mange organisasjonar *utan at nokon reagerte*. Der dei fleste i dag unisont fordømmer triksing med offentlege middel, har dei involverte tidlegare tilsynelatande tidd og samtykka. Mange spørsmål kunne vært stilt: Er diskrepansen eit uttrykk for at det mellom forvaltarane av våre felles middel er utbreidd ein heilt annan moral enn den rådande “samfunnsmoralen”? Korleis vil så denne eventuelle politiske kulturen stå seg etter møtet med dei verdiane som no er ført i pennen av både den tredje og fjerde statsmakt? Er angeren i det politiske miljøet berre eit uttrykk for dobbeltmoral og hykleri, slik at ein glir tilbake i gamle foldar så fort lysa frå det offentlege rom er slukte? Eller var det ein kultur som ikkje tolte dagens lys, og som no har sprokki for godt?

Ingen kan spå om framtida. Det vi derimot *kan* gjere er å analysere fortida, for så å stå betre rusta dersom vi ikkje ynskjer at historia skal gjenta seg. Eg ynskjer med denne oppgåva å leite etter eit svar på korleis ein slik “juksekultur” kunne få leve i fred mellom dei politiske elitane - tilsynelatande utan at nokon reagerte.

1.1 *Dei empiriske undersøkingane i oppgåva*

Saka om juks i ungdomsorganisasjonane er blitt stor og omfattande, med mange ulike aktørar på banen. For å snevre inn dei empiriske undersøkingane, vil eg i denne oppgåva avgrense meg til berre å studere AUF i Oslo. Denne organisasjonen har vori i sentrum både for svært mange spalte-meter i avisene og for granskingar med påfølgjande rettargang. Dette gjer det mogleg å studere prosessen i etterkant. I tillegg har eg gode føresetnader for å orientere meg i materialet som følgje av at eg sjølv har vori aktiv i organisasjonen.⁷ Ved å velje ein organisasjon som har blitt så gjennomgranska, unngår eg også faren for å stemple handlingar som “juks” utan at dette er prova.⁸

La meg slå det fast med ein gong: Eg har over hovudet ingen ambisjonar om å vurdere dei juridiske sidene av saka. Oppgåva er ikkje noko forsøk på å føre ei alternativ “rettssak” med siktemål å dømme eller frikjenne nokon av aktørane ut i frå lovas bokstav. Eg pretenderer heller ikkje å skrive ei oppgåve som i detalj går inn i reglane og kva metodar AUF i Oslo har nytta i samband med søknader om økonomisk støtte. Både dei økonomiske og juridiske sidene av saka er allereie godt gjennomlyst og skildra andre plassar. Med denne oppgåva vil eg derimot gå inn i dei *organisatoriske* sidene ved saka kring medlemsjukset i AUF i Oslo.

Ved å studere AUF i Oslo kan vi få eit inntrykk av kva svaret *kan* vere på spørsmålet om korleis ein “juksekultur” kunne få leve i fred. Det er likevel viktig å presisere følgjande: Studiet av éin organisasjon kan sjølvsagt *ikkje* ende opp i konklusjonar som kan generaliserast til alle dei andre involverte organisasjonane. Siktemålet her er heller ikkje å finne eksplanans i form av ei lov som kan *forklare* denne kulturen (eksplanandum). Målet er heller å utforske feltet for betre å kunne *fortolke og forstå* kva som skjedd, slik hermeneutisk orientert metodelære tek til orde for (jf. Hovi og Rasch 1996:36). I studiet av AUF i Oslo kan vi gå inn i detaljrikdomen for å leite etter årsaker til at jukset fekk blomstre i denne organisasjonen. Denne kunnskapen kan vi ta med oss vidare til studia av andre organisasjonar. Med andre ord: Ved å gjere eit forsøk på å forklare kva som har skjedd i AUF i Oslo, kan vi betre forstå fenomenet meir generelt.

Med utgangspunkt i diskrepansen mellom politisk kultur og rådande samfunnsmoral, er det naturleg å spørje seg om det ikkje i det heile tatt har vori innslag av interne røyster i AUF i Oslo som har vori kritiske til søknadspraksisen. Svaret på dette er eit betinga “ja”. Betinga fordi det, som vi seinare skal sjå, har vori vanskeleg å finne ut av korleis praksisen eigentleg var, og såleis starte eit reelt ordskifte om han. I tid har eg vald å avgrense det empiriske grunnlaget til perioden frå 1992 til 1995, då det var ein samanhengande konfliktsituasjon mellom leiinga og ein opposisjon i AUF i Oslo som var kritiske til korleis leiinga handsama økonomi- og søknadsarbeid.⁹ Dei mest sentrale rollene i leiinga er leiar, nestleiar, fylkessekretær og økonomileiar. Eg vil likevel påpeike at det rundt “leiinga” i denne forstanden, vil vere ein krins eller eit miljø av personar som er nært knytte til desse, men som sjølv har andre formelle posisjonar, til dømes som fylkesstyremedlemar eller lokallagleiarar. Det kan vere naturleg å inkludere slike i “leiinga”, slik t.d. Angelo Panebianco (1988:37) gjer når han sidestiller “leiing” med omgrepet “dominant koalisjon”. Med “opposisjonen” siktar eg til dei som på ulike vis freista å ta eit oppgjær med triksinga. Det er altså snakk om ein opposisjon avgrensa til det *organisatoriske* området, ikkje ein meir generell politisk opposisjon. Dette inkluderer fyrst og fremst dei to fylkesstyremedlemene **Per Olav Brunvand** og **André Sønstevold**, og lokallaget **Innflyttaranes AUF**¹⁰. Våren 1992 starta konflikten mellom Innflyttaranes AUF og leiinga, då lokallaget freista å få vite kor mange medlemar fylkeslaget hadde søkt kommunestøtte for på vegne av innflyttarane. Då dei i august fann ut at leiinga i minst to år hadde søkt for dobbelt så mange som dei hadde hevda til lokallaget, og nekta å rette opp på dette, informerte laget Oslo kommune.¹¹ Den 13. juni same år hadde kommunen blitt varsla av Brunvand og Sønstevold om juks i søknadene om støtte frå AUF i Oslo. Etter ei gransking kravde kommunen tilbake ein del av støtta AUF i Oslo hadde fått for 1991. Internt kravde Innflyttaranes AUF m.a. at organisasjonen skulle gå igjennom revisjonsrapporten og at leiinga skulle gje laga full informasjon om granskinga. Dei hevda at: “Bare ved å få full klarhet i hva som har skjedd, og hvordan det kunne skje, kan vi forhindre at noe sånt skal kunne skje igjen”.¹² Laget fekk ikkje gjennomslag for desse krava, og tilhøvet mellom laget og fylkesleiinga var til dels

konfliktfylt i åra som kom.¹³ Våren 1995 kunne VG avsløre at jukset hadde haldt fram i alle åra frå 1992 og framover. Leiinga hadde betald inn giroar på vegne av 350-700 medlemmar kvart år, mellom anna finansiert ved at dei tok ut pengar frå kontoane til lokallaga. For kvart medlem ein betalde for, fekk ein i gjennomsnitt ut nærare 600 kroner frå Oslo kommune.¹⁴ Slik søkte dei kommunal støtte for 1201, 967 og 712 personar, medan det reelt var om lag 500, 370 og 360 av desse som hadde betald sjølv.¹⁵ Dei fleste frå leiinga hevda dei betalde for folk som dei hadde grunn til å tru ville vere medlemmar fordi dei hadde vori aktive før, fordi dei hadde betald før eller fordi dei hadde bedt om medlemskap det aktuelle året.¹⁶ Ordninga kalla dei “forskotering”. Ein av dei hevda noko litt anna: At dei betalde for folk som dei ikkje eksplisitt visste at ikkje ville vere medlemmar, og at omgrepet “forskotering” ikkje var dekkjande, fordi det oftast ikkje fanst nokon avtale om at vedkommande skulle betale seinare.¹⁷ VG-avsløringane ga opposisjonen ein del kunnskap som dei tidlegare hadde mangla i den interne kampen, og dei freista no å få gjennomslag for at organisasjonen skulle ta “kraftig avstand frå den kontingentpraksisen som har vært i AUF i Oslo”. Dei kravde at all relevant informasjon måtte fram, og føreslo ei rekkje tiltak for å sikre internt innsyn og kontroll med søknads- og økonomiarbeidet, for “å gjøre det lettere å oppdage misbruk av rutinene”. Igjen var påstanden at: “Bare ved å få full klarhet i hva som har skjedd, og hvordan evt. uregelmessigheter har kunnet oppstå, kan vi få ryddet opp på en skikkelig måte”.¹⁸ Heller ikkje denne gongen fekk opposisjonen gjennomslag. Framlegget blei avvist av årsmøtet, og leiinga sin munnlege rapport om saka blei teken til etterretning.¹⁹ Media skriv: “På møtet ble det foreslått å skjerpe rutinene for innkreving av kontingent. Men årsmøtet utsatte alle vedtak til etter at kommunerevisjonen er ferdig med sin gransking og politiet sin etterforskning”.²⁰ Sjølv skriv opposisjonen at dei “har blitt nedstemt på alle punkter”.²¹ Det er mellom linene i denne prosessen eg skal leite framover i oppgåva. Her nøyer eg meg med å slå fast at vi kan avvise ein eventuell hypotese om at jukset skjedde fordi det ikkje fanst folk internt som hadde motførestellingar til den praksisen AUF i Oslo hadde. Organisasjonen var med andre ord ikkje ukjend med dei haldningane og oppfatningane som media og rettsvesen seinare har gitt uttrykk for.

1.2 Problemstilling

Vi har no komi nærare ein spesifikasjon av spørsmålet om korleis jukseulturen kunne få leve i fred, og spørsmålet kan no stillast slik: *Kvifor nådde ikkje dei kritiske røystene fram med sine forsøk på å endre åtferda og haldningane i AUF i Oslo?* På dette punktet er det naturleg å leite etter teoretiske perspektiv som kan gje grunnlag for svar på spørsmålet. Skildringa treng eit teoretisk rammeverk, både for å systematisere og tolke prosessen. Fyrst og fremst kan eg ha bruk for eit perspektiv på kva alternativ kritiske røyster har for å påverke ein organisasjon. Etter å ha skumlest ein del organisasjonsteoretisk litteratur har eg ikkje funni teoriar som spesifikt er retta mot kva høve ein har dersom ein *som medlem* ynskjer endring i ein organisasjon. Mangelen på slike kan skuldast at fokuset i organisasjonslitteraturen oftast er på andre typar organisasjonar enn dei frivillige. Ein av dei som har freista å lage ein meir overskridande modell, er Albert O. Hirschman, som i “Exit, voice and loyalty” (1970) fokuserer på kva alternativ ein misnøgd forbrukar, veljar eller medlem har for å få ein organisasjon til å endre eit “produkt”. Eg har vald å ty til ein tankegang inspirert av Hirschman for å systematisere den empiriske framstillinga mi. Eg vil syne korleis ein som medlem i AUF i Oslo hadde fire ulike strategiar dersom ein ynskte å endre haldningar og åtferd i organisasjonen for å få slutt på jukset. To av desse strategiane gjekk ut på å ta kontakt med omverda, ein innebar å ta saka opp internt i organisasjonen, og den siste innebar å melde seg ut i protest.

Fokuset på strategiar, inspirert av Hirschman, kan gje oss innblikk i dei handlingsalternativa ein har for å søkje å endre noko i ein organisasjon. Samtidig må vi ta omsyn til at ein kvar type organisasjon dannar eigne rammevilkår for slike forsøk på endring. Partia fungerer som organisasjonar heilt annleis enn bedrifter eller offentleg byråkrati. Heller ikkje på dette feltet er det nokon overflod av relevant teoretiserande litteratur (Panebianco 1988:3, Djupsund og Svåsand 1990:3f, Skare 1994:2). Ikkje sånn å forstå at det ikkje finst litteratur med fokus på partiorganisasjonar! Det finst ein del “*deltakaranalysar*”, med vekt på å analysere “hvem aktørene i de ulike delene av partiet er” (Djupsund og Svåsand 1990:4), slik Knut Heidar (t.d. 1974, 1988, 1994) har gått i spissen for her i Noreg. Internasjonalt

er feltet prega av “*funksjonsanalysar*”, med fokus på “hvilken rolle partiorganisasjonen spiller som del av større sosiale bevegelser, som del av det politiske systemet, og for partiets eksistens” (Djupsund og Svåsand 1990:4). Temaet er gjerne korleis partiorganisasjonane har endra seg, og ulike organisasjonstypar er ofte framstilt i form av typologiar (som Duverger (1954) si framstilling av kaukus-, bransje-, kader- og masseparti, eller Kirchheimer sin tese om utviklinga frå masseparti til catch-all-parti, les t.d. Mair (red) (1990)). Her er med andre ord mange modellar. “Holet” i studia av partiorganisasjonar oppdagar vi likevel når vi, som eg, dreier inn på det “*strukturanalytiske*” området. Her ynskjer ein å sjå på partiorganisasjonane innanfrå, med interne makttilhøve som ein sentral faktor (Djupsund og Svåsand 1990:4). På dette feltet oppdagar vi fort at det framleis er dei gamle som er eldst, og at det skortar på nyare skildringar med generaliserande og teoretiserande ambisjonar. Ei årsak kan vere manglande integrasjon mellom organisasjonsteori og partianalyse som forskingsfelt. Resultatet er at klassiske studie av partiorganisasjonar, med Moisei Ostrogorski og Robert Michels i spissen, har blitt ståande og dominere fagområdet i snart hundre år (ibid:3). Av desse er det Michels og tradisjonen i fotspora hans som fyrst og fremst har bori frukter, i form av ei rekkje drøftingar kring tesen om “oligarkiets jarnlov”. I “Political parties”²² leverer Michels ei kraftfull skildring av partia som fåmannsvelde. Som Hirschman er Michels oppteken av tilhøvet mellom leiarar og “meinige”, men medan Hirschman fokuserer på alternative strategiar for å melde frå om misnøye, teiknar oligarkiperspektivet eit bilete av kva alternativ *ei leiing har dersom ho ikkje ynskjer å lytte på signal nedanfrå*. Der Hirschman fokuserer på høve til forandring, skriv Michels om korleis ei leiing kan hindre forandring. “Oligarkitradisjonen” tilbyr eit heilskapleg teoretisk rammeverk for analyse av avgjerdsprosessane i partia. Med sin fokus på korleis leiinga oftast får det som dei vil, ser oligarkiperspektivet a priori ut til å kunne tilby eit svar på spørsmålet om kvifor opposisjonen i AUF i Oslo ikkje vann fram. Eit slikt svar er formulert ved følgjande hypotese:

H1: Opposisjonen i AUF i Oslo vann ikkje fram fordi leiinga tok i bruk oligarkiske maktmiddel.

For å teste denne hypotesen, må vi avklare kva som ligg i omgrepet “oligarkiske maktmiddel”. Med utgangspunkt i Michels, har Ottar Hellevik (1975a) utarbeidd ein modell med ulike oligarkiske mekanismar. Eg vil ta utgangspunkt denne modellen som tolkingsramme for å vurdere i kva grad vi finn støtte for H1. Det er her viktig å ha føre seg at valet av modell vil påverke tolkinga av materialet. Ved val av ein annan teoretisk modell ville ein kan hende kunne trekkje andre samanhengar ut av det same materialet. Eit anna viktig poeng å ha med seg, er at eg ikkje gjer noka forsøk på å teste kor vidt tesen om oligarkiets jarnlov er gyldig. I studiet av AUF i Oslo er teorien nettopp vald ut fordi han a priori ser ut til å kunne vere fruktbar for forståinga. Organisasjonen er med andre ord eit “positivt skeivt utval”, som ikkje kan vere nokon test på kor vidt jarnlova er universell.

Med val av dei to overnemnde teoretiske perspektiva, fokuserer eg i utgangspunktet på konflikt i organisasjonar. Likevel ynskjer eg ikkje å ta til orde for eit syn om at organisasjonar berre er konfliktarenaer der ulike interesser slost i interne maktspel. Eit slik syn overser mange av dei viktigaste faktorane som skaper rammene for eventuelle konfliktar. Konfliktane skjer helst innafor eit sosialt rom, der personlege så vel som strategiske omsyn spelar inn. Det som ofte kjenneteiknar mange organisasjonar er tvert om opplevinga av fellesskap framfor konflikt. Det viktigaste for mange organisasjonsmedlemar er det sams engasjementet, lojaliteten, det sosiale nettverket og kjensla av å høyre til. Mange konfliktar kan berre bli forstått med dette opplevde samhaldet som premiss. Dette er utgangspunktet for den skildringa av konflikt eg kjem med i denne oppgåva.

1.3 Disposisjon

I det neste kapitlet vil eg drøfte metode og kjeldebruken i oppgåva, før eg i kapittel 3 tek fatt på dei teoretiske avklaringane. I kapittel 4 vil eg gje lesaren ei kort innføring i organisasjonen AUF i Oslo. Her ser eg på formelle og uformelle interne strukturar og på rammevilkåra organisasjonen hadde, her imellom støtteordningar og forventingar frå omverda. Så går eg over til arbeidet med å svare på sjølve problemstillinga, som er spesifisert ved ein hypotese eg vil teste: **Opposisjonen i AUF i Oslo vann ikkje**

fram fordi leiinga tok i bruk oligarkiske maktmiddel. (H1) Eg studerer prosessen ut i frå dei handlingsalternativa dei hadde som ynskte å endre på praksisen i samband med søknader om økonomisk støtte. I kapittel 5 til 8 drøftar eg kvar for seg dei einstilte strategiane dei hadde for å stoppe jukset, og vurderer i kva grad eventuell bruk av oligarkiske maktmiddel påverka effekten av dei ulike strategiane.

2. Metode

*“Du bør ikke innbille deg at det er særlig vitenskapelig å være holdningsløs”
Egil Fivelsdal*

Eg ynskjer i oppgåva å gje ei grundig, djup og mest mogleg “tjukk” skildring av ein prosess, ikkje å talfeste ulike storleiker. Kvantitative metodar vil eg berre komme innom der eg drøftar effektar av avsløringa på offentleg opinion. Eg vil i dette kapitlet fyrst vurdere generelle metodiske spørsmål, før eg går inn på sjølv datamaterialet, ved å drøfte dei ulike potensielle kjeldene, og metodeproblem knytt til desse.

2.1 Innsamling og tolking: reliabilitet og validitet

Generelt sett er det vanskelegare å studere organisasjonsformene i parti enn t.d. i forvaltninga. Det springande punktet er sjølv sagt tilgang. I partia er det inga “lov om offentlegheit”, og i mange avgjerdsprosessar vil det vere vanskeleg for ein forskar å få nok innsyn til å vite kva som egentleg skjer. Dette kan vere ei årsak til at det som sagt er relativt få fagleg orienterte skildringar av det indre livet i partia, i tillegg til at ein del av dei ber preg av eit “utanfrå-perspektiv” med ein klar observerande avstand til det som skjer.²³ Tyngda i den empiriske litteraturen ligg på erindringsbøker frå folk som sjølv har vori partimedlemar. Slike sit med kunnskapen som kan gjere det mogleg å forstå røynda i partia innanfrå, men samtidig støyter dei på mange potensielle metodologiske fallgruver dersom dei har faglege og teoretiske siktemål. Eg skal drøfte desse, fordi eg sjølv er i ein slik posisjon som mangeårig medlem av AUF i Oslo. Gjennom denne aktiviteten har eg fått med meg den røynsla som gjer at eg trur det er mogleg for meg å komme i land med ei så vanskeleg oppgåve som det er å gå inn i saka. Eg har store fordelar i form av å kunne orientere meg i det omfattande materialet. På den andre sida er det tynn is eg går på. Difor vil eg i dette kapitlet gjere spesielt greie for korleis eg i arbeidet med oppgåva har freista å halde den naudsynte avstanden til empirien, samstundes som eg ikkje kan eller vil løyne nærleiken til stoffet. Eg må ta stilling til at røynsla mi vil kunne påverke både

innsamling og tolking av materiale. La meg starte med nokre refleksjonar kring det fyrste.

Ottar Brox (1989:30f) drøftar i kva fasar av forskingsprosessen eigne verdiar legitimt kan kome til uttrykk, ut i frå ein webersk posisjon i synet på tilhøvet mellom engasjement og objektivitet. Han argumenterer for at det fullstendig illegitimt å la eigne verdiar få gjennomslag i samband med operasjonisering, datainnsamling og bearbeiding: "Empiriske funn må kunne reproduseres av politiske motstandere som bruker samme prosedyrer" (ibid:33). Målet er å gje eit valid bilete av saka. Forskaren må unngå eit skeivt kjeldeutval, slik han får dersom han helst vel ut dei kjeldene som stadfestar eiga røyndomsoppfatning. Eg har freista å unngå dette ved å søkje å få tak i *all* tilgjengeleg relevant informasjon. Det vil seie at eg har søkt eit *komplett kjeldegrunnlag*. Sjølv om ein tek førehandsreglar, er det vanskeleg å unngå forskareffektar i innsamlinga, særleg ved intervju. Ofte tek forskinga høgde for slike, som til dømes når ein trur intervjuaren sitt kjønn eller alder vil påverke svara. Eg kan ikkje klare å unngå forskareffektar på dette viset, fordi det berre er meg som har arbeidd med prosjektet. Dette tyder at eg har vori spesielt varsam med tolkingane av intervju, og heile tida har spurt meg om svara eg har fått kunne vere resultat av at det var *eg* som spurte.

Å få ei mest mogleg objektiv skildring er spesielt vanskeleg fordi nokre av dei mest sentrale aktuelle kjeldene gir heilt ulike versjonar av kva som har skjedd. I ein slik situasjon *må* det bli mi oppgåve å finne ut av - eller i det minste sannsynleggjere - kven som på kvart av stridspunkta snakkar meir sant enn andre. Det kan til dømes ikkje både vere sånn at ein *har* vori medviten om at ein juksa og at ein *ikkje* har vori medviten. Likevel kan det vere at ei kjelde som er truverdige på eit punkt, ikkje alltid snakkar sant på andre punkt (jf. Ottar Dahl 1967:69).

I *tolkingsprosessen* er det langt vanskelegare å unngå forskareffektar enn i innsamlinga. I følge Brox (1989:32f) er dette heller ikkje noko mål. Det viktige her er å ikkje skjule eller tilsløre faren for forskareffektar, men tvert om gjere sin eigen utgangsposisjon eksplisitt. Ein kan her stø seg til hermeneutisk tolkingelære, som poengterer at alle har ei forforståing som det er illusorisk å oversjå under dekkje av å

skulle vere “objektiv”. God metode inneber å vere medviten om kva forforståing ein har, og at dette heile tida påverkar ei kvar ny forståing i den hermenautiske sirkelen. Ein kvar forskar vil gå inn i forskningsemnet sitt med den forkunnskapen og fordommane han har, men følgjene av dette vil ofte vere klarast i kvalitativ analyse, der tolkingane er meir avhengige av den einskilde forskaren enn i kvantitativ analyse. Fordi forskaren sjølv er forskingsinstrumentet, er det vanskeleg å få ein veldig høg instrumentkongurens. For å bøte på problemet, er det som sagt viktig å vere kritisk til eigne tolkingar. Vidare er reliabiliteten avhengig av om resultata er mogleg å *etterprøve*. Yin (1994) peikar på to løysingar for å få til dette: Forskaren må opprette eit tilgjengeleg dataarkiv, og lyt føre dagbok der det går fram korleis innsamlinga og tolkingsprosessen har skjedd. Etter kvart som eg har samla inn datamaterialet til denne oppgåva, har eg freista å sortere dette på ein oversiktleg måte, slik at det er lett å finne fram i. Arkivet er opent for alle. Eg har derimot ikkje hatt ressursar til å føre nokon heilskapleg prosjektdagbok, men har tatt vare på alle arbeidsdokument og fleire ulike versjonar av oppgåva, som kan syne korleis eg steg for steg har arbeidd meg fram gjennom materialet.

Som sagt er det viktig å gjere sin eigen posisjon eksplisitt. Difor vil eg avslutte denne innleiande drøftinga med å gjere greie for min eigen posisjon i den røynda eg skriv om i oppgåva, og klargjere det normative utgangspunktet mitt: Eg melde meg inn i Skøyen AUF i 1985. Her sat eg i styret og var leiar i eit par år. Frå 1989 til 90 sat eg i fylkesstyret i AUF i Oslo som redaktør for medlemsavisa. Eg deltok i ulike utval på landsplan og fylkesnivå, og var med på tre landsmøte fram til 1990. Frå januar 1990 til januar 1993 var eg i liten grad aktiv, men melde meg over i lokallaget Innflyttaranes AUF hausten 1992, i samband med flytting. I 1993 blei eg vald inn i lokallagsstyret her, der eg sat fram til våren 1995. Eg deltok på landsmøtet i 1994, og sat i internasjonalt utval i AUF sentralt. I desember 1995 melde eg meg ut av organisasjonen, dels som ei følgje av organisasjonen si handsaming av kontingentsaka, som eg meinte var lite grundig. Sjølv om eg i mange år har vori aktiv i AUF i Oslo, har mi rolle i sjølve saka vori så indirekte at eg meiner det er forsvarleg å skrive oppgåva. Eg hadde ikkje kontakt med organisasjonen under den fyrste runden

med avsløringar kring 1992, og har ikkje hatt noko å gjere med søknader om økonomisk støtte eller anna økonomisk arbeid. Mi rolle har avgrensa seg til å frå 1993 til 1995 vere med i Innflyttaranes AUF. Det som knyter meg tettast til saka, er at eg har blitt godt kjend med mange av dei som har vori involverte. Spesielt gjeld dette dei som var med i opposisjonen, men gjennom dei mange åra i AUF har eg også fått gode kameratar med andre syn på konflikten. Eg har fått eit godt innsyn i korleis organisasjonen fungerer, ikkje minst gjennom året som fylkesstyremedlem. Dette er røynslar som kjem til stor nytte i arbeidet med oppgåva.

Eit anna poeng lyt også nemnast: Ein av byrådene som handsama saka på vegne av kommunen, er gift med faren min.²⁴ Dei same førehandsreglane i samband med innsamling og tolking av data gjeld her som over: Eg vil sjølvsagt freiste å ikkje la desse banda påverke analysen av forsøka på ytring til kommunen.

Utover desse meir formelle sidene av mitt eige engasjement, vil eg også gjere nærare greie for bakgrunnen for mi interesse i saka: Eg har vori oppteken av makt i organisasjonar så lenge eg kan hugse - det seg være sosial makt i klasserommet så vel som formell makt på skulen - og ikkje minst korleis ulike formar for makt heng saman og kan føresette kvarandre. Denne interessa ligg bak både dei standpunkta eg har tatt som aktør i organisasjonar der slike spørsmål har kommi opp, og mi interesse for å skrive denne oppgåva. For meg har hovudoppgåva vori eit høve til å setje meg betre inn i dette emnet ut i frå ei fagleg vinkling.

Brox (1989:32) hevdar det er illusorisk å tru at val av problemstilling kan vere objektiv. Mitt val av perspektiv gjer det klart at eg ser på organisasjonen “nedanfrå”, med auga til ein opposisjon: Kva handlingshøve har dei, og kva hindringar kan dei bli møtte med? Problemstillinga er såleis eit forsøk på å leggje for dagen kvar min sympati ligg. På sett og vis kan perspektivet implisere eit normativt utgangspunkt som i røynda er vanleg, men som like fullt sjeldant blir sagt i klartekst: “At makta tek feil, og at opposisjon har rett”. Dette er sjølvsagt både alt for enkelt og ofte feil! I staden vil eg seie det slik: Fordi makta *kan* ta feil, er det viktig at ein opposisjon kan ha reelle høve til å *korrigere* dette.

Med dette i mente vil eg no gå over til å drøfte sjølve kjeldematerialet. Eg har nytta mange ulike typar kjelder i oppgåva for å få eit mest mogleg sant bilete av saka. Målet var som sagt å ha kjelder som dekkjer alle dei relevante aspekta av saka.

2.2 Observasjon

Fyrst litt om ein innsamlingsmetode eg ikkje har ynskt å nytte meg av: Deltakande observasjon. I dei åra eg har vori medlem, har eg observert ei rekkje hendingar. Fordi dei fleste av desse observasjonane ikkje blei samla med vitenskapleg siktemål, har eg *unngått* å nytte desse, anna enn som ein bakgrunn som gjer det lettare for meg å få oversikt over og orientere meg i saka og samle anna relevant kjeldemateriale. Meir generelt sett meiner eg det i min posisjon er klokt å unngå all type observasjon, og heller nytte metodar der eg som forskar i mindre grad er involvert i tolkinga av kjeldata, og der det er lettare å verifisere tolkingane ved etterprøving av andre. På eitt punkt ynskte eg likevel å nytte observasjon, nemleg under dei delane av rettssaka som var direkte relevante for oppgåva, som t.d. vitnemåla frå dei mest involverte aktørane. Ved sida av å lese mediereferat, er eigen observasjon det einaste viset å få tilgang til det som blir sagt i ei rettssak på. Sjølv om rettssaka i utgangspunktet er offentleg, er det ikkje mogleg å få kopiar av rettsreferata som blir tekne (i denne saka i form av bandspelar). Eg møtte på to problem i samband med observasjonen: Fyrst fann eg ut at det som tilhøyrar ikkje er lett å få vite kva som skal skje frå dag til dag utan å møte opp i rettssalen om morgonen. Dette ville ta uforholdsmessig mykje tid og ressursar i ei rettssak med tidsramme på 12 veker, og ville truleg ende med ein god del spel av tid i ein rettssal der lite relevante emne blei drøfta. I tillegg synte det seg at ein av dei tiltalde hadde stemna meg som vitne i saka, dels som resultat av at eg skriv denne oppgåva. I og med at vitne ikkje kan følgje rettsforhandlingane før dei er ferdige med vitnemålet, er konsekvensen at eg må lite på mediereferata for den fyrste delen av saka. Dette er sjølvsagt uheldig, men ikkje noko avgjerande problem, fordi mediereferata var relativt utfyllande for mange av vitnemåla eg ville ha observert.

2.3 *Offentlege dokument*

Eg vil nytte ein del offentlege dokument, særleg frå granskinga Oslo kommune gjorde. Desse vurderer eg generelt som pålitelege kjelder. Ein del av desse er brev utveksla mellom kommunen og dei involverte aktørane. Eit anna sentralt dokument er rapporten som kommunerevisjonen skreiv etter ei gransking der dei stilte faktaopplysningar saman med utsegn frå dei ulike aktørane. Rapporten danna grunnlaget for meldinga til politiet, og var sentral i rettssaka. I tillegg nyttar eg ein del utdrag frå ei offentlig høyring om kommunen si handsaming av saka i 1992, der involverte aktørar uttaler seg.

Eg har også fått tak i ein del skriftleg materiale knytt til straffesaka. Mellom desse er tiltalen og domsavseiinga offentlege dokument. I sjølve dommen er det ein del vurderingar av kva som har skjedd, og desse ser eg på som særskild pålitelege. Dommarane, som ikkje har noka tilknytning til saka frå før, har fått på bordet alle fakta partane ser som relevante. Ut i frå alle desse opplysningane har dei slått fast kva som er prova som sant, og kva som ikkje er heva over ein kvar tvil. I den grad dei synest dei har fått nok fakta på bordet til å slå fast at noko er prova, meiner eg dette er det tettaste ein kjem på ei mest mogleg grundig gransking av kva som har skjedd.

2.4 *Interne dokument*

Dei fleste av dei relevante dokumenta finst ikkje lenger i arkivet til AUF i Oslo, men er spreidde på ulike plassar. Relevante papir som var arkiverte i AUF i Oslo, blei konfiskerte av politiet i samband med etterforskinga. Somme av dokumenta har heller aldri blitt oversiktleg arkiverte. Ein del av dokumenta politiet fekk tak i er med i det såkalla "hovudutdraget", som inneheld dei mest sentrale bevisdokumenta til aktoratet under rettssaka. Dette har eg fått tak i. I tillegg har eg dokument eg sjølv har tatt vare på gjennom åra som aktiv (som t.d. årsmeldingar), og eg har også fått interne dokument frå somme av dei eg har intervjuet. Alle desse er sentrale kjelder som direkte vitnar om kva som har skjedd i organisasjonen, og som kan nyttast for å validere informasjon frå andre typar kjelder (jf. Bryman 1989:150).

2.5 Statistikk

Eg nyttar i ein del av oppgåva statistisk materiale frå Nielsen Norge, som gjorde ei opinionsundersøking om saka. Materialet har eg i form av prosenttabellar, slik at det er avgrensa kva form for eigne analysar eg kan gjere. Eg har freista å spore opp både rådata og absolutte tal, men Nielsen Norge har ikkje vori i stand til å finne det i arkiva.

2.6 Intervju

Eg har vald å nytte kvalitative ustruktureerte intervju framfor til dømes spørjeskjema, fordi eg ynskjer å få mest mogleg djubdeinformasjon frå respondentane. I ein intervjusituasjon vil det vere mogleg å stille oppfølgingsspørsmål og be om utdjupingar og presiseringar der noko er uklart. Det at intervjuet er ustruktureert gjer det lettare å la respondenten kome med innspel, slik at dei får gitt uttrykk for si eiga livsverd, og får sagt det dei sjølv meiner er sentralt.

Når det gjeld intervjuobjekt som kjelder, kan eg sjølvsagt ikkje gjere innsamlinga komplett i den forstand at eg djubdeintervjuar alle aktørar som var aktive i AUF i Oslo i perioden. I staden må eg sette klare og eintydige kriteria for utvalet eg tek: Eg vil fokusere på dei aktørane som var involverte i den saka eg drøftar, både frå leiinga og opposisjonen. Til saman var desse såpass få, at eg har freista å få intervju *alle* dei som så langt eg veit var mest sentrale i saka i AUF i Oslo. I den grad eg forventa at ulike aktørar sat på den same informasjonen og hadde omtrent det same å formidle, valde eg ut dei som i størst grad har vori direkte involverte. Også eit slikt ideal fekk eg vanskar med å oppfylle, fordi andre argument kom til syne. Til dømes har eg vald ikkje å kontakte ein relativt sentral person som i rettssalen hevda å hugse lite om saka.²⁵ Andre element gjorde det vanskeleg å få kontakt, som sjukdom eller reise. I tillegg sende eg ut førespurnad til ein person i AUF sentralt, som på førehand hadde tilbydd å la seg intervju. Dette gjorde eg fordi vedkommande eventuelt kunne ha kommi med interessante vurderingar av saka sett frå deira ståstad. Elles har eg ikkje prioritert å intervju folk frå “omverda” til AUF i Oslo.

Ein kan innvende at utvalet av spesielt involverte intervjuobjekt sannsynlegvis har oppfatningar om prosessen som systematisk avvik frå oppfatningane dei andre aktive medlemene hadde. Som vi skal sjå i sjølve analysen, pregar det prosessen at få medlemar visste kva som eigentleg skjedd. Difor er faren stor for at eg vil få lite igjen av informasjon om sjølve prosessen (kring økonomiarbeidet) for alt arbeidet eg må leggje ned i å intervju eit utval av alle aktive medlemar.

Med desse vurderingane og reservasjonane som utgangspunkt, har eg sendt ut til saman tretten førespurnader om intervju (sjå note for liste)²⁶. Eg har fått eitt skriftleg og eitt munnleg avslag. Tre respondentar har ikkje svart.²⁷ To av respondentane ynskte å la seg intervju saman, slik at eg til saman har gjennomført sju intervju med åtte personar. I tillegg har eg også eitt kort intervju med ein av dei same respondentane, som blei laga i samband med ei tidlegare kursoppgåve. Dei av respondentane eg har intervjuar, har i liten grad kommi med reservasjonar, og desse intervjuar er såleis sær informative. Kva som er årsakene til avslaga kan eg spekulere i, dels med støtte frå den kommunikasjonen eg har hatt munnleg eller skriftleg med dei førespurde. Eit problem er at det truleg framleis er sterke kjensler i sving, særleg med tanke på dei alvorlege konsekvensane saka har fått for aktørane, rettsleg eller sosialt. Dei fleste involverte, også dei som har vald å la seg intervju, gir uttrykk for at det er opprivande å snakke om saka. Eit anna, men verre problem reint metodisk, er at somme av respondentane ikkje har ynskt å la seg intervju i samband med ei oppgåve skriven av *meg*. Dette er det største problemet eg har hatt som resultat av at eg er knytt til den røynda eg skriv om. På den eine sida fortel avslag på eit slikt grunnlag ein del om stemninga i saka, og kan såleis nyttast som “leivningar” (Jamfør skiljet mellom “levning” og “beretning” hjå Ottar Dahl (1967:37f)). På den andre sida utgjør dette eit stort problem med omsyn til at kjeldeutvalet blir *skeivt*. Dette fordi fire av avslaga har kommi frå personar med tilknytning til leiinga i AUF i Oslo. Eg har såleis intervjuar både tre tidlegare leiarar i Innflyttaranes AUF og Brunvand og Sønstevold, og på den andre sida tre personar som ikkje var knytte til opposisjonen.

Problemet er til ein viss grad redusert ved sjølve valet av eit teoretisk rammeverk, som fyrst og fremst fokuserer på opposisjonen sine handlingsval. Dette gjer det viktig

å danne seg eit inntrykk av korleis opposisjonen har handla og tenkt gjennom prosessen, noko som føresett god tilgang til kjelder som fortel om deira *røyndomsoppfatning*. Men i tillegg må eg dokumentere kva som *faktisk* har skjedd i prosessen, og her er det viktig å ha kjelder frå leiinga så vel som frå opposisjon. Mangelen på intervju med fleire frå leiinga er vanskeleg i den grad det kan stillast spørsmålsteikn ved dei *faktiske opplysningane* eg presenterer. Dette blir til ein viss grad bøtta på ved at eg har fått intervjuer tre personar som har “stått på leiinga si side” under handsaminga av saka. Spesielt gjeld dette Bjørn Jarle Røberg-Larsen, som i heile perioden var ein av dei mest sentrale personane i leiinga. Han har i ettertid inntatt ei anna haldning enn dei andre, og leverer litt andre versjonar av kva som har gått før seg enn dei andre som blei taltale. Likevel var han plassert som ein av dei få på innsida av leiinga *då jukset gjekk føre seg*. I denne perioden var han med andre ord ein av dei som representerte den leiinga opposisjonen møtte frå 1992 til 1995. Intervjuet med Håkon Haugli, som er uavhengig av Røberg-Larsen, men som hadde god kontakt med leiinga, styrkar reliabiliteten.²⁸

Dels har eg freista å dekkje opp for tapet av intervjudata ved hjelp av skriftleg materiale der dei eg ikkje har intervjuar gir uttrykk for sine haldningar og oppfatningar av saksforholda - gjennom presseklipp, brev o.l. Med omsyn til faktiske saksopplysningar blir “holet” i kjeldegrunnlaget også erstatta ved at eg heile vegen har freista å få stadfesta faktaopplysningar via skriftlege, uavhengige kjelder, som interne dokument, kommunerevisjonen eller byretten. Den relativt store mengda av slike data gjer det etter mi meining mogleg å gjennomføre prosjektet. Slik skriftleg dokumentasjon blir samanstilt med dei munnlege framstillingane eg har. Med andre ord vil ikkje mangelen på intervju med sentrale personar vere avgjerande for å få avklart faktiske tilhøve. Trass i dei overnemnde problema meiner eg difor at det er forsvarleg å skrive oppgåva. Det kan ikkje vere slik at ein ikkje skal kunne skrive avhandlingar dersom ikkje alle partar ynskjer å la seg intervjuer av ymse grunnar. Eit slikt prinsipp ville gjere forskinga tannlaus.

2.7 *Medieinnslag*

I den grad det har vori mogleg, har eg samla dei aller fleste av avisoppslaga om saka i VG, Dagbladet, Aftenposten og Dagsavisen Arbeiderbladet, slik at dei viktigaste poenga i samband med avsløringa og det etterfølgjande ordskiftet rundt sjølve rettssaka skulle bli godt dekt. I tillegg har eg samla ein del fjernsynsinnslag på video. Dette dekkjer både innslag og program på NRK, TV2 og TV-Norge over heile perioden, men mest frå tida etter avsløringa i 1995 og rundt rettssaka i 1998.

Ein skal vere varsam med bruk av mediereferat som “beretning”, fordi dei oftast berre er indirekte kjelder. Likevel vil desse kjeldene måtte få ein del vekt i oppgåva, spesielt fordi media sjølv har vori svært sentrale i saka (Godal 1996). Til ein viss grad vil eg måtte bruke medieoppslaga som ei erstatning for andre kjelder, som til dømes egne intervju. Her må eg gå ut ifrå at folk er korrekt attgjevne når dei uttaler seg (dersom oppslaga ikkje er dementerte). Problemet blir mindre i den grad ulike mediekjelder fortel det same, til dømes når dei refererer frå rettssaka. Når vi i slike tilfelle har samanfallande opplysningar, triangulerer media på sett og vis kvarandre, ved å rapportere om dei same hendingane.

2.8 *Oppsummering*

Eg vil her gjenta poenget med å gjere eigen utgangsposisjon eksplisitt: Eg har ei haldning til emnet, og vurderingane mine vil ta farge av dette. I den grad ei slik haldning får farge innsamling og bearbeiding av materialet, trass i eige medvit om faren for dette, kan dette derimot *ikkje* forsvarast.

Alt i alt har det ikkje vori mogleg å få tak i eit så omfattande kjeldemateriale som eg ideelt sett ynskte. Problema med å få intervju med alle dei mest involverte aktørane har eg freista å minske ved hjelp av andre kjelder. Like fullt utgjer den skeive tilgangen på intervjudata ein stor veikskap i form av at eg ikkje synest eg har avdekt heile den røynda eg skriv om. Dette har leidd til at eg må ta ein del reservasjonar undervegs, og til at eg må utelate opplysningar som ikkje er godt nok dokumenterte ved hjelp av uavhengige kjelder. I den empiriske gjennomgangen vil eg måtte vere

nøye med å dokumentere påstandar. Difor har oppgåva eit stort tal notereferansar som syner til kjelder som alle er tilgjengelege for dei som måtte ynskje det.

3. Teoretisk rammeverk

“Lojalitetsfølelse er et bånd mellom medlemmer og ledelse, men et bånd som medlemmene har om livet, og lederen i hånden.”

Jens Arup Seip

Robert Michels, og tradisjonen i kjølvatnet av han, er det heiderlege unnataket frå regelen om mangel på teoretiserande arbeid kring interne partiprossar. I “Political parties” (1915)²⁹ hevdar Michels at alle organisasjonar utviklar seg til oligarki, dvs. fåmannsvelde. Michels (301) definerer ikkje eksplisitt kva han meiner med oligarki, men formulerer følgjande påstand om “oligarkiets jarnlov”: *“Det är organisation som ger upphav till att de valda härskar över sina väljare, representanterna över sine uppdragsgivare, delegaterna över dem som utsett dem. Organisation är lika med oligarki.”* Oligarkiets jarnlov er teorien om demokratiets antitese. Gjennom ein studie av det tyske sosialdemokratiske partiet, drøftar Michels ulike “tendenser som motverkar demokratins gjennomførande” (20). Han deler inn i teknisk-administrative, psykologiske og intellektuelle årsaker til utviklinga av oligarki:

3.1 Teknisk-administrative årsaker til oligarki

Når medlemsmassen kjem over eit visst tal, treng organisasjonen eit system med delegatar. Desse er i utgangspunktet tenarar for massen, men etter kvart som både mengda og kompleksiteten av oppgåvene aukar, endrar det jamlike tilhøvet seg: “Organisation [] kastar om förhållandet mellan ledarna och de ledda.” (44-45). Både gjennomføring og kontroll av oppgåvene blir flytta frå massane. For å skaffe nok kompetente folk, lagar ein eigne skoleringsopplegg: “Overallt oppfør man “drivhus” för snabbleveranser av tjänstemän [] en partiskola som utbildar personer för administrativa poster”(43). Michels peikar på at eit parti i kamp treng ein hierarkisk struktur for å vere effektive. Difor har det “kommit att betraktas som en av de högsta demokratiska dygderna att massorna underordnar sig ett litet fåtals vilja” (52). Den valde representanten går frå å vere tenar til å bli ein leiar med utstrekt handlefridom,

utanfor intern demokratisk kontroll. Medlemene har ikkje berre mindre kompetanse, men også ein livssituasjon som gjer at dei har mindre tid til partiarbeidet enn dei betalde partibyråkratane. Resultatet er at dei ikkje kan kontrollere alle avgjerder, og “tvingas överlåta dessa uppgifter till pålitliga personer som utses speciellt för detta [] och själva nöja sig med kortfattade rapporter eller revisionsberättelser” (46). Auka kompleksitet leier til sentralisering av makt, og stadig færre får delta i viktige avgjerder: “Till och med vid partikongresserna [] finner vi at det blir allt vanligare att hänskjuta de viktiga frågorna till de mörklagda utskåtsrummen.” (45) Utover overlegen kunnskap om saker og organisasjon, har leiinga fordelene av å kunne kontrollere den interne kommunikasjonen og av å disponere dei økonomiske ressursane i organisasjonen. Resultatet blir ei djup kløft i politiske ressursar. Ein formelt demokratisk struktur skuggar for ei røynd der leiinga alltid vil kunne få det som dei vil.

3.2 Intellektuelle årsaker til oligarki

Leiinga kjem ofte frå høgare samfunnslag og har meir utdanning enn dei fleste av medlemene. Sjølv i dei tilfella der leiarane er rekrutterte frå arbeidarklassen, opparbeider dei seg etter kvart ein kunnskap og røynsle som skaper avstand til den grasrota dei er rekrutterte frå. Jo meir komplisert omverda er, jo større makt får leiarane, som får kunnskap om denne. Kompetansen gjer dei uunnverlege for organisasjonen. I tillegg får dei rutine og røynsle med “politisk teknikk”. Dei blir meistre i å utnytte ulike knep og metodar “från det skickliga och ofta tvetydiga sätt på vilket en motion formuleras [] till känslofyllda vädjanden till medlemarna som har mycket litet med själva frågan att göra men som ändå gör ett djupt intryck” (79) Dei kan forvandle “den enklaste fråga till en dunkel labyrint som de är ensamma om att hitta vägen i”.

3.3 Psykologiske årsaker til oligarki

Massen er likesæle, og berre ein minoritet deltek i arbeidet. Dei idast ikkje å engasjere seg, særleg ikkje i administrative og taktiske spørsmål, som ligg utanfor deira

fatteevne. Dei har trong til å idealisere leiarane, og tru dei er ufeilbarlege. Særleg sterke blir desse kjenslene i spenningsmetta situasjonar, når fiendar går til åtak. Leiinga ber børa med å representere organisasjonen, og står fram som martyrar utan å krevje anna enn takksemd tilbake. Dersom medlemene *ikkje* skulle syne takksemd ovafor ein leiar, skuldast det at massen må *velje* mellom leiarar som stridast. Ulike eigenskapar ved leiarane aukar det psykologiske overtaket deira over massen: I tillegg til kunnskap, har dei ofte store talegåver, dei er betre til å formulere seg, verkar sjølvsikre og gir uttrykk for sterk overtyding. På grunn av fluktuasjon vil leiarane i snitt vere eldre og ha lengre fartstid i partiet enn medlemene, og “ju längre ledaren sitter vid makten, desto större inflytande får han över massorna”(90).

I tillegg til dei psykologiske eigenskapane hjå massen, peikar Michels på psykologiske eigenskapar hjå *leiarane*: Alle leiarar vil i større eller mindre grad gjennomgå ei mentalitetsendring der dei utviklar andre interesser enn massane. Dei blir borgarleggjorte fordi dei har kontakt med, og blir ein del av, den etablerte samfunnseliten, som etter kvart blir ei viktigare referansegruppe enn egne partimedlemar. Leiarane blir redde for å ta risiko, og utviklar ein forkjærleik for stabilitet. Etter kvart blir partiet i seg sjølv det viktigaste: “Från att ha varit ett medel, har organisationen således övergått till att bli ett mål.” (279). Dette målet blir viktigare enn alle andre. Leiarane vil oppfatte medlemene som mindre kompetente enn seg sjølv, og synest dei er best kvalifiserte til å avgjere kva partiet skal meine og gjere i ulike saker. Ei anna årsak til å hindre opposisjon, er at leiarane er nervøse for å miste sine egne posisjonar. Etter kvart vil vane blir rett, slik at dei ser på posisjonane som ein slags eigedom. Når leiarane “stiller posisjonen sin til disposisjon”, framstår dei som demokratiske, men reelt fungerer trugsmålet som eit maktmiddel, der leiinga spelar på at dei er uunnverlege. “Åven om deras avgångshot inte dikteras av personliga ambitioner [], resulterar de i praktiken alltid i att den stora massan underordnar sig ledaren.”(56). Konklusjonen er at leiinga til saman både har høve og motiv for å utnytte posisjonane sine og gjere organisasjonen til eit fåmannsvelde. Følgja er reelt sett ein permanent interessekonflikt mellom leiing og medlemar.

3.4 Oligarkiomgrepet

Dersom ein som eg har som føremål å eksplorere, skildre eller forstå ein organisasjon, er det ikkje kartlegging av årsaker som står i sentrum *i fyrste omgang*. Det sentrale for meg er å definere *kva ein meiner med oligarki*, for så å vurdere om omgrepet kan ha nokon *empirisk verdi*, ved at det tilfører noko i analysen av det konkrete studieobjektet. Ut i frå ein analyse der ein vurderer kva oligarkisk maktutøving inneber, kan ein eventuelt gå tilbake til årsaksdiskusjonen, og med eit *diagnostisk* føremål drøfte korleis ein kan gardere seg mot at organisasjonar utviklar seg til oligarki.

Jarnlovas far (1983:300f) ga sjølv uttrykk for at ein ikkje kan satse på enkel vinst i kampen for å demokratisere, men at hardt arbeid vil kunne føre ein nærare målet.³⁰ Ulike forskarar som har freista å undersøkje om oligarkiet er noka jarnlov, har kommi fram til høgst ulike resultat. Mykje av dette skuldast at omgrepet har blitt ståande udefinert både av Michels og andre, slik at ulike forskarar legg heilt ulike ting i det (sjå t.d. Lundgren 1991:63f; Panebianco 1988:21). Ein vil alltid finne støtte for jarnlova med ein definisjon av oligarki som at “leiinga har meir makt enn andre medlemar”, medan det vil vere tilsvarande vanskeleg å få stadfesta at “leiinga alltid handlar uavhengig og på tvers av medlemene sitt ynskje”. Ottar Hellevik (1975a:3-5) etterlyser ein meir fruktbar definisjon, der oligarki er eit *variabelt aspekt ved avgjerdsprosessar* i organisasjonar. Han meiner omgrepet er teoretisk uklårt, og tek på seg å konkretisere det ved å utarbeide ein analysemodell som kan vere til hjelp for å velje ut og strukturere data kring avgjerdsprosessar.

To ulike tesar ligg i botn av skildringa til Michels: For det fyrste at det i eit parti vil utvikle seg ein elite som kan dominere avgjerdsprosessen ved konflikhtar (tese éin). For det andre at eliten vil utvikle politiske og strategiske interesser som står i motsetning til medlemene sine interesser (tese to). Den siste av desse tesane er den mest omstridde i ordsiftet etter Michels, og ulike forskarar har søkt å definere oligarkiet utan å innarbeide denne. Somme hevdar at det for Michels sjølv var tese to, sjølve det permanente interesseavviket og ideologiske sviket, som var hovudproblemet, medan ein internt demokratisk organisasjon berre var middelet for å

halde slike avvik frå leiinga si side i sjakk (t.d. May:1965). Medlemene er tende med ein markant ideologi, og dersom leiinga i partiet sviktar denne, har dei svikta medlemene, sjølv om dei skulle ha dei same subjektive oppfatningane som leiinga. No kan det diskuterast om dette er ei riktig oppfatning av kva Michels egentleg meinte (sjå t.d. Hellevik 1975a:15 og 1975b:2). Uansett bringer eit objektivt interesseomgrep med seg eit stort problem, nemleg at det er vanskeleg å bli samde om kva som er den objektive interessa. Difor slår Hellevik (1975:16) fast at det er lettare å operere med eit subjektivt interesseomgrep, der vil det vere mogleg å finne fram til intersubjektive mål på kva som er medlemene sine interesser. Hellevik vel mellom anna ut i frå denne innvendinga å ekskludere interessedimensjonen frå sin definisjon av oligarkiomgrepet. Det same gjer t.d. Henry Valen (1968:139), som definerer oligarki som “en styreform hvor det er noen få som sitter med all makt. Det er to betingelser som inngår i definisjonen: for det første at det er en fåtallig gruppe som styrer, og for det andre at denne gruppen ikke blir holdt ansvarlig overfor de mange.”

Eg vil ikkje her ta stilling til om det er riktig å utelukke interessedimensjonen frå det vidare ordskiftet om oligarki. Likevel vil eg heilt generelt påstå at det er mogleg og forsvarleg å skilje dei ulike tesene og diskusjonane frå kvarandre, ved å hevde at tese éin kan nyttast som utgangspunkt for å definere og identifisere kjenneteikn ved dei organisatoriske prosessane der oligarkiet kjem til syne og påverkar avgjerder, medan tese to er meir relevant når ein søker svar på kvifor dette skjer. Meir spesielt for denne oppgåva er at ho handlar om reint organisatoriske konflikhtar utan politiske tilsnitt. Dette gjer det enkelt å forsvare ei avgrensing som utelukkar ein politisk interessedimensjon. Meir relevant er det kor vidt leiinga har hatt særeigne *strategiske* interesser, men ei slik drøfting fell etter mitt syn ikkje innunder denne oppgåva. Eg kan med andre ord gjennomføre ei analyse der eg studerer om prosessen var oligarkisk, utan å ta stilling til kva som var årsakene til dei standpunkta leiinga tok. I den vidare analysen av prosessen i AUF i Oslo har eg såleis vald å arbeide ut i frå korleis Hellevik tolkar, strukturerer og presiserer ein del av argumentasjonen til Michels.

3.5 Hellevik sin modell for analyse av oligarki

I artikkelen “Kan Bratteli gjøre som han vil?” (1973) tek Hellevik opp ei sentral innvending mot “oligarkiets jarnlov”, nemleg spørsmålet om korleis det skulle vere mogleg å oppnå støtte frå medlemmar og veljarar dersom leiinga handlar i strid med oppfatningane deira. Hellevik (1973:212) kommenterer: “Disse innvendingene synes avgjørende dersom påstanden om fåmannsvelde tolkes dithen at ledelsen i en hver sak handler over hodet på medlemmene, og på tvers av deres interesser. Michels gikk selv nokså langt i den retningen.” Sjølv utarbeider Hellevik (1975a:23f) ei meir smidig forståing av oligarkiomgrepet, der han som sagt ikkje føresett ein permanent interessekonflikt, og der leiinga ikkje alltid vil tvinge si linje gjennom ved ein konflikt. Ei leiing kan til dømes ha stor interesse av å minimere graden av intern splitting, fordi konflikt kan skade partiet og gje det mindre legitimitet (Kitschelt 1994:209). Hellevik (1973:213) syner til at i dei aller fleste sakene eit parti tek stilling til, er det lite grunnlag for meiningsskilje mellom leiing og medlemmar. Gjennom handsaminga av slike ukontroversielle saker, byggjer leiarane seg opp ein reserve av lojalitet og entusiasme som dei kan tære på i dei få tilfella der dei ynskjer å presse igjennom sitt eige syn. Kjernepunktet til Hellevik (1973:213f;1975a:13f) blir såleis i kva grad opposisjonelle grupper har høve til å vinne fram *i dei få sakene der det er viktig for leiinga å få gjennomslag for sitt syn*. Det er i slike tilfelle graden av demokrati versus oligarki avgjer utfallet. Ein slik definisjon ser oligarki som ein variabel; eit spørsmål om gradar av makt i organisasjonen, i tråd med Weber (1971) sin definisjon av makt som *kor sannsynleg det er at nokon får vilja si, trass i motstand* (jf. Bakka og Fivelsdal 1992:191). På same vis definerer Panebianco (1988:22) organisatorisk makt som eit variabelt og gjensidig byttetilhøve som er meir fordelaktig for ein av dei involverte partane enn for dei andre.

Spørsmålet om oligarki eller ikkje kan ein avgjere ved å ta føre seg saker der ein organisasjon er delt, og så undersøkje korleis dragkampen mellom leiing og opposisjon går føre seg (Hellevik 1975:26). Analysemodellen til Hellevik (1975a:28f) har tre dimensjonar: **1:** standpunktfordelingane slik dei utviklar seg over tid, **2:** kva som påverkar desse, og **3:** korleis avgjerda fattast. Dersom standpunktfordelingane

har utvikla seg slik at leiinga har fått fleirtal, kunne ein oppfatte ei avgjerd som demokratisk. Men ein kan også ta omsyn til dei to andre dimensjonane, ved å spørje om kva middel som er nytta for å påverke standpunkta, og korleis avgjerda er treft. Hellevik (1975a:34) sin definisjon av oligarki tek omsyn til alle dimensjonane: Vi har ein oligarkisk avgjerdsprosess når “enten ledelsen treffer et vedtak som går mot flertallssynet blant medlemmene, eller der ledelsen har oppnådd å vinne flertal [] ved å utnytte sin posisjon”. Det sistnemnde kan dei gjere ved å dra nytte av *fordelar som det er mogleg å unngå* . Ei leiing har alltid visse *uunngåelege* fordelar i meiningsdanninga, som t.d. den prestisjen og tiltrua dei i utgangspunktet har som leiingar. Ein del fordelar er det likevel mogleg å unngå å dra nytte av. Dersom leiinga utnyttar posisjonen sin til å oppnå fordelar dei kan unngå, har vi *oligarkisk manipulasjon* (Hellevik 1975a:31f).

Hellevik hevdar at oligarkisk manipulasjon er tufta på at leiinga rår over to kategoriar av virkemiddel som gjer det vanskeleg for ein opposisjon å vinne fram: For det fyrste kan dei påverke *meiningsdanninga*, ved at dei kan *overtyde, overtale* og *sanksjonere for å skape konformitet med sitt eige syn* (Hellevik 1975a:47f). Dette har å gjere med kva som påverkar standpunkta (dimensjon 2 over). For det andre kan dei utnytte fordelar i spelet om *korleis* avgjerda skal bli fatta, fordi det oftast finst store manøvreringshøve innanfor det formelle regelverket. Vi har her oligarkisk manipulasjon når leiinga vel framgangsmåtar som aukar deira sjanse for å få gjennomslag når andre vis hadde vori like eller meir rimelege (Hellevik 1975:61). Dette har å gjere med den tredje av dimensjonane over.

Hellevik (1975a:2) tenkjer seg at modellen kan nyttast som utgangspunkt for eit felles analyseopplegg eller teoretisk perspektiv for ulike case-studium. Modellen kan hjelpe til med å velje ut data og strukturere analysen av slike. Lista er ei nokså tilfeldig samling av måtar leiinga kan utnytte sin posisjon på, og kumulativ forskning på området vil utvide vår kjennskap til repertoaret av oligarkiske mekanismar. Punkta til Hellevik liknar det vi kan finne att i organisasjonsteorien som listar over maktressursar som leier til at visse aktørar har organisatorisk makt som avgjer maktspel til deira fordel (sjå t.d. Bakka og Fivelsdal 1992:190). Under vil eg gå

gjennom dei fordelane Hellevik listar opp, med ein del utfyllingar og presiseringar. (Sjå Hellevik 1975a for den opphavlege lista.) Eg vil vere fri nok i framstillinga til både å tilføre nye poeng, og til å “rydde opp” i kva som sorterer under dei ulike kategoriane. Eg vil fylle ut Hellevik sine punkt med ei liste av maktressursar som Panebianco (1988:33f) har utvikla spesielt med tanke på politiske parti. Han deler inn i seks hovudtypar av ressursar, som dels korresponderer godt med Hellevik sine punkt.

Hellevik vel som sagt å dele inn i tre typar fordelar leiinga kan velje - eller ikkje velje - å utnytte til eigen fordel i *meiningsdanninga*. For det fyrste kan leiinga på ulike vis freiste å utnytte maktressursar for å *overtyde* medlemene gjennom saksretta informasjon. For det andre kan dei *overtale* medlemene gjennom ulike typar utanomsakleg informasjon, og for det tredje kan dei ta i bruk ulike *sanksjonar* avhengig av om ein stør opp om leiinga eller ikkje. Eg vil gå gjennom desse tre typane fordelar, før eg ser på fordelar i *avgjerdsprosessen*.

3.5.1 Overtyde: kunnskap og kompetanse

Vis a vis medlemene vil leiinga vere eit utval av dei mest røynde, med mest ekspertise og kunnskap, og med mest politisk og administrativ trening. Panebianco kallar denne maktressursen for kompetanse. Hellevik peikar på at ein del av fordelane ved den overlegne kompetansen er uunngåelege, men at leiinga kan unngå andre ved å søkje å dele eigen kunnskap og innsikt med medlemene. Alternativt kan dei halde all informasjon tett inntil brystet, og leggje hinder i vegen for at opposisjonen skal få vite det dei sjølv veit. Om dei held tilbake informasjon, for så å dra nytte av dette i handsaminga av ei sak, er det ein oligarkisk mekanisme. Robert A. Dahl (1984;1989) set også opp tilgang til lik informasjon som eit av krava til ein demokratisk prosess. Prinsipal-agent teori deler på si side problemet med “asymmetrisk informasjon” inn i to: Agenten kan ha skjult *kunnskap* (relevant kunnskap som prinsipalen manglar), og kan utføre skjulte *handlingar* (utan nemneverdig kontroll frå prinsipalen) (Rasch 1997:53).

Hellevik hevdar at dei fleste medlemene ofte ikkje vil ha nok innsikt til å kunne stille dei rette spørsmåla. Generelt vil delegering av oppgåver og utstrekt opplæring

og utdanning av flest mogleg medlemmar kunne betre situasjonen. Om kunnskap om ei sak er sentralisert til visse roller, kan stor rotasjon i kven som innehar verva leie til at kunnskapen likevel til ein viss grad blir spreidd i organisasjonen. I organisasjonen kan det også finnast ein eller fleire “alternative elitar” som er kompetente og røynde nok til å kunne imøtegå leiinga. Desse kan fungere som ein opposisjon av “likemenn” (jf. også Lipset m.fl 1956). Funksjonen av ein alternativ elite er avhengig av i kva grad dei har tilgang til nok informasjon om det aktuelle stridsemnet. Eit springande punkt er såleis i kva grad leiinga er villige til å dele saksinformasjon med opposisjon, som med medlemene generelt.

Hellevik nemner under dette punktet at om det finst ein opposisjon med ein del ekspertise og kunnskap, vil leiinga kunne manipulere ved å stengje dei ute frå ordsiftet. Om opposisjonen blir stengd ute, blir vanlege medlemmar berre møtt med synspunkta frå leiinga, som dei ofte ikkje vil vere kompetente nok til å greie å argumentere godt nok mot. Utestenging av ein skolert opposisjon er såleis eit vis å halde på og utnytte eksklusiv kompetanse på. Dette punktet meiner eg det er naturleg å sjå i samanheng med “kontroll over intern kommunikasjon”, fordi det i botn og grunn handlar om det same: å hindre opposisjon i å kome til orde i organisasjonen.

3.5.2 Overtude: ekstern kommunikasjon

I organisasjonen må nokon handsame oppgåver knytt til omverda, som å halde ved like alliansar, påverke og få innspel. Gjennom å representere partiet, får leiinga kontaktar med aktørane i omverda. Det er leiinga som har formell status som formidlar av organisasjonen si rettmessige “vilje”. Meir uformelt vil dei over tid kunne byggje seg opp legitimitet gjennom stadig personleg kontakt. Leiinga får betre informasjon frå omverda enn opposisjonen, og kan formidle - eller ikkje formidle - denne vidare internt slik dei sjølv vil. Dei kan også “omvendt” sørgje for at omverda ikkje får informasjon om opposisjonen og deira oppfatningar. Sånn sett kan leiinga vere ein tosidig “buffer” som kan isolere mot kommunikasjon og forvrengje informasjon mellom indre og ytre krefter som kan truge leiinga. Panebianco (1988:207) poengterer at omverda har *ulike* arenaer der partiet handlar for å fremje eigne interesser og oppnå ressursar, og peikar så på kontroll over *finansar* som ein

eigen maktressurs som har med kontroll over omverda å gjere. Kontroll over pengekanalane avheng av dei fordelaktige kontaktane som ein organisasjonsaktør klarer å etablere med eksterne finansieringskjelder.

Leiinga representerer organisasjonen ikkje berre i kontakt med dei institusjonane organisasjonen samhandlar med, men også i kontakt med pressa. På den interne arenaen kan dei dra fordelar av dette ved at medlemene gjennom media blir møtte med leiinga sin versjon av kva organisasjonen står for. Opposisjonen har ikkje den same tilgangen på slike eksterne talerør, og langt mindre med ein tilsvarende legitimitet og autoritet. Opposisjonelle utspel i media kan bli vurdert som illojalt - noko som igjen svekkjer sjansane for gjennomslag internt.

3.5.3 Overtydde: intern kommunikasjon

Panbianco (1988:33f) ser på organisasjonar som kommunikasjonssystem, danna av kanalar der informasjon blir utveksla. Kommunikasjon som maktressurs er knytt til distribusjon, manipulasjon, forseinking eller undertrykking av informasjon. Hellevik peikar på at leiinga kan påverke kven som kjem til orde via dei formelle organisatoriske kanalane. Dette kan dei utnytte ved å overprøve eller stengje opposisjon ute frå slike kanalar. Ved å kontrollere innhaldet i informasjonen medlemene får via organisasjonen (i foredrag, aviser, skriv osv), kan dei styre biletet medlemene får av ei sak. Dette fører ikkje berre til at dei utnyttar overlegen *kunnskap* (jf. 3.5.1), men også til at alternative *tolkingar* og *meiningsytringar* blir utestengde. Leiinga kan vidare hindre at opposisjonen tek i bruk meir uformelle kanalar. Dei har ofte oversyn over kva som skjer i dei ulike delane av organisasjonen, og kan skulde opposisjonen for fraksjonering dersom dei oppdagar at desse går utanom dei vanlege kanalane. Lipset (1956:260) skildrar følgjene av dette slik: “Even if the membership is not convinced [...], the discontent remains atomized, privatized, or restricted to small politically irrelevant groups, and is not focused and organized.”

3.5.4 Overtale: mannen og ballen

Så over til korleis leiinga kan utnytte fordelar ved utanomsaklege verkemiddel, for slik å overtale medlemene til semje med leiinga. For det fyrste kan leiinga spele på at dei er uunverlege. Dei kan få det som dei vil ved å truge med å gå av, fordi mange

medlemar trur dette vil svekkje partiet. Panebianco (1988:33f) knyter denne maktressursen direkte til kompetanseomgrepet. Når leiarar trugar med å gå av, aktiviserer dei kompetansen som ein maktressurs. Ved på ulike vis å knytte sak til person, kan dei gjere det vanskeleg for ein opposisjon å få gjennomslag for sitt syn, utan samtidig å mobilisere mot leiinga som personar.

3.5.5 Overtale: lojalitet og samhald

For det andre kan leiinga overtale ved å appellere om lojalitet og samhald. Eric Shaw (1994:153) nyttar omgrepet “normativ integrasjon” for å skildre den samhaldskjensla som oppstår mellom medlemene i ein organisasjon. Dei utviklar lojalitet til organisasjonen, noko som gjerne blir knytt saman med sosiale normer om lojalitet til leiinga. Leiinga kan velje å *spele* på dette for å få gjennomslag for eigne synspunkt. Gjennom appellar om lojalitet og samhand, kan medlemene bli bedne om å samle seg om partilinja, definert som leiinga si linje: Intern opposisjon kan gis et preg av forræderi som svekkjer partiet og tener interessene til ytre fiendar (jf. Hellevik 1975a:50 og Lipset m.fl 1956:10). Jo meir fiendtleg omverda er, desto større interesse har leiinga av å styrke lojaliteten internt (Panebianco 1988:206).

3.5.6 Overtale: truverd og tillit

Fordi leiinga har overlegen truverd, kan dei for det tredje appellere om at medlemene må ha *tillit* til sine eigne fremste tillitsvalde. I utgangspunktet får ein posisjonar fordi ein har stor truverd og tillit mellom medlemene. Gjennom det daglege arbeidet blir rutinar, spelereglar, strategiar og normer, og såleis maktforståing, reproduisert. Dette skjer ved at aktørane er samde om forskjellen i makt mellom dei. Ureflektert blir dette ramma for innbyrdes relasjonar. Slik kan samanhengen mellom formell posisjon og makt forsterke seg sjølv ved at dei får større truverd *fordi dei har ein posisjon* - slik omgrepet “strukturell makt” peikar på (Christensen og Molin 1983:41f). Leiinga kan velje å spele på dette i ein konflikt, til dømes ved å setje spørsmålsteikn ved kor truverdige opposisjonen er i høve til leiinga.

3.5.7 Sanksjonar: rekruttering

Vidare kan leiinga nytte ulike typar *sanksjonar* for å få gjennomslag. Om leiinga har kontroll over rekruttering til ulike posisjonar, kan dei straffe opposisjon og løne lojalitet. Dette kan dei dels nytte som eit direkte lokkemiddel for å oppnå at eit individ skiftar standpunkt. Dels kan dei arbeide for at berre lojale medlemmar får viktige posisjonar, slik at det etter kvart blir ein sjølvstøtt del av organisasjonskulturen at det lønar seg med visse haldningar dersom ein ynskjer makt. Panebianco (1988:33f) hevdar at kontroll over medlemskap og rekruttering til posisjonar er ein av dei viktigaste maktressursane, fordi det styrer kven som får makt og karriere.

3.5.8 Sanksjonar: eksklusjon

Den andre typen sanksjon Hellevik tek opp, er høvet til formelt å ekskludere medlemmar. Formell utestenging er det mest ekstreme verkemiddelet i ein konfliktsituasjon, og gjer leiinga i stand til å bli kvitt dei mest markante opposisjonelle.

3.5.9 Sosiale sanksjonar

Vel så viktig som dei overnemnde formelle sanksjonane, er dei sosiale sanksjonane ei leiing kan nytte for å få det som ein vil i ei sak. Lipset m.fl (1956:211) peikar på at det er viktig at opposisjon ikkje blir “penalized by a marked loss of prestige”. Eit slikt punkt finn vi korkje i Hellevik eller Panebianco si liste, men teoretiske tilskot frå grenselandet mellom sosialpsykologi og sosiologi kan hjelpe oss. Eit slikt finn vi i gjengjevinga Bråten (1981:148) har av Berelson og Steiner, som ser på moglege gruppemekanismar i konfliktsituasjonar. Om nokon avvik frå gruppenormene, kan ein mellom anna reagere med å *uttrykkje misnøye* med avvikaren, med å gje *redusert formell eller uformell status* og posisjon til avvikaren, eller direkte å *støyte avvikaren ut* frå gruppa. Mekanismane nyttast for å bringe ein avvikar i samsvar med gruppenormene, men vil også ha signaleffektar til andre gruppemedlemmar som kan tenkjast å ta same standpunkt som avvikarane. Reaksjonar på normbrot avheng av kor viktig norma er for gruppa og kor viktig avvikaren er for gruppa. Sentrale folk kan tillate seg meir avvik enn andre (Bakka og Fivelsdal 1992:96). Eg vil vurdere slike

sosiale sanksjonar som oligarkiske i den grad leiinga freistar å nytte dei for å dra fordelar i konflikten med opposisjonen.

3.5.10 Fordelar i avgjerdsprosessen

I tillegg til fordelane i utviklinga av standpunkt, har leiinga kontroll over *korleis* avgjerda skal treffast. Ofte kan det vere sterk samanheng mellom handsamingsmåte og resultat. Panebianco (1988:33f) skriv at kontroll og manipulasjon av formelle reglar er ein maktressurs som tyder at ein kan velje arenaen der maktspelet skal skje. Kontroll over reglar inneber å tolerere visse avvik til visse tider, og ikkje til andre. Reglar som før har blitt oversett av dei som skulle gjennomføre dei, kan med eitt takast fram i konflikta. Maktressursar som har med formalitetar å gjere blir ikkje så lett oppfatta som maktmisbruk av andre enn dei det går ut over. Fordi alt går “etter boka”, er det vanskeleg å påvise og kritisere skeive omstende i favør av leiinga. Ein skal ha vori med lenge for å vite nøyaktig kva som er presedens i ei kvar type sak, og for å peike på om formalia systematisk blir nytta til fordel for leiinga. Det finst gjerne store manøvreringshøve innanfor det formelle regelverket, og vi har oligarkisk manipulasjon når leiinga vel framgangsmåtar som aukar deira sjanse for å få gjennomslag når andre vis hadde vori like eller meir rimelege (Hellevik 1975:61). For å gjere dette, kan ein variere ulike faktorar ved avgjerdsprosessen. Hellevik listar opp desse:

Kven som får røyste, og kvar: Leiinga kan variere kva *fora* som skal handsame saka, og på kva nivå, alt etter kvar dei har størst høve til å få fleirtal. Om forumet er ope eller lukka, kan påverke utfallet ved å styre ordskifte og votering. Geografisk plassering kan også påverke. Særleg gjaldt dette tidlegare tider, då kommunikasjon var vanskelegare, men heller ikkje i dag kan ein utelukke slike effektar.

Når ein skal røyste, og i kva rekkjefølgje: Leiinga kan påverke *rekkjefølgja* ulike organ skal røyste i, i von om at resultatata i meir lojale organ skal påverke stemninga i dei meir gjenstridige. Hellevik (1975:53) syner til den såkalla Spania-saka i DNA, som blei overlata til eit tremannsutval. Desse la fram sitt syn som “partilinja”, slik at det var vanskeleg for andre å markere usemje utan å lage mykje bråk. Tidspunktet for røystingane kan også nyttast til manipulering ved *overrumpling*, der avgjerda skjer så

raskt at opposisjonen aldri rekk å markere seg, eller *forhaling*, der ein utsett røystinga så lenge det er ein risiko for at leiinga skal tape.

Kva ein konkret skal røyste over: Ordlyden i eit framlegg kan i visse tilfelle avgjere kva som får fleirtal i salen. Leiinga kan til dømes manipulere ved å lage “leiande” formuleringar. Et anna alternativ er å skjule, tåkeleggje og overkøyre ulike alternativ. Dette kan skje at ved at leiinga eller ein redaksjonskomité “bakar saman” framlegg og lage nye “innstillingar”, slik det til dømes er vanleg at anten leiinga sjølv eller såkalla redaksjonskomitear gjer i samband med viktige møte i dei politiske partia. Ofte har leiinga innstillingsrett til eit kvart framlegg som skal opp i partiorgan. Dette tyder i ein mild form at medlemene til eit kvart framlegg får ei på førehand skriftleg vurdering frå leiinga om deira syn på framlegget (utan at opposisjonen har dei same høve til å vurdere leiinga sine framlegg). I ein strengare form tyder det at leiinga vel ikkje å leggje fram opphavlege framlegg “nedanfrå”, men berre fråsegner som dei sjølve har skrivi om emnet (som så opposisjonen må fremje eventuelle endringsframlegg til).

Korleis voteringa skjer: Utfallet av ei røysting kan avhenge av i kva rekkjefølgje dei ulike alternativa blir sette opp mot kvarandre. I tillegg kan det ha mykje å seie om røystingane er hemmelege eller opne, og kva forslag som blir “lagt i botn” for ordskifte og votering.

Kva effekt vedtaket får: Leiinga kan avgjere om vedtaket skal vere endeleg, eller om saka skal opp på nytt seinare, og om eit vedtak skal vere bindande for andre organ. Dei kan også ofte velje korleis dei skal følgje opp vedtaket, og kan tolke resultatet mest mogleg i eigen favør. Ved formelle kompromiss vil ofte leiinga kunne lese det ut av vedtaket som dei sjølve ynskjer, til dømes når dei skal presentere det for omverda eller på andre vis arbeide med saka. Særleg gjeld dette når kompromisset ikkje inneber noka reell semje, men er uttrykk for eit “minste felles multiplum” og eit forsøk på å framstå som einskapleg. Dette skjer ofte etter “klipp-og-lim”-metoden i seine nattetimar i redaksjonskomiteen. I slike tilfelle vil den gjerne vinne som til sjuande og sist er den mest legitime “tolkaren” av vedtaket.

3.6 *Min vidare bruk av modellen*

På grunnlag av funna ein får ved å undersøkje variablane over, lagar Hellevik ein oligarki-indeks med seks variablar, som ikkje utan vidare samsvarer med den overnemnde “sjekklista”. Eg vel ikkje å gå meir inn på eller nytte meg av indeksen, fordi det ikkje er viktig for meg å finne eit meir kvantitativt mål som uttrykk for graden av oligarki. Dette er meir aktuelt i studie der ein skal samanlikne ulike organisasjonar. I staden vil eg halde meg til å vurdere spørsmålet om oligarki langs dei tre dimensjonane Hellevik nemner. Fyrst må ein undersøkje om leiinga direkte har tatt avgjerder som er i strid med fleirtalssynet. I tillegg må ein spørje seg om korleis standpunkta har utvikla seg over tid. Har leiinga påverka meiningsdanninga slik at dei har oppnådd fleirtal ved å utnytte posisjonen sin? Sist, men ikkje minst, er spørsmålet: Har dei utnytta fordelar dei kunne unngått i sjølve den formelle avgjerdsprosessen? Ved å vurdere desse tre dimensjonane, kan vi få eit inntrykk av i kva grad avgjerdsprosessen har vori oligarkisk. Spørsmålet om oligarki eller ikkje blir såleis eit gradsspørsmål, og ikkje ein absolutt. Merk også at det er spørsmål om ein *prosess over tid* ber preg av å vere oligarkisk, og ikkje om ein organisasjon på eit gitt tidspunkt *er eit oligarki*.

Før eg går fatt på vurderinga om avgjerdsprosessen i AUF i Oslo, vil eg drøfte eit par innvendingar kring avgrensing av bruksområdet til modellen: Ved sida av “førekomst av konflikt” nemner Hellevik (1975:25) at det må finnast ein “organisert opposisjon” i saka for at ein skal kunne nytte oligarkiomgrepet. Denne ordbruken kan vere forvirrande, mellom anna fordi “opposisjonen sine høve til å organisere seg” i indeksen nyttast som ein variabel for å måle oligarki. Kravet må såleis ikkje innebere meir enn at det finst ei gruppe av folk som arbeider saman for at organisasjonen i ei sak skal ta eit anna standpunkt enn det leiinga vil. Med andre ord: For å utelukke assosiasjonar til krav om formelt organisert opposisjon, er uttrykket “aktiv opposisjon” meir dekkjande.³¹

Hellevik skriv også at oligarki fyrst blir synleg når leiinga møter motstand på høgare nivå i hierarkiet. Dersom motstand berre finst på lågare nivå, vil han knapt vere mogleg å registrere før leiinga allereie har fått gjennomslag (1975a:26). Her vil

eg peike på at det ikkje berre er det hierarkiske *nivået* opposisjonen kjem frå som avgjer om oligarkisk maktbruk blir “naudsyn” frå leiinga si side. Sterk legitimitet, mykje kunnskap eller høg sosial status kan vere like viktige maktressursar som formell posisjon. Ved sida av slike individuelt tilknytte eigenskapar, spelar også det samla talet (styrken) og “breidda” på opposisjonen inn. Alle slike faktorar vil, i tillegg til hierarkisk plassering, kunne vere med på å påverke i kva grad leiinga ser seg nøydde til å nytte oligarkiske maktmiddel for å få si vilje igjennom. Dersom opposisjonen har så lite maktressursar at leiinga slett ikkje treng å nytte makt for å få gjennomslag, fell situasjonen derimot ikkje inn under omgrepet oligarki, slik Hellevik definerer det.

Til slutt ein liten kommentar om kor vidt denne modellen, utarbeidd for analyse av politiske stridsspørsmål, kan vere relevant for ein konflikt av organisatorisk art: Ein eventuell skilnad er at sakkunnskapen ikkje er så utbreidd i organisatoriske saker som “kontingentsaka”. Dette kan likevel også hende i meir politiske stridar. Til dømes i visse utanrikspolitiske saker er det berre visse delar av elitane som har tilgang på all informasjon. Det same gjeld når eit parti sit i regjering, og berre partileiinga veit kva som skjer med saker som er under handsaming i departementa. Ei litt anna side av AUF-saka, er at det dreier seg om eit ordskifte som ikkje var oppe *elles* i samfunnet. Dette gjorde det vanskelegare å legitimere kvifor saka burde vere eit tema til diskusjon. Eg meiner likevel at saka liknar tilstrekkeleg mykje på politiske stridsspørsmål til at ein modell utvikla for analyse av slike prosessar kan vere både relevant og fruktbar. Vi har både eit stridsspørsmål og ein kamp mellom leiing og opposisjon i ein organisasjon.

Spørsmålet om kor vidt vi har standpunktfordelingar vil eg gå litt meir inn på: I mange saker har ein ikkje mange formelle røystingar om same sak på ulike tidspunkt. Dersom standpunktfordelingane ikkje er kjende, blir det meir komplisert å snakke t.d. om fleirtalssyn. Mangelen på vedtak kan skuldast at det ikkje alltid er like enkelt å få ei sak opp til røysting i organisasjonen. Mykje av kampen om ei sak kan rett og slett handle om å få saka akseptert som ein konflikt organisasjonsmedlemene lyt ta standpunkt til. Steven Lukes (1974) peika på “makta sitt usynlege andlet” i boka

Power: a radical view, der han skriv at aktørar ofte utøver makt ved at dei kan forhindre ordskifte om ulike spørsmål. Det finst “spørsmål som eventuelt kan bli en del av den interne debatten, men som ledelsen helst ikke vil ha på dagsorden” (Aarum Andersson og Abrahamsson 1996:104). Strategien vil vere aktuell dersom leiinga trur det vil vere lettare å få gjennomslag for ikkje å ta opp saka, enn å vinne ei røysting over det konkrete, reelle saksinnhaldet. Ein slik strategi kan innebere at eventuelle avgjerder i saka ikkje blir handsama i fora med formelle reglar for deltaking og røysting. I staden for å inngå i ein formalisert avgjerdsprosess, blir saka tatt inn i fora der slike reglar er erstatta av sosiale, uformelle mekanismar. Valen (1968:157) syner til Duverger (1954), som hevdar “at den mer artikulerte struktur motvirker eller setter grenser for oligarkiske tendenser”. I samband med omgrepet “ikkje-avgjerder” kan vi her tilføye at det gjerne er vanskelegare for ein opposisjon å nå fram der avgjerder skjer i sosiale miljø framfor å bli formelt handsama innanfor slike artikulerte strukturar. Ved å halde ei sak utanfor dagsorden, kan ein ved hjelp av sosial kontroll hindre opposisjonen i å få gjennomslag.

På same vis som leiinga kan få fleirtal i ei sak ved å nytte maktmiddel dei kunne ha unngått, kan dei freiste å definere ei sak som ei “ikkje-sak” ved hjelp av dei same mekanismane. Gitt ein konflikt mellom leiing og ein opposisjon, må vi med andre ord ikkje berre leite etter standpunktfordelingane, korleis dei har blitt påverka og korleis avgjerda har blitt fatta. Vi må også vere opne for at det ikkje finst klare standpunktfordelingar, men at leiinga har fått eit slags “fleirtal”, ved å få gjennomslag for at saka ikkje skal bli sett opp på dagsorden og røysta over. For å få til dette, kan dei ha “utnytta sin posisjon” (jf. definisjonen av oligarki over). Med desse presiseringane og kommentarane i minne kan eg nytte Hellevik sin modell i min eigen analyse av prosessen i AUF i Oslo.

3.7 Hirschman

Som nemnt innleiingsvis trengst det også eit teoretisk reiskap for å systematisere dei strategiane opposisjonen kunne ta i bruk for å endre den praksisen dei mistenkte at leiinga hadde. Kva slags val har så ein opposisjon som ynskjer å endre ein

organisasjon? For å svare på dette, vil eg ta utgangspunkt i Albert O. Hirschman, som i boka “Exit, voice and loyalty” (1970)³² presenterer ein teori som er meint å skride på tvers av faggrensene mellom økonomi og samfunnsvitskap. Han syner korleis ein kunde og ein veljar står ovafor dei same grunnleggjande vala av strategi dersom han er misnøgd med ein vare eller eit parti. Hirschman (1) går ut ifrå situasjonen når det i ein bedrift oppstår “repairable lapses”, det vil seie svekkingar som er tilfeldige, kortvarige og justerbare. Oftast er det kvalitet som er svekt, men i prinsippet kan det gjelde kva eigenskap som helst ved produktet (4). I politikken er det meir råkande å snakke om at partiet i nokons auge blir svekt når han opplever stigande misnøye med det partiet seier og gjer. “Svekking” blir med andre ord ei subjektiv oppleving av usemje. Hirschman (1f, 21f) kritiserer økonomar, og samfunnsvitarar inspirert av desse, for å ha vori altfor opptekne av at ein etablert aktør blir utkonkurrert og erstatta av andre dersom han ikkje skulle oppfylle krava frå marknaden. Dei overser at ressursar går til spille dersom ein for ein kvar mangel, feil eller kvalitetsreduksjon, skulle måtte *erstatte* aktøren. I staden peikar Hirschman (3) på at det finst to tilbakeføringsmekanismar som kan gje leiinga signal om misnøye - slik at dei betrar produktet *før* det går så langt at dei blir pressa ut av konkurransen på marknaden. Ein av desse er “exit”, den andre er “voice” (av Heidar (1975:1) omsett til “utmarsj” og “ytring”). Gjennom å nytte desse mekanismane, kan misnøgde forbrukarar gje signal til firmaleiinga om at alt ikkje er som det skal vere med produktet. Dette gir leiinga ein sjanse til å rette opp “feilen”, slik at forbrukarane får den varen dei forventar.³³ Eksistensen av slike mekanisar er ikkje minst viktige i politikken, der partia representerer ulike interesser i eit partisystem som til saman speglar konfliktlinene i samfunnet. Dersom eit parti blei erstatta kvar gong dei ein periode ikkje levde opp til forventningane, ville veljarane få eit svært ustabilt partisystem å forhalde seg til.

Hirschman peikar på at konkurranse leier til at misnøgde kundar marsjerer ut, men fyrst når desse blir mange nok, leier dette til at organisasjonen blir pressa ut og erstatta: “Competition helps to cure the temporary and remediable lapses” (22). “Utmarsj” blir ikkje eksplisitt definert, men blir nytta som “å slutte å kjøpe eit produkt/røyste på eit parti”, eller som “utmelding av ein organisasjon” (4). Somme

plassar ser det ut til at Hirschman nærast koplær omgrepet utmarsj sterkt til “resignasjon”, som når han skriv: “to resort to voice rather than exit, is for the customer or member to make an attempt at changing () rather than escape from”) (30). Med ein slik ordbruk fokuserer ein ikkje på utmarsj som ein medviten strategi for *endring*. På same vis definerer han “ytring” som “attempt at changing the practices, politics, and outputs” (30). Hirschman presiserer så at alle forsøk på å endre inneber bruk av ytring, anten ein går direkte til leiinga, kontaktar høgare instansar med intensjon om å tvinge organisasjonen til endring, eller gjennomfører ulike slags aksjonar og protestar (30). Ytring er ein mekanisme som meir enn utmarsj opnar for komplekse og presise tilbakeføringar til leiinga om kva som er problemet. Hirschman skildrar skilnaden slik: “Voice is just the opposite of exit. It is a far more “messy” concept because it can be graduated [...] It implies articulation of one’s critical opinions rather than a private, “secret” vote in the anonymity [...], it is direct and straightforward rather than roundabout.” (16)

I store delar av boka reflekterer Hirschman over *når* dei ulike strategiane vil bli nytta. På den eine sida kan utmarsj sjåast som den i utgangspunktet mest naturlege strategien, til dømes på ein varemarknad med fri konkurranse. Ytring er i dette perspektivet ein utveg når utmarsj er umogleg (som i ein monopolsituasjon). På den andre sida peikar han på at det i mange samanhengar er naturleg å sjå på bruken av utmarsj som eit resultat av utsyna til effektiv bruk av ytring (37). Med andre ord vil sjansane for å påverke organisasjonen avgjere kor vidt du ytrar deg eller resignerer (78). Institusjonell design, eller meir spesifikt; graden av internt demokrati, vil såleis påverke balansen mellom utmarsj og ytring (86).

Dei to strategiane kan nyttast kvar for seg, men kan også kombinerast. I mange typar organisasjonar vil den eine strategien vere dominerande, men i parti og andre frivillige organisasjonar, har bae strategiane viktige roller (77). I ein slik situasjon kjem omgrepet “lojalitet” inn med full tyngde. Lojalitet kan vere meir eller mindre medviten. “Unconscious loyalist behavior” inneber at ein ikkje oppdagar det om organisasjonen endrar seg til det verre, fordi ein opplever at organisasjonen er “som den alltid har vori” (91). Ein kvar medlem, medviten om eigen lojalitet eller ikkje, vil

alltid vere motvillig til “the realization that the organization he belongs to or the product he has bought are deteriorating or defective” (93).

Frå organisasjonen sin synsvinkel, er dei tende med en høg pris for å marsjere ut. Dette kan dei greie ved å etablere ei sterk lojalitetskjenne mellom medlemmar eller kjøparar, slik at utmarsj blir sett på som svik (98). I organisasjonar er prisen du må betale for utmelding gjerne sosial, til dømes ved tap av vennekrins eller livslange kontaktar (96). Hirschman peikar på at lojalitet såleis kan leie til bruk av ytring framfor utmarsj. Det er dei mest lojale som vil truge med å melde seg ut, men ikkje utan fyrst å ha kjempa for endring innanfrå: “The threat of exit will typically be made by the loyalist - that is, by the member who cares - who leave no stone unturned before he resigns himself to the painful decision to withdraw or switch” (83). Resonnementet samsvarer godt med funn om kva som motiverer såkalla “Whistleblowing”. Greve (1995:305) skriv: “Selv om det i ulike organisasjoner kan utvikles kulturer som legger vekt på “fiksing og triksing” hvor personlige eller profittsyn fører til uetisk adferd, vil det ofte være personer i organisasjonen som føler at adferden går ut over ens etiske prinsipper.” Slike personar vil freiste å varsle om problemet, det vil seie å ytre seg. Målet med varsling er å forbetre organisasjonen, og at det er *lojalitet* som får dei til å varsle (Greve 1995:300).

Dermed er det ikkje sagt at ei kvar leiing verdsett ytring. Sjølv om tilbakemeldingar i det lange løpet er til det beste for organisasjonen, vil ofte leiinga på kort sikt ynskje at tøylen er friast mogleg og vere uglade *både* for utmarsj og ytring (93). Lojalitetsfremmande institusjonar har ikkje berre som mål å hindre utmarsj, men er ofte også meint å undertrykkje ytring (92), slik at krav om lojalitet inneber krav om ikkje å protestere i det heile tatt.

Dersom ein vel å ytre seg, vil *effekten* av dette vere mindre jo mindre aktuelt utmarsj er (t.d. som ei følgje av lojalitet), fordi leiinga ikkje treng å vere redde for dette (83). På dette viset kan lojalitet leie til at leiinga anten ikkje treng å oppdage misnøye, eller at dei ikkje treng å ta det alvorleg. Undersøkingane om varsling syner at det nett er mangelen på effekt som er mest hemmande for om folk varslar. (Greve 1995:302). I ein passasje er Hirschman inne på at dersom ytring ikkje har effekt, kan

ein ekstrem lojalitet leie til at ein ikkje marsjerer ut, men i staden resignerer i passivitet innanfor organisasjonen. Såleis vil sterk lojalitet både kunne hindre effekten av ytring, samstundes som det kan gjere det uaktuelt å marsjere ut.

Hirschman (37) påstår at “once you have exited, you have lost the opportunity to use voice, but not vice versa”, og hevdar at du må forbli kunde eller medlem dersom du ynskjer å ha innverknad. Same korleis ein tolkar det: Med dei definisjonane han har gitt omgrepsparet, er det ikkje vanskeleg å gå tilbake frå utmarsj til ytring. La meg raskt argumentere for dette: Dersom ein med utmarsj berre meiner “resignasjon”, vil det vere lite vanskeleg å gå frå denne tilstanden til *igjen* å engasjere seg (ytring). Dersom ein med utmarsj tenkjer på å slutte å handle ein vare, er dette heller ikkje til hinder for *samtidig* å protestere. Folk som arrangerer boikottar av Nestlé og McDonald’s, kjenner seg neppe forplikta til å handle desse varene for å ha rettmessig grunn til protest. Sist, men ikkje minst: Dersom ein med utmarsj siktar til utmelding av ein organisasjon, hindrar ikkje dette samtidig protest *utanfrå*. Hirschman er sjølv inne på tanken om at ein ikkje treng å gje opp kampen for endring sjølv om ein melder seg ut, utan at han dermed reviderer tidlegare påstandar. Dette kjem han inn på i ei drøfting av kva som skjer når ein held fram med å bry seg om organisasjonen sjølv etter at ein har marsjert ut (99f). Ein slik medlem kan ha kvalar med å melde seg ut dersom han trur tilhøva kan betrast dersom han blir. Situasjonen kan lett oppstå dersom organisasjonen sine handlingar held fram med å ha konsekvensar for ein person, uavhengig av om han er medlem eller ikkje (99). Sagt med andre ord: “He can stop being a producer, but he cannot stop being a consumer”. (102) I ein slik situasjon hevdar Hirschman at valet ikkje så mykje vil vere mellom utmarsj og ytring, men mellom “voice from within” and “voice from without” (after exit)” (104).

Eg har freista å syne korleis omgrepsbruken til Hirschman til tider er upresis, noko som dels er eit resultat av at han freistar å gape over mange felt samtidig. Ei klargjering av omgrepa er på sin plass: Det Hirschman sjølv sagt har rett i, er at ein som melder seg ut av ein organisasjon mistar høva til å påverke *innanfrå*. Men han mistar ikkje andre høve til ytring, i form av å påverke *utanfrå*. Samstundes er det eit viktig skilje mellom situasjonen ein kunde står ovafor, og dei vala ein

organisasjonsmedlem har. Når ein partimedlem er misnøgd med organisasjonen, liknar dette lite på ein kundesituasjon, men meir på stoda ein tilsett i eit selskap står ovafor. Medan ein kunde eller ein uorganisert veljar berre har makt som konsumentar, er medlemen og den tilsette ein del av produksjonsapparatet. Til skilnad frå konsumenten, rår dei over fleire alternativ i bruken av ytring. Medan konsumenten utan fotfeste i organisasjonen må krevje endring utanfrå, kan medlemen eller den tilsette også freiste å påverke organisasjonen innanfrå. Dette inneber ikkje berre auka tilgang, men også ein viss legitimitet. Medlemen eller den tilsette kan dra nytte av organisasjonen, og freiste å få gjennomslag via formelle og uformelle kanalar. Det er ofte stor skilnad på prosessar som går føre seg i eksterne og interne kanalar. For ein medlem i ein organisasjon vil det vere eit klart skilje mellom å nytte desse interne kanalane og det å gå ut for å engasjere andre aktørar i kampen. Lojalitet spelar ei sentral rolle i dette valet. Hirschman nemner at det er skilnad på ulike typar ytring, men unngår å seie noko meir om kva skilnaden går ut på. Dersom omgrepsapparatet skal kunne vere så omfattande som Hirschman tek sikte på, ville han tent både på ei oppdeling av ulike typar ytring, i tillegg til ei klargjering av kva han meiner med utmarsj, slik eg var inne på i stad. Eg vil no sjå nærare på det sistnemnde problemet.

Hirschman er som sagt sjølv inne på at kombinasjonen av resignasjon og lojalitet kan leie til passivitet. Dette opnar for eit nytt alternativ til korleis ein kan reagere dersom ein er misnøgd. Tidlegare nemnde eg at ein *anten* kan bli passiv *eller* kan halde fram med å ytre seg utanfrå etter ein utmarsj, i tillegg til at ein kan velje å *bli verande for å ytre seg internt*. No er poenget at ein også kan reagere med *passivitet innanfor*! Som Hellevik (1975 b:7) skriv, har vi med andre ord *ikkje* ein dikotomi av ytring og utmarsj, men “to variable, det å bli værende eller å gå ut, og det å forholde seg passiv eller engasjere seg i påvirkningsforsøk. Oppfattet som to dikotomier får vi fire kombinasjonsmuligheter som alle kan tenkes realisert.” Dette kan vi teikne slik:

Tabell 3.1: Fire alternative handlingshøve om ein som medlem er misnøgd.

	Engasjere seg	Vere passiv
Bli verande	Ytring innanfrå	Resignasjon innanfor
Gå ut	Ytring utanfrå	Resignasjon utanfor

Dette klargjer dei alternative måtane ein kan reagere på “svekking” av organisasjonen med. Eg vil ta med meg spesifikasjonen vidare i min bruk av omgrepa, men vil utvikle ein eigen tabell fordi ein i tabell 3.1 heller ikkje skil mellom ulike typar ytring. Med dette utgangspunktet vil eg her revidere og nyansere omgrepsapparatet til Hirschman slik at omgrepa blir meir fruktbare som reiskap for analyse av strategiar for *ending* av organisasjonar. Tabell 3.2 er eit forsøk på ein slik revisjon. Tabellen poengterer likskapen mellom dei handlingsalternativa ein kvar som ynskjer ending i ein organisasjon har, det vere seg medlemar eller ikkje. Dei kan velje mellom direkte ytring (der ein ytrar seg til organisasjonen utan mellomledd), indirekte ytring (der ein ytrar seg ved å involvere andre aktørar som igjen kan presse organisasjonen), eller utmarsj, her definert som å freiste å presse organisasjonen til ending ved å melde seg ut eller å slutte kjøpe produkt/røyste på partiet. Skiljet mellom medlemskap og ikkje medlemskap understrekar på si side at effekten av dei ulike strategiane kan vere ulik ettersom kva verdi ein har på denne variabelen. Til dømes vil ein kunne forvente at effekten av kombinasjonen av indirekte ytring og utmarsj relativt sett er mest effektiv for ikkje-medlemar, medan for medlemar kan indirekte strategiar vere uheldig fordi dei kan bli sett på som illojale. Medlemskap er med andre ord kausalt ein bakanforliggjande variabel som påverkar korleis dei tre strategiane (som uavhengige variablar) påverkar haldningane og handlingane i organisasjonen (avhengig variabel).

Tabell 3.2: Strategiar for å endre haldningar eller åtferd i ein organisasjon.

	Direkte ytring	Indirekte ytring	Utmarsj
Intern tilgang (medlem/tilsett)	Intern strategi	Ekstern strategi	Utmelding
Ikkje intern Tilgang (ikkje medlem/tilsett)	Direkte kontakt (protestbrev e.l.)	Indirekte press (t.d. via pressa)	Boikott (Slutte å “kjøpe” produktet/røyste på)

Ein del av dei mekanismane Hirschman er inne på i samband med utmarsj, vil her gjelde indirekte ytring. Mellom anna ein del resonnement kring effekten av lojalitet kunne overførast. Lojalitet vil vere ein mekanisme som leier til at folk i fyrste omgang ytrar seg direkte. Dersom dei ikkje når fram med dette, *kan* lojalitet også hindre dei i å ytre seg indirekte, med mindre dei meiner at det til sjuande og sist er *meir* lojalt ovafor organisasjonen å freiste å endre tilhøva.

Tabellen syner at utmarsj ikkje treng å innebere at ein resignerer i form av å gi opp alle forsøk på endring. Merk at sjølve utmarsjen er definert som ein strategi for endring, det vil seie ei protesthandling der motivet er å gje ei tilbakemelding om at ein ikkje støtter organisasjonen. Ei likesæl utmelding, utan motiv om protest, vil ikkje falle inn under “utmarsj”, fordi det like lite er ein “strategi for endring” som “resignasjon innanfor” er det.³⁴ Handlingsvala dersom ein ynskjer å endre også etter utmarsj, kjem fram i nedste rad i tabell 3.2.

3.8 “Oligarki” kombinert med ytring og utmarsj


I den vidare analysen av prosessen i AUF i Oslo vil eg leggje til grunn den forståinga av omgrepa som er skildra gjennom tabell 3.2. Med dette i minne er det på tide å gå over til møtet mellom teori og empiri. Eg vil no gjere greie for korleis eg vil nytte det teoretiske rammeverket i dei komande kapitla der eg framstiller prosessen i AUF i Oslo. Eg vil kombinere dei to teoretiske omgrepsapparata vi har sett på over: oligarkiteori og “endringsstrategiar”. Sjølv om båe nyttast som

“klassifikasjonsskjema” for å halde styr på datamaterialet (jf. Andersen og Enderud 1990:93), vil bruken av dei vil vere litt ulik.

Fyrst eit par kommentarar om ei spenning mellom Hirschman og oligarkiperspektivet: Det sistnemnde fokuserer på korleis ei leiing faktisk kan overleve sjølv om dei undertrykkjer signal nedanfrå. Også Hirschman opnar for at ei leiing kan vere uinteressert i slike signal, men føresett då at organisasjonen til slutt vil tape i konkurransen, t.d. fordi folk til slutt ikkje vil vere medlemar lenger. I samanheng med denne oppgåva føresett Hirschman sitt resonnement eit kritisk aspekt: *At alle har all informasjon dei treng for å ta stilling til produktet.* Hirschman (30) skriv at modellen er retta mot forsøk på å endre ikkje berre “politics and outputs”, men også “*practices*”, (som kan dekkje emnet i denne oppgåva). Han overser likevel at det med omsyn til informasjonstilgang er eit viktig skilje mellom *produkt* (her: politikk) og *praksis*. Ein forbrukar kan lett få nok informasjon til å finne ut av om han liker produktet “Coca Cola”, men det skal meir innsats til for å vite alt om korleis produksjonen av brusen skjer. På same vis vil ein lett kunne ta stilling til om ein liker politikken til eit parti, men færre vil ha full informasjon om produksjonsprosessen, dvs. korleis organisasjonen fungerer. Tankegangen til Hirschman om at ei leiing til slutt må gje etter dersom produktet er dårleg, går med andre ord på tvers av oligarkiperspektivet om at leiinga faktisk i stor grad *kan* gjere som dei vil utan store konsekvensar. Følgjeleg vil eg presisere at eg ikkje drar med meg heile Hirschman sin modell med alle implikasjonane det ville ha. Eg vil berre dra nytte av den tankegangen og omgrepa han tilbyr for å systematisere handlingsalternativa opposisjonen har, sett *nedanfrå og opp*. Når det gjeld kva val leiinga har (sett ovanfrå og ned), vil eg la Hirschman liggje til fordel for oligarkiperspektivet. Sagt med andre ord: Hirschman tilfører i denne drøftinga dei valalternativa som fanst frå opposisjonen sin synsvinkel. Leiinga på si side hadde ein del valalternativ for å hindre opposisjonen i å nå det dei ville. Her er det Michels og Hellevik har noko å tilføre.

Når eg no skal freiste å analysere prosessen, vil eg sjå punktvis på dei ulike strategiane som var aktuelle for opposisjonen å ta i bruk, med mål om å vurdere kva

effektar dei hadde. Figur 3.1 er ei systematisk framstilling over fire ulike strategiar for å endre åtferd og haldningar i medlems- og økonomiarbeidet i AUF i Oslo: Ein innebar direkte ytring, to innebar indirekte ytring, og den fjerde innebar utmarsj.



Figur 3.1: Fire strategiar for endring av haldningar og åtferd i AUF i Oslo.

Figuren er ei vidareføring av tabell 3.2, og kan sjåast som ein variant av ein generell figur over ulike strategival ein har om ein vil endre ein organisasjon. Strategi 1 inneber “direkte ytring”. Strategi 2 og 3 er baa “indirekte ytringar”, fordi ein går via kanalar utanfor organisasjonen sjølv, men kanalane er ulike. Ved strategi 2 går “stien” via ein aktør som den studerte organisasjonen samhandlar med og er avhengig av på det området ein ynskjer endring. I denne saka gjeld dette Oslo kommune, som er den aktøren i omgjevnadene som gir den økonomiske støtta organisasjonen er avhengig av. Dei har makt til å nekte AUF i Oslo støtte dersom dei ikkje endrar praksis, og kan eventuelt bringe saka vidare til rettssystemet, dersom dei finn grunn til dette. Ved strategi 3 går stien via media (eller andre utanforståande aktørar) som ålment kan påverke andre aktørar i samfunnet, og såleis presse organisasjonen indirekte.

Medieoppslag kunne i denne saka få kommunen til å reagere, eller leie til at påtalemakta tok opp saka på eige initiativ. Oppslag i media kan også leie til så mykje negativ merksemd at organisasjonen sjølv endrar praksis. Strategi 4 inneber utmarsj, som i denne saka tydde å signalisere misnøye ved å melde seg ut av AUF i Oslo. Alle dei fire strategiane blei tekne i bruk i saka, og eg vil framover skildre dei kvar for seg. Dette vil danne strukturen rundt den vidare framstillinga av prosessen, med mål om å vurdere effektane av dei ulike strategiane for å stoppe jukset i AUF i Oslo.

Så over til kva oligarkiperspektivet har å tilføre: Oligarkiperspektivet vil bli nytta som teori som kan *hjelp oss med å forstå utfallet av dei fire strategiane*. For kvar av dei ulike strategiane vil eg vurdere i kva grad oligarkiske mekanismar påverka effekten av strategien. I kapittel 5 til 8 vil eg teste hypotesen (H1) om at opposisjonen ikkje vann fram fordi leiinga tok i bruk oligarkiske maktmiddel. Her vil eg leggje til grunn den oppfatninga av “oligarki” som eg skildra over, slik at Hellevik sin modell over oligarkiske mekanismar blir min målestokk for å vurdere bruken av oligarkiske maktmiddel. Fordi “sjekklista” til Hellevik fokuserer mest på interne tilhøve, er det naturleg å nytte denne for å strukturere framstillinga av forsøk på “direkte ytring”. I vurderinga av dei tre andre strategiane, vil ikkje interne makttilhøve ha ein like stor plass, men også her vil oligarkiperspektivet kunne vere fruktbart. Tendensar til fåmannsvelde i organisasjonen vil ikkje berre kunne påverke effekten av interne strategiar, men også om indirekte ytring og utmarsj er aktuelt, og kva effektar desse strategiane eventuelt vil kunne ha. Drøftingane i dei fire kapitla vil til saman syne kor stor støtte vi finn for hypotesen (H1).

Fordi bruk av dei ulike strategiane i saka dels har skjedd parallelt, vil framstillinga ikkje bli kronologisk. Eg har vald å gjere det slik av omsyn til det teoretiske utbyttet av studiet. Eg vel å sjå på direkte ytring fyrst, fordi dette gir det beste oversynet over dei interne tilhøva, noko som er nyttig når vi vurderer effekten av andre strategiar.

4. Kva slags organisasjon?

“Kjernen i demokratiet er nettopp at alle mennesker skal ha mulighet til innflytelse på de avgjørelser som gjelder dem selv.”

Trygve Bratteli, AUF leder i 1945, sitert på AUF sine heimesider

AUF er ein politisk organisasjon, prega av dei same aktivitetane som vi finn i moderpartiet, men samtidig har AUF særlege kjenneteikn som ungdomsorganisasjon. For å gje lesaren ei innføring i kva slags organisasjon vi skal studere, vil eg starte dei empiriske drøftingane med ei generell skildring av AUF i Oslo.³⁵ Ulike organisasjonsteoretiske retningar fokuserer på ulike aspekt: Ein rasjonell synsmåte fokuserer på det formelle, eit perspektiv på organisasjonar som “naturlege system” fokuserer på uformelle aspekt, medan eit “ope perspektiv” legg vekt på den rolla omgjevnadene spelar (Schultz 1988:12f). Utan å ta nærare stilling til desse perspektiva, vil eg slå fast at alle peikar på sider ved organisasjonar som er viktige å vite noko om før ein skal studere ein organisatorisk avgjerdsprosess. Eg vil ta føre meg formell organisasjon fyrst, delt inn i fire komponentar: aktørar, mål, teknologi og struktur (jf. Leavitt 1970:363f). Så vil eg sjå på omgjevnader og uformelle aspekt.

4.1 Aktørar

Partia er tufta på frivillig individuelt medlemskap.³⁶ Mange medlemar gir legitimitet og tilfører menneskelege og økonomiske ressursar. I dagens norske parti inneber stort sett medlemskapen ingen plikter utover det å betale kontingent. Så også i AUF: “Du bestemmer selv hvor aktiv du vil være. [] Vi trenger alle medlemmer. Det eneste kravet for å være med i AUF er at du betaler medlemskontigenten. Deretter er det ditt eget valg hva du vil være med på.”³⁷ Som medlem har ein røysterett i lokallaget sitt, og får informasjon og tilbod om aktivitetar frå AUF. Hovudtyngda av de aktive er mellom 14 og 25 år. Dei tilsette utgjer ein litt annan kategori av aktørar, sjølv om dei oftast er medlemar som gjerne har sentrale tillitsverv i organisasjonen. Fylkessekretæraner arbeider for fylkeslaga, men er tilsett av og har tett kontakt med

AUF sentralt. Fylkessekretæren kan hentast frå andre fylkeslag, men dette skjer sjeldan i Oslo, som gjerne har folk å “ta av” sjølv. I tillegg har AUF i Oslo i periodar hatt ein kontortilsett og ein valkampsekretær.


4.2 Mål

Formelt skil partia seg frå andre organisasjonar ved å stille til val. Målet er å få gjennomslag for politikken sin. På det praktiske planet er programarbeid, nominasjonar og valkamp spesifikke oppgåver for partiorganisasjonane. Partia skal mellom anna vere politiske tenkjeboksar og vedtaksorgan, som skal *samanfatte, prioritere og aggregere* interesser. Denne kompleksiteten kan gjere det vanskeleg å sameinast om klare og eintydige mål. Rundt 1990 sette AUF i gang eit organisasjonsutviklingsprosjekt. Fylkessekretærane uttrykte då frustrasjonen slik: “AUF er ikke den organisasjonen vi ynder å gi inntrykk av. Definisjoner som selskapsklubb og sentralstyrt organisasjon uten mål [] var noe av det som kom fram”.³⁸ Ein sentral del av organisasjonsutviklinga var å formulere eit felles mål, eller ein “visjon” heile organisasjonen sto samla bak. Denne visjonen er gjengitt på heimesida til AUF i Oslo: “AUFs visjon er et fritt og rettferdig samfunn, hvor økologi settes foran økonomi, og menneskelige verdier settes foran materiell velstand”. Utover denne overordna visjonen, blir politikk løpande vedteken i dei ulike formelle organa.

4.3 Formell struktur

March og Simon definerer formell struktur som *stabile åtferdsmønstre* (Christensen og Molin 1983:49). Andre definisjonar understrekar at strukturen er uttrykk for *sedvanar* (Bakka og Fivelsdal 1992:35), og utgjer eit *upersonleg* sett av normer og forventingar knytt til ulike roller (Christensen 1994:21). Bedrifter og offentleg sektor er oftast tufta på ein ovafrå og ned-struktur der leiinga har det avgjerande ordet. I dei fleste organisasjonar tufta på frivillig medlemskap er som kjent idealet det motsette, at *leiinga er tillitsvalde som skal vere talerør for medlemene*. Sjølv om det finst skilnader i korleis dei norske partia vektlegg medlemsdemokratiet, gjeld det i dag at

makt er legitimert gjennom fleirtal i medlemsorganisasjonen. Dette gjer det naturleg å sjå på partia ut i frå ein “interessentmodell”, som oppfattar organisasjonar som pluralistiske, med ulike interessentar eller interessentgrupper.



Figur 4.1: Organisasjonskart for AUF i Oslo.

AUF i Oslo er formelt bygd opp av litt over 25 *lokallag*. Flesteparten er tufta på geografi, men somme er også funksjonelt eller sosialt tufta. (Som Oslo faglege AUF, Blindern AUF og Innflyttaranes AUF.) Dei geografisk tufta laga har fått namn etter område der det ein gong fanst krefter som starta opp eit lag. Dei fleste lokallaga opererer innanfor ein bydel, og det er sjeldan to lokallag i same bydel. Lokallaga skal formelt ha årsmøte kvart år, der det skal veljast styre, og der rekneskap og budsjett skal godkjennast. I styret må det vere ein leiar og ein kasserer. Lokallaga er representerte på fylkesplan på *årsmøtet*, som er det øvste organet i AUF i Oslo. Mellom kvart årsmøte er det *representantskapen* som er det øvste organet, og dette samlast minst fem gongar i året. Representasjonen er eins i desse to organa: Laga har éin representant for kvart tiande medlem opp til hundre, og så éin for kvart tjuande

medlem. Alle lag har minst tre representantar. Årsmøtet vel kvart år eit *fylkesstyre*, som skal koordinere aktiviteten i fylkeslaget. Dei har ansvaret for den daglege drifta av organisasjonen, og er bindeledd mellom lokallaga og sentralstyret i AUF. Medlemene i fylkesstyret er individuelt valde, og ikkje representantar for laga. I fylkesstyret skal det etter lovene sitje leiar, nestleiar, økonomileiar, sekretær, studieleiar og skuleleiar, i tillegg til vanlege styremedlemar. Fylkesstyret set sjølv ned eit *arbeidsutval* (AU), som står for den daglege leiinga, og som kan få delegert avgjerdsrett. I fylkesstyret sit det vanlegvis elleve personar, i AU tre. Årsmøtet skal vidare velje ein *kontrollkomité* på tre personar, som skal gjennomgå fylkesstyreprotokollane og hjelpe til og gje råd i saker som har med lover eller økonomi å gjere. Både kontrollkomité og fylkesstyre står til ansvar for årsmøtet. Arbeidsutvalet er på si side underlagt og står til ansvar for fylkesstyret. Årsmøtet, representantskapen eller fylkesstyret kan òg setje ned *utval*, som skal arbeide med ulike saksområde over kortare eller lengre tid.

4.4 Teknologi

I AUF i Oslo er det fylkesstyret og den tilsette fylkessekretæren som har nøklar til kontoret, og såleis direkte tilgang til det meste av kontorutstyret. Laga kan nytte kontoret som arbeidsplass, og har tilgang ein del av utstyret, men ikkje til dataregisteret. Medlemslister for sitt eige lag kan lokallaga i dag tinge frå DNA sentralt. I perioden eg skal sjå på (1992-95) skjedde dette direkte frå AUF i Oslo.

Kunnskap er den viktigaste teknologien i ein partiorganisasjon. Til skilnad frå dei tilsette på dei fleste arbeidsplassar, er ikkje partimedlemene med i organisasjonen i kraft av at dei har ein spesiell kompetanse som organisasjonen treng. Organisasjonen er ikkje avhengig av den einkilde medlemen dersom han ikkje har tileigna seg mykje kompetanse gjennom lang eller høg aktivitet i organisasjonen. Eit sentralt element er i kva grad leiinga ålment er dyktigare enn medlemene. Er oppgåver og opplæring spreidd, slik at mange får om lag den same røynsla som leiinga?

I AUF i Oslo er det på grunn av alderssamansettinga i utgangspunktet store skilje i kunnskap mellom medlemene. Fylkesleiinga er stort sett nokre år eldre enn dei fleste

av medlemene. Intervjuobjekta seier at lagsmedlemene “hadde ein aldersmessig underlegenheit samanlikna med fylkesstyret, som gjorde at det rett og slett ikkje var naturleg å stille spørsmål”³⁹, og “15 til 18-åringar har stor respekt for dei som er over deg [...]. Dei har makta med at dei har kunnskapen. Samtidig som dei sit på ein posisjon.”⁴⁰

I AUF i Oslo skjer det meste av den *politiske* skoleringa gjennom lokallagsaktivitet, og gjennom representantskap og årsmøte, i tillegg til helgekurs som er opne for alle. I tillegg held AUF “leiarutviklingskurs”, der deltakarane blir plukka ut. Selektiv er også utveljinga av kven som får vere med i landsmøteførebuingane, som er ein aktivitet med stor politisk skoleringsverdi. *Organisatorisk* skolering i AUF skjer fyrst og fremst gjennom praksis. Dei fleste aktive medlemene får godt innsyn i dei organisatoriske sidene ved lokallagsarbeid, fordi det er relativt lett å få verv. Ofte får heilt ferske medlemar tilbod om å bli lagleiarar i lag som “ligg nede”⁴¹. På fylkesplan er det også ein del som har høve til å delta i organisatorisk arbeid. I 1992 og 93 var om lag 35 personar valde inn i faste verv på fylkesplan (utan at dette er nokon garanti for at alle var aktive). Med andre ord er det store høve til å opparbeide seg grunnleggjande administrativ kompetanse som aktivt medlem i AUF i Oslo. På den andre sia er organisasjonsopplæringa i liten grad formalisert. Det er sjeldan ein arrangerer kurs der ein lærar opp medlemene i administrative oppgåver eller anna formell organisasjonskunnskap. Under ei evaluering i 1992 kom det fram teikn på at den meir “teoretiske” kunnskapen om organisasjonen var låg, ved at laga til dømes hevda at mange medlemar ikkje var klar over kva funksjon og makt representantskapen eigentleg har.⁴²

Kompetanse utover dette “ålmenne” nivået er knytt til ulike posisjonar i fylkesstyre, arbeidsutval og kontrollkomité, og til stillinga som fylkessekretær. Med andre ord blir meir “spesialisert” organisatorisk kunnskap, som t.d. om økonomiske støtteordningar, ikkje aktivt freista spreidd gjennom formell opplæring. I tillegg til den spesialkompetansen kvar einskild utviklar i verv som økonomileiar eller studieleiar, aukar ein den generelle organisatoriske kompetansen ved å ha slike posisjonar. Leiinga får røynsle med fleire typar administrative oppgåver, som å

arrangere kurs og leie utvalsarbeid, og får innsyn i korrespondanse med organisasjonen si kontaktflate. Dei mest sentrale får også røynsle ved å representere organisasjonen ute i omverda, og ved kontakt og samarbeid med andre delar av rørsla. Til saman medfører slike posisjonar i fylkeslaget med andre ord ein god del tilleggskompetanse.

4.5 Omgjevnader

AUF i Oslo er eit fylkeslag i *Arbeidaranes Ungdomsfylking (AUF)*. Alle fylkeslag har to representantar i landsstyret, som er det øvste organet i AUF mellom landsmøta. På landsmøta, som er kvart anna år, er fylka representerte proporsjonalt etter medlemstal. Frå fylkeslaga møter til saman 350 delegatar, og Oslo pleier å ha litt over 30 av desse. Som eit av dei største og mest sentralt plasserte fylkeslaga, har vanlegvis Oslo fleire av medlemene av sentralstyret, men dette er ikkje ein formell rett. Med omsyn til organisatoriske føringar frå AUF til fylkeslaga spelar fylkessekretæran ei viktig rolle.

I tillegg til å vere ein fylkesorganisasjon av AUF, er AUF i Oslo ungdomsorganisasjonen til *Oslo Arbeidarparti (OAP)*, og har på dette viset to ulike “moderorganisasjonar”. AUF i Oslo er representert i partistyret, og kvart lokallag har rett til minst ein utsending til representantskap og årsmøte i OAP. Partiet vel helst sine ungdomskandidatar til vala mellom AUF-arane. Dette skjer likevel ikkje automatisk.⁴³ AUF i Oslo er ikkje bundne av vedtak i OAP, i motsetning til vedtak gjort i AUF sentralt. Dette fordi AUF i Oslo ikkje er ein av fleire likeverdige underavdelingar som til saman konstituerer OAP, slik som i AUF. Tilhøvet ber i staden preg av gjensidig representasjon. Det varierer i kva grad det lokale samarbeidet mellom lokallag i AUF og OAP fungerer. På fylkesnivå er det organisatoriske samarbeidet tettast i valkamptider. Politisk og sosialt er kontakta meir kontinuerleg: Det er vanleg at leiinga i AUF i Oslo har god kontakt med leiinga og dei tilsette i OAP. Ofte er AUF-arar tilsette på kontoret til OAP, og som politiske sekretærar på Rådhuset.

Finansieringa av AUF i Oslo skjer i hovudsak gjennom tilskot frå *Oslo kommune*. I “retningslinjer for støtte til frivillig barne- og ungdomsarbeid”⁴⁴ står reglane for

økonomisk støtte: “Som støtteberettiget medlem regnes personer i alderen under 25 år [] som har betalt sin årskontingent for hele året det søkes støtte for”. Eit lokallag må ha minst ti medlemmar under 25 år, og ha regelmessige aktivitetar for å kunne få støtte. Det er fleire typar økonomisk støtte: driftsstøtte til lokallaga, grunnbidrag til fylkeslaget (etter tal på medlemmar og lag), samt kursstøtte. I reglane legg kommunen ei føring som sentraliserer søknadsarbeidet: “Søknad fra lokallag må alltid sendes via distriktsorganisasjonen for påteging av denne”, og “Distriktsorganisasjonen fremmer søknad om driftsstøtte for sine lokallag”. Det ligg med andre ord ikkje til rette for kontakt mellom kulturkontoret og lokallaga som skal få støtta.

4.6 Uformell organisasjon

Skildringa av den formelle strukturen dannar eit bilete av ein velorganisert og relativt omfattande organisasjon. Men vi kan ikkje alltid lese av kartet korleis ting eigentleg fungerer: “Den demokratiske [...] funksjonen følger ikke automatisk av organisasjonsstrukturen” (Aarum Andersson og Abrahamsson 1996:74). “Det organisatoriske isfjellet” (sjå Bakka og Fivelsdal 1992:108) illustrerer korleis vi under overflata finn uformelle aspekt, som haldningar, verdiar, kjensler, sosiale kontaktar og gruppenormer. Skare (1994:5) samanstillar “uformell normativ struktur” og “kultur”. “*Organisasjonskultur*” blir gjerne nytta som ei samlenemning for dei verdiane, haldningane og åtferdsnormene som herskar i ein organisasjon. Kulturen er eit system av “delt meining”, eit verdsbilete som varierer frå organisasjon til organisasjon. (Bakka og Fivelsdal 1992:106-108, Robbins 1993:602). Tradisjonar avgjer: Organisasjonskultur er “særlige, traditionsbestemte mønster af normer, rutiner og myter som - overleveret fra “generation” til “generation” - får bestemte typer af forklaringer og handlinger til at fremstå som indlysende og naturlige” (Christensen og Molin 1983:57). Ved sia av ein dominerande kultur, kan ein ofte observere subkulturar, som gjerne er knytte til einskilde organisatoriske einingar (Aarum Andersen og Abrahamsson 1996:124) Uformell organisasjon kan best avdekkjast ved empiriske studie, som til dømes av ”kontingentsaka”. I dette kapitlet vil eg berre nemne eit par meir generelle poeng kring den faktiske åtferdsstrukturen.

Aktivitetsnivået i dei rundt 25 lokallaga er særers varierende.⁴⁵ Til ei kvar tid er mange av laga reelt “daude”, utan aktive medlemmar. Fylkesstyret kan då overta administrasjonen av laget.⁴⁶ Om perioden kring 92-95 seier eit intervjuobjekt til dømes: “Det var jo eigentleg berre tre lag som fungerte, medan dei fleste blei haldne i live med kunstig andedrett.”⁴⁷ Aftenposten⁴⁸ skriv: “I byretten er det fremkommet at svært mange av lagene overhodet ikke fungerte, eller nærmest gikk på tomgang.” Mykje av aktiviteten går i bylgjedalar. Dei fleste er til saman aktive eit par-tre års tid. Utskiftinga av medlemsmassen er eit typisk trekk for ungdomsorganisasjonar. Aktivistar kan bli verande i lokallaget i 1-3 år. Blir dei lenger i AUF, er det som engasjerte på fylkesnivå. Her kan dei møtast og arbeide saman med andre som er like engasjerte. På lokalplan blir det oftast mykje organisatorisk arbeid for dei få som driv laget. Også på fylkesplan kan ein til tider merke at interessa dabbar av og at rekrutteringa sviktar, noko som kan gje utslag t.d. i dårleg oppmøte på representantskapsmøte. Av om lag 150 med røysterett kan det hende at berre 40 møter opp.⁴⁹ Gjennomsnittleg fartstid i organisasjonen før du blir henta inn i fylkesstyret, kan vere eit mål på kor stor rekrutteringsbasen er. I gode periodar kan det vere vanleg at ein må ha vori lokalt aktiv i tre-fire år før ein kjem med i fylkesstyret. I andre periodar blir folk huka inn etter eit år som lagleiarar. Om perioden frå 92-94 hevdar Røberg-Larsen⁵⁰: ”Man hadde vingeklipt dei lokallaga som var. Dei som var skolerte og hadde vori med nokon år, dei hamna i fylkesstyret”.

Kommunikasjonssystemet avgjer kven som snakkar med kven og korleis informasjon blir filtrert, oppsummert og fordelt, og får følgjer for korleis deltakarar oppfattar og vurderer problem og løysingar (Flaa m.fl 1985:110). Som organisasjonskartet syner, er det ingen formelle horisontale kommunikasjonslinjer mellom lokallaga. Det er også reelt sett lite samarbeid direkte mellom laga.⁵¹ Slik kommunikasjon skjer av og til gjennom såkalla lagleiarakonferansar og planleggingskonferansar (arrangert av fylkesleiinga), og på eit uformelt nivå gjennom kontakt på kontoret. Også ein god del av den vertikale informasjonsutvekslinga (frå fylkesstyret til laga) skjer på kontoret.⁵² Uformell kommunikasjon fungerer selektivt, ved at visse personar får vite meir enn andre i same formelle posisjon (Flaa m.fl

1985:96f). I AUF i Oslo inneber det at dei som “vankar” på kontoret får ein del informasjon som andre ikkje får. Det å vere med i miljøet blir ein føresetnad for å få lik informasjon: “Du har dette med nettverket, å prate på gangen”.⁵³ Lagleiarane hevda i 92 at “fylkesstyret er ikke flinke nok til å informere laga om deres aktivitet, og deres vedtak. Det forsterker inntrykket av at fylkesstyret er en egen klikk. Fylkesstyret må passe på at de ikke kun sitter sammen med hverandre”.⁵⁴

Eit poeng det kan vere viktig å ha i mente, er at den formelle *autoritetsstrukturen* ikkje alltid treng å spegle dei reelle maktilhøva. Leiinga er den dominerande koalisjonen (jf. 1.1), dvs. den gruppa interessentar som har fleirtalet bak seg på eit gitt tidspunkt (Bakka og Fivelsdal 1992:18). Dei intervjuobjekta som sjølv sat i fylkesstyret, hevdar at det i perioden fanst eit hierarki som ikkje kom til uttrykk gjennom vedtektene eller organisasjonskartet. Reelt sett var det nokon som bestemte meir enn andre. Personar som Anders Hornslien (leiar frå 91-93) og Frode Jacobsen (m.a. tidlegare økonomileiar) skal ha hatt makt lenge etter at dei gikk av frå fylkesstyreposisjonar, og ulike kvinnelege nestleiarar skal reelt sett ha vori utan innverknad.⁵⁵ Påstandane blir understøtta av det faktumet vi seinare skal gå nøye inn i, at det var få som visste om den praksisen leiinga hadde i økonomiarbeidet.

Eit anna poeng er at det også *innanfor* ein dominerande koalisjon kan vere konflikhtar, fordi også desse er ein koalisjon av individ eller grupper.

Handlingsfridomen til ein dominerande koalisjon er med andre ord også avgrensa av “negotiations within the “decisional coalition” itself” (Panebianco 1988:14).

I ein kvar organisasjon vil det eksistere normer om kva som er rett og galt. Dei kan vere skrivne eller ikkje, men fungerer alle som referanserammer som gjer at ei gruppe menneske har dei same vurderingane (Bakka og Fivelsdal 1992:95). To ulike mekanismar leier til at ein overheld normene i ein organisasjon: *sosialisering* og *disiplinering* (Egeberg 1984; Lægreid og Olsen 1978:32). Sosialisering er den prosessen der nye medlemmar gradvis gjer rådande kunnskapar og verdiar til sine egne, og “overføringen av organisasjonens virkelighetsmodell til medlemmene kan lykkes i ulike grader” (Flaa m.fl 1985:58). Om ein overheld normene avheng av kor viktig gruppa er for deg, fordi ein tilpassar seg på grunn av ynskje om aksept og innpass

(Bakka og Fivelsdal 1992:96). I ein ungdomsorganisasjon som AUF blir gjerne organisasjonen ei viktig, om ikkje *den viktigaste*, referanseramma for dei aktive medlemene. I AUF i Oslo kjem medlemene frå alle kantar av byen. I fylkeslaget samlast dei på ulike arrangement, og meir uformelt på kontoret i sentrum. I 1992 hadde lagleiarane ei evaluering av miljøet i organisasjonen, der dei peika på at det var ein liten del av medlemene som har kontakt med kontoret, og at “miljøet på kontoret virker ekskluderende”.⁵⁶ Lagleiarane meinte at “kontoret fungerer mer som en fritidsklubb enn et arbeidssted”^{ibid:2}. Det er nett denne funksjonen som sosialt knutepunkt som gjer at mange trivast i AUF i Oslo. Her får dei venar, som dei også treff utanfor kontorlokala. Ein seier det slik: “Det at ein går på Justisen kvar kveld, befester det sosiale grepet.[...] Og å bli bedt på fest med leinga var jo stort!”⁵⁷ Ein annan slik: “Du fekk vere med av og til. Då følte du deg litt stor”.⁵⁸ På dette viset skil ungdomsorganisasjonane seg frå partia, der organisasjonen ikkje så lett blir dominerande for det sosiale miljøet til dei fleste av aktivistane ”på grunnplanet”.

Sosialisering er ein av fleire faktorar som kan bringe åtferd i tråd med normene i organisasjonen. Medan sosialisering påverkar haldningar, påverkar disiplinering sjølve avgjerda, ved at medlemen vel å setje organisasjonen sine verdiar framfor sine egne. Styrken på disiplineringa avheng ikkje berre av lojalitetskjenne, men også av faren for sanksjonar, som er reaksjonar gruppa har for å bringe ein avvikar tilbake i foldane. Jo viktigare gruppa er for den einskilde, jo fleire sanksjonshøve har gruppa. “Riset bak spegelen” kan vere utestenging frå “det gode selskap”. I 92 meinte lagleiarane at “det sosiale miljøet i AUF i Oslo er sterkt preget av klikker”, og at “fylkesstyret klarer ikke helt å skille mellom venneforhold og det profesjonelle politiske samarbeidet”.⁵⁹ I den grad dette er riktig, kan det vere kostbart å bryte med gjeldande normer. Eit sterkt sosialt miljø i AUF i Oslo er såleis ein faktor som styrkar både sosialiseringa og disiplineringa, noko som kan skape ein konform kultur med lite aksept for normavvik. Eit intervjuobjekt hevdar at “I det du var litt utanom det vanlege, blei du snakka om.”⁶⁰ Ein annan peikar på at fordi miljøet var så pass lite, står ein litt aleine dersom ein opponerer.⁶¹

Lagleiarane meinte det var eit problem at “mange er redde for å fremme forslag fordi de kan bli overkjørt av fylkesstyret”. Samstundes hevda dei at oppfølginga var dårleg når lokallaga fyrst kom med framlegg: “Fylkesstyret er for dårlege til å fremme lagas politikk. De kjører sin egen stil, noe som gir et dårlig demokratisk landskap”.⁶² Fylkessekretærene ga i 1991 uttrykk for den same typen frustrasjon i følgjande passasje i eit brev til leiinga i AUF sentralt: “Mindre klart kom det fram hvordan vi trikser med medlemstall, hvordan vi får bevilgninger ut fra mindre sanne søknader (f.eks ved kurs som aldri har vært avholdt, hvor dødt det egentlig står til i organisasjonen både politisk og organisatorisk samt hvor stor autoritetsskrek altfor mange medlemmer, tillitsvalgte og ansatte har.”⁶³ Dette brevet er det fyrste skriftlege signalet om at noko var galt i økonomiarbeidet i AUF. Litt over eit år seinare startar den konflikten i AUF i Oslo som vi skal sjå på i dei fire neste kapitla.

5. Direkte ytring

“There is one thing to conduct a genuine debate in a civilised manner. It is quite another to forgo the debate altogether”.

(Politisk kommentator om “det nye Labour”)

Kva forsøk blei gjort på direkte ytring, og kva effekt hadde desse forsøka?

“Opposisjonen” vil i dette kapitlet i fyrste rekkje referere til Innflyttaranes AUF, som i størst grad har tatt til motmæle internt, medan Per Olav Brunvand og André Sønstevold ikkje markerte seg i særleg grad som opposisjon her.⁶⁴ I løpet av dei åra innflyttarane har vori kritiske til korleis leiinga handsama søknads- og økonomiarbeidet, ser dei ikkje ut til å ha vunni fram. Hypotesen inneber at opposisjonen ikkje har greidd dette fordi leiinga tok i bruk oligarkiske maktmiddel. Vi har som sagt ein oligarkisk avgjerdsprosess når “enten ledelsen treffer et vedtak som går mot flertallssynet blant medlemmene, eller der ledelsen har oppnådd å vinne flertal [] ved å utnytte sin posisjon”. Dette inneber at ein fyrst må sjå på standpunktfordelingane, før ein går i gang med å vurdere kor vidt meiningsdanninga og avgjerdsprosessen har vori prega av oligarkisk manipulasjon. For å finne ut om leiinga utnytta posisjonen sin, vil eg gå gjennom “sjekklista” eg presenterte i kapittel 3, punkt for punkt. Dette for å setje empirien inn i ein mest mogleg tydeleg teoretisk samanheng.

5.1 Standpunktfordelingane

For å svare på i kva grad leiinga tok avgjerder som var direkte i strid med fleirtalssynet i AUF i Oslo, må vi sjå etter standpunktfordelingane. Tre organ har makt til å gjere vedtak i slike spørsmål: årsmøtet, representantskapen og fylkesstyret. I 1992 blei saka drøfta på ein representantskap, og i 1995 på eit ekstraordinært årsmøte. Vi skal seinare sjå litt nærare på korleis møta har gått føre seg, og her vil eg berre ta opp spørsmålet om standpunktfordelingar.

I 1992 kom saka opp på eit representantskapsmøte, der leiinga gjorde greie for konklusjonen i ei revisorgransking av økonomien⁶⁵, og kom med eit framlegg om kontingentrutinar. Opposisjonen hadde ikkje innvendingar mot dette, men stilte spørsmål ved sider ved saka som framlegget ikkje omtalte. Dei ville mellom anna vite kvifor leiinga hadde søkt for alt for mange medlemar på vegne av Innflyttaranes AUF, kvifor dei hadde freista å skjule dette, og kva lokallag leiinga sikta til når dei hevda at mange kontingentinnbetalingar hadde skjedd kontant, for så å bli ”rota bort på bollar og brus” i lokallaga.⁶⁶ Ein fekk ingen røystingar over det opposisjonen meinte var problemet, men framlegget frå fylkesstyret blei vedtatt.

Heller ikkje i fylkesstyret blei saka spesielt grundig handsama i 92. Fylkesstyreprotokollar frå perioden syner så langt eg kan sjå at saka ikkje var sentral i fylkesstyret sitt arbeid i perioden, og at det ikkje blei gjort nokon vedtak, utover det overnemnde framlegget til nye rutiner. Eit sentralt brev frå kommunen blir berre referert og teken til etterretning.⁶⁷ Dåverande fylkesstyremedlem Håkon Haugli meiner å hugse at saka formelt var oppe 1 eller 2 gongar, i form av at dåverande leiar, Anders Hornslien, orienterte: “Han sa ingenting om forskuttering eller liknande ting om medlemssituasjonen, men snakka ein del om at det var urettferdig å gå til kommunen for å seie at rutinene ikkje var gode. Om granskinga blei det berre sagt at “Det her kjem til å gå bra”. ”⁶⁸ Ein annan fylkesstyremedlem oppfatta det slik: “Med ein gong nokon spurde om noko, sa han [*Hornslien*] at vi ikkje måtte sjå bakover, men framover. Det er jo eit effektivt vis å leggje lokk på ein debatt på.”⁶⁹

Etter VG-avsløringane i 1995 valde fylkesstyret å overlata saka til eit utval på to personar, leiar i AUF i Oslo og leiar av kontrollkomiteen, som skulle kome med ei forklaring til kommunen. Fylkesstyret tok denne “til etterretning”.⁷⁰ På det ekstraordinære årsmøtet i 1995 meinte leiinga at årsmøtet skulle gjere det same, medan opposisjonen ville at “årsmøtet skulle vedta en forelagt uttalelse om medlemssaken”.⁷¹ Leiinga ynskte ikkje å realitetshandsame⁷² framlegget, og dette fekk dei årsmøtet med på. Bjørn Jarle Røberg-Larsen, som var sentral i leiinga fram til 95,⁷³ seier det slik: “Det var ikkje noko forsøk på å bearbeide saka, heller ikkje på det

ekstraordinære årsmøtet.” Dei konkrete standpunktfordelingane blei ikkje talde opp, og i protokollen står berre: “Vedtak: Debatten og redgjørelsen ble tatt til etterretning”.

Manglande drøftingar av sjølv søknadsarbeidet er uttrykk for vanskaner med å få saka akseptert som ein konfliktorganisasjonsmedlemene lyt ta standpunkt til. Leiinga greidde på mange vis å halde sjølv det konkrete medlems- og økonomiarbeidet borte frå den formelle dagsordenen i organisasjonen. Dette treng ikkje å ha skjedd fordi dei trudde det ville vere vanskeleg å få gjennomslag internt, men like gjerne fordi det ved eit ordskifte lettare ville ha blitt oppdaga at det ikkje berre var reint mjøl i posen, noko som kunne leidd til forsøk på “uheldige” indirekte ytringar. Handsaminga kan tolkast som eit uttrykk for det Lukes (1974) kalla makt til å definere “ikkje-saker”. Når ein vel ikkje å drøfte opposisjonelle framlegg, inneber det indirekte støtte til dei rådande tilhøva, representert ved leiinga. Mangelen på vedtak kring sjølv konfliktemnet blir då eit uttrykk for at leiinga har fått eit slags fleirtal for sitt syn utan å måtte drøfte det aktuelle saksinnhaldet. Ei slik tolking trer klarare fram i lys av kor sjeldant saka faktisk har blitt formelt drøfta i AUF i Oslo. I løpet av to relativt omfattande “saker” både i 1992 og 1995, har leiinga innkalla til to handsamingar, og desse har komi etter at saka har blitt sett på dagsorden *utanfor organisasjonen*, mellom anna i form av medieomtale.⁷⁴ 1992 blei ikkje lokallaga informerte før *etter* at organisasjonen stort sett var ferdig med prosessen i høve til kommunen.⁷⁵

Vi sit med andre ord att utan klare standpunktfordelingar som uttrykkjer støtte til leiing og opposisjon kring det som var konflikten dei imellom, men likevel har vi røystingar som indirekte syner støtte til leiinga si linje. I tråd med drøftingane i kapittel tre, tolkar eg også dette som ein form for fleirtal, men fleirtalet er ikkje uttrykk for ei klar støtte til den praksisen leiinga hadde i arbeidet. I staden er det eit fleirtal som gir leiinga fritt spelarom og tillit til sjølv å utføre arbeidet slik dei ville. Vi kan såleis ikkje slå fast at fleirtalet i AUF i Oslo støtta den faktiske måten økonomien blei handsama på, men vi kan heller ikkje påstå at leiinga handla i strid med fleirtalet. Då blir neste spørsmål i kva grad dei har utnytta posisjonen sin for å få det slik dei ville, eller med andre ord om vi kan finne spor av oligarkisk manipulasjon i meiningsdanninga og avgjerdsprosessen.

5.2 Fordelar i meiningsdanninga

I kva grad har leiinga påverka meiningsdanninga slik at dei har “oppnådd å vinne fleirtal ved å utnytte posisjonen sin”? Leiinga kan spele på ulike sakleg orienterte fordelar for å *overtyde* medlemene om at dei har rett, og eg skal vurdere desse i tur og orden: Var leiinga overlegent dyktige, og freista dei å spele på dette? I kva grad utnytta dei kontroll over intern og ekstern kommunikasjon? Eg går så over til å vurdere ulike typar *overtalande* mekanismar, for til slutt å sjå på bruken av *sanksjonar* i prosessen.

5.2.1 Overtying: kunnskap og kompetanse

For å vurdere i kva grad leiinga kunne dra nytte av overlegen kunnskap, må ein både ta omsyn til den ålmenne kompetansespreiinga i organisasjonen og til spreining av kompetanse i det aktuelle stridsspørsmålet. Store kunnskapsgap treng ikkje i seg sjølv å vere eit oligarkisk trekk, men kan avgjere i kva grad leiinga *kan* dra fordelar av å vere overlegent dyktige. I den grad dei *utnyttar* eit slikt kunnskapsgap for å vinne fram med sitt syn, kan det oppfattast som ein oligarkisk mekanisme. Ordskiftet om kunnskap har mange element, og for ordens skuld vil eg skilje dei frå kvarandre slik: I kapittel fire såg eg på korleis kunnskap generelt blei fordelt i AUF i Oslo, noko som lyt ha gitt lesaren ei viss innsikt i vilkåra for oligarkisk manipulasjon. Her og no vil eg sjå på i kva grad *opposisjonen* hadde høg ålmann kompetanse, det vil seie om dei kunne fungere som ein “alternativ elite”. Så vil eg vurdere korleis kunnskap om sjølve stridsemnet, økonomiarbeidet, var spreidd i organisasjonen. I desse drøftingane vil eg heile vegen stille spørsmålet om i kva grad leiinga søkte å utnytte fordelar *dei kunne ha unngått*.

Brunvand og Sønstevold hadde sitti i fylkesstyret 91-92, og førstnemnde hadde arbeidd ein kort periode som fylkessekretær. Det var i denne posisjonen han oppdaga jukset, før dei båe trekte seg ut av organisasjonen i januar 92.⁷⁶ Med andre ord sat dei på ein del av den tilleggskompetansen eg i kapittel fire peika på at ein fekk ved å ha verv sentralt i organisasjonen. Denne kunnskapen blei berre delvis delt med den andre delen av opposisjonen, Innflyttaranes AUF. Brunvand delte i ein periode husvære med Magne Riseng, som leia Innflyttaranes AUF i 91-93. Riseng⁷⁷ fortel at han

mellom anna fekk sjå ein del av papira Brunvand sat på, og at dette var bakgrunnen for at han ynskte laget skulle sjekke “eigne” søknadstal. Denne informasjonen delte han likevel ikkje med dei andre i laget, fordi: “Eg tenkte eg i kvart fall skulle søkje bakgrunnsdokumentasjon på at alt ikkje var som det skulle. Eg syns det viktig at resten av styret skulle vere med på oppdaginga. Då er det ikkje så mykje konspirasjon, heller. Eg ville ikkje at Innflyttaranes skulle bli tekne for at vi stempla dei på førehand.”

Også mange av medlemene Innflyttaranes AUF hadde lang fartstid i AUF, og sat på ein del “tilleggsressursar” utover kva andre lokallagsmedlemar hadde. Innflyttarane var gjerne litt eldre AUF-arar som hadde flytta inn til Oslo. Mellom medlemene fanst fleire som hadde god røynsle frå andre fylkeslag, mellom anna som fylkeslagleiarar og fylkesstyremedlemar.⁷⁸ Denne kompetansen ga seg utslag i at laget var eit av få som førte egne rekneskap (sjølv om dette eigentleg var pålagt alle laga).⁷⁹ Det synt seg også ved at laget hadde høg politisk aktivitet, med jamlege og hyppige møte, kurs og studiesirklar.⁸⁰ Ved sida av fylkesstyret var det dei som kom med flest framlegg til fråsegner i AUF i Oslo, og endringsframlegg til program for AUF sentralt.⁸¹ Både oppmøte og nivå var høgt: “Laget var veldig ressurssterkt, så ein måtte førebu seg godt for å få gjennomslag”.⁸² Fleire av medlemene var oppnemnde av AUF sentralt til å sitje i sentrale komitear og utval.⁸³ I 1993 danna dei eit lutlag med føremål å utgje ei avis, men i staden blei avisgruppa teken inn som ein eigen redaksjon under fast logo i medlemsavisa til AUF sentralt.⁸⁴ Laget hadde med andre ord ein unik politisk aktivitet, og ein del administrativ kompetanse. Denne kompetansen gjorde laget i stand til å setje spørsmålsteikn ved kva leiinga i AUF i Oslo gjorde, men ga ikkje laget noka meir konkret innsyn enn andre lag med omsyn til sjølv *saka* konflikten handla om, det vil seie om korleis AUF i Oslo registrerte medlemar og søkte om støtte. Oslo hadde eit anna system enn mange av dei andre fylkeslaga, med eige medlemsregister og kontingentinnkrevjing på fylkesplan.⁸⁵ Oslo kommune hadde også eit eige system for kommunal støtte, som innflyttarane ikkje hadde røynsle med. La oss vidare sjå på korleis denne kunnskapen var spreidd, og i

kva grad leiinga freista å nytte kunnskapsfordelar dei kunne ha unngått i konflikten med opposisjonen.

Fordi alle kontingentgiroar kom direkte til AUF i Oslo, var det berre leiinga som hadde oversyn over kven som betalde pr. giro, noko som var langt dei fleste, også før 1992, (då regelen blei at alle betalningar skulle skje over giro): “De fleste innbetalingene foregikk på giro [] (ikke gjennom lokallagene), og innbetalingene ble markert i medlemssystemet til AUF i Oslo”. Laga såg aldri giroane.⁸⁶ Det laga visste om talet på registrerte medlemmar, fekk dei vite via datautskrifter der det sto namn, adresse, telefonnummer og kontingentstatus på alle som var registrerte i laget. Lokallaga kunne oppdage feil eller manglar ved å samanlikne utskrifter med dei opplysningane dei fekk dersom dei ringte til dei som var registrerte på listene. I fyrste rekkje ringte lokallaga til dei som var registrert som ikkje-betalande, i samband med såkalla “ringerundar” for å få dei til å betale.⁸⁷ Etter dette, hadde dei ingenting med innkrevjinga å gjere: Leiinga skriv følgjande til laga: “NB! ikke send ut kontingentkrav selv, det ordner vi, slik at vi får den fulle oversikt over hvem som har sakt at de skal betale.!!!!”⁸⁸ Det ville både vere ineffektivt og gje eit rotete inntrykk dersom lokallaga skulle ringe eigne medlemmar og spørje om det faktisk var sant at dei hadde betald. Då innflyttarane ved eit tilfelle valde å gjere dette, var det som uttrykk for ein god porsjon mistanke til dei opplysningane fylkeslaget registrerte.⁸⁹

Berre utvalde personar i leiinga hadde tilgang til medlemssystemet på data, og laga fekk berre utskrifter for eige lag.⁹⁰ Difor var det vanskeleg å oppdage at leiinga ofte betalde for medlemmar som skulle vori utmelde, og flytta dei over til andre lag når eit lokallag ba om at dei skulle bli strokne frå listene deira⁹¹. Slik flytting frå aktive til passive lag skjedde i følgje Røberg-Larsen⁹² “fordi man ønsket å skjule for lagledere og andre at disse personene ikke var strøket fra listene, men faktisk betalt kontingent for”. Det er vanskeleg å sjå andre grunner til ei slik overflytting enn forsøk på å skjule at leiinga registrerte desse som betalande. Den einaste informasjonen om medlemssituasjonen i andre lag kom i form av “kontingentmeldingar” med tabellar over dei aktive laga som *prosentvis* låg best an til å nå medlemstalet frå året før.⁹³

For å dokumentere medlemstalet, skreiv leiinga ved årsskiftet ut ei medlemsliste som dei synte fram til revisor som dokumentasjon på medlemstalet. Røberg-Larsen hevdar at leiinga før utskrifta endra kontingentstatus på mange hundre medlemar og sletta fødselsdatoar på dei over 25 år.⁹⁴ Endringane blei ikkje lagra, så lokallaga kunne ikkje etterspore dei midlertidige “feilregistreringane” i seinare utskrifter. Dei kunne såleis i listene sjå at t.d. 40 medlemar var registrerte som betalande for året før, medan fylkeslaget hadde synt fram “dokumentasjon” på langt fleire. Etter VG-avsløringa i 1995 ba Innflyttaranes AUF om at representantskapen skulle å få innsyn i heile medlemsregisteret, men dåverande leiar, Ragnar Bøe Elgsaas, av slo dette ved å syne til instruks frå Rita Ottervik, sekretær i AUF.⁹⁵

Kva visste så laga om sjølve søknadene til kommunen? Det var fylkeslaget som søkte om kommunal støtte på vegne av dei ulike lokallaga (jf. kap. 4). I AUF i Oslo fekk det den følgja at alt søknadsarbeid var sentralisert: Lokallaga hadde ikkje kunnskap om kor mange medlemar det var søkt for på deira og andre lags vegne, langt mindre om kva leiinga søkte om av andre typar støtte (driftsstøtte og kursstøtte til fylkeslaget).⁹⁶ Når utbetalingane frå kommunen kom, skjedde dette samla i ein stor sum til fylkeslaget, som dei så skulle dele ut til laga etter medlemstal.⁹⁷ Lokallaga fekk informasjon i form av eit oversendingsbrev der det sto kor mange medlemar dei fekk støtte for, og kor mykje som var trekt i frå til utjamnings- og aktivitetsfond og landsmøtefond⁹⁸, pluss eventuell skuld til fylkeslaget (t.d. porto).⁹⁹ Støttesummen frå kommunen pr. medlem varierte frå år til år. Til saman var det eit ganske komplisert reknestykke, som var vanskeleg å kontrollere.

Ei anna sak er at dei aktive laga ofte fekk utbetald ein sum som ikkje var urimeleg med tanke på det medlemstalet dei sjølve *trudde* dei hadde. Under granskinga i 1995 synte det seg at oversendingsbrevane ikkje var korrekte. Kommunerevisjonen¹⁰⁰ skriv: “Et gjennomgående trekk for de forskjellige lag er for øvrig at medlemstall oppgitt i søknad til kommunen [] ikke er i overensstemmelse med oppgitt medlemstall i nevnte oversendelsesbrev” og “AUF i Oslo har oppgitt et lavere tall enn det er søkt for [] til flere av sine lokallag”. Fylkeslaget tok sjølv mellomlegget mellom det dei *sa* dei hadde søkt for og det dei *faktisk* hadde søkt for på vegne av lokallaga. “Dei pengane

vi fekk stemte jo med det vi fekk vite dei søkte om”.¹⁰¹ Røberg-Larsen¹⁰² fortel: “Vi oppgav alt for mykje til kommunen, og då pengane kom, sende vi ut eit brev til laga etter å ha rekna ut kor mykje kvart lag “trengte”, etter kor aktive dei var og kor mykje dei hadde frå før.” Han hevdar at det var einskildpersonar i leiinga som, utanfor formelle organ, avgjorde kor mykje kvart lokallag skulle få utbetald: “Vi hadde ein uformell diskusjon på det”^{ibid.} Oppsummert er det liten tvil om at lokallaga hadde minimale høve til å få oversikt over “eigne” søknader og medlemstal. Bøe Elgsaas stadfesta også i retten “at ledelsen i lokallagene ikke hadde noen mulighet til å føre kontroll, hverken med egne penger eller medlemslister”.¹⁰³

Ein gong i året fekk laga tilgang til informasjon om økonomien i sjølve fylkeslaget, då leiinga la fram rekneskapa for godkjenning på årsmøta. Rekneskapa blei ikkje lagt ut på førehand, men blei både delte ut og samla inn att i løpet av møtet.¹⁰⁴

Kommunerevisjonen kommenterer: “Muligheten har med dette vært liten for det enkelte medlem til å få oversikt over det regnskapet som medlemmet skal være med på å godkjenne”.¹⁰⁵ Ei anna sak er at det ikkje kom fram i noka rekneskap eller liknande korleis fylkesleiinga disponerte kontoar i “daude lag”. Andre økonomiske disposisjonar i samband med jukset, kom heller ikkje fram ^{ibid:m.a.20f}.

No kunne det vere at kontrollfunksjonane i staden var overlatne til fylkesstyret, men det var heller ikkje tilfellet. Også her var det vanskeleg å få innsyn i økonomien, trass i at det var dette organet som formelt hadde ansvaret. I 1992 var ikkje dei eg har definert som opposisjon representerte i fylkesstyret, men éin person freista gjentekne gongar å ta opp det manglande innsynet i økonomien: Håkon Haugli¹⁰⁶ plasserer seg sjølv slik: “Eg var ikkje ein del av nokon opposisjon. Eg hadde ei anna rolle, og var fortruleg med leiinga.” Opposisjonen seier: “Vi så på han som en av Anders [Hornslie] sine venner.”¹⁰⁷ Haugli fortel mellom anna dette om kvifor han og opposisjonen ikkje samarbeidde: “Eg kjende dei ikkje. Dessutan trur eg Innflyttaranes var usikre på om dei kunne stole på meg, som var ein del av “establishmentet” og miljøet kring leiinga.” Ut i frå denne posisjonen freista Haugli på eiga hand å auke innsynet i økonomien i AUF i Oslo. Han kom med fleire merknader i fylkesstyret, der

han mellom anna tok til motmæle mot at rekneskap og budsjett også i fylkestyret blei utdelt og samla inn att i løpet av møtet.¹⁰⁸

Kunnskapen om økonomien var med andre ord sentralisert, slik at det reelt sett berre var få personar som hadde innsyn. I 95 sa leiinga at det berre var folk som hadde vori leiarar, økonomileiarar, fylkessekretærar og til dels nestleiarar, som hadde kjennskap til korleis medlemspraksisen frå 92 hadde vori.¹⁰⁹ Kommunerevisjonen slår fast at det var “en engere krets i ledelsen i AUF i Oslo” som utførte og kjente til dei metodene ein nytta i medlemsarbeidet.¹¹⁰ I tillegg til at kunnskap om emnet var knytt til få posisjonar, var det i perioden 91-95 dei same personane som gjekk att i desse (sjå note)¹¹¹ I kontrollkomiteen sat personar frå tidlegare leiingar.¹¹² Til dømes var Hornslien leiar i kontrollkomiteen i 1993-94.¹¹³ Kommunerevisjonen peikar på at ei årsak til mangelen på kontroll med økonomien, var “for liten avstand mellom kontrollkomiteen og fylkestyreledelsen”.¹¹⁴

Vi har no sett at medlemene generelt ikkje hadde god sakkunnskap om emnet. For å avgjere kor vidt leiinga nytta oligarkiske mekanismar, må finne ut i kva grad dei freista å halde kunnskap for seg sjølv, og i kva grad dei faktisk *drog fordelar* av å vere åleine om kunnskapen. Fordi mykje av den kunnskapen leiinga sat på hadde med kommunikasjon med omverda å gjere, vil eg kome tilbake til konkrete døme på skuling av slik informasjon i avsnitt som handlar om kontakt med omverda. Her vil eg nøye meg med meir generelle poeng om korleis leiinga var avhengige av denne sentraliseringa av kunnskap for å kunne halde fram slik dei ynskte.

Røberg-Larsen¹¹⁵ hevdar at lokallaga medvitent blei ført bak lyset av leiinga i fylkestyret. Dei andre frå leiinga er samde i at få kjente til kva som skjedde, men hevdar at dei ikkje freista å halde praksisen hemmeleg: “Vi går sterkt i mot den oppfatning at man kan konkludere med at ordningen er bevisst forsøkt hemmelig fordi få kjente til den”.¹¹⁶ Dei hevdar også at det er merkeleg dersom andre fylkestyremedlemar eller lagsaktivistar ikkje var klar over eller ”hadde tanke for” at det blei forskotert.¹¹⁷ I dommen i byretten heiter det: “Vitneforklaringene fra samtidige AUF medlemmer og tillitsvalgte i AUF i Oslo viser at forskutteringen ikke var almindelig kjent i organisasjonen”.¹¹⁸ Ordninga var “ikke behandlet eller vedtatt i noen

av AUF i Oslos besluttende organer”, og ble finansiert på en fordekt måte, slik at det ikke går frem av regnskapet”.¹¹⁹ Kommentarer frå medlemmar er til dømes at: “Dette er forhold vi over hodet ikke kjenner til” og “Det er bare en liten gruppe som har vist om jukset”¹²⁰, og at lokallaga ikkje kan ha visst kva som skjedde, for “da ville de ha reagert”.¹²¹ Kommunerevisjonen hevdar at jukset “har latt seg gjøre bl.a. som følge av manglende organisering av intern kontroll og tilsyn med økonomiforvaltningen”, og at “forskoteringa” blei skjult for eigen organisasjon “fordi en hadde grunn til å tro at en slik ordning ikke ville bli akseptert”.¹²² Dei skriv at dei “har hatt samtaler med mange lokallagsledere og fylkesstyremedlemmer som først har fått kjennskap til ordningen gjennom media. Vi sitter igjen med et sterkt inntrykk av at “forskutteringsordningen” [] ikke ville blitt akseptert i en demokratisk prosess i organisasjonen”^{ibid:5} Også Røberg-Larsen¹²³ meiner at: “Om organisasjonen reelt sett var meir demokratisk, ville folk ikkje akseptert medlemsjuks”. Sjølv om leiinga ikkje fekk noka vedtak mot seg, er det med andre ord langt frå sikkert om leiinga hadde fått støtte for den *praksisen* dei hadde i arbeidet dersom denne hadde blitt kjend.

5.2.2 Overtydning: ekstern kommunikasjon

Leiinga sin fordel av å vere dei som legitimt representerer organisasjonen i omverda, gir dei fordelar ved eventuelle forsøk på opposisjonell indirekte ytring til aktørar i omverda, men kan også takast i bruk for å påverke effekten av direkte ytring. I kapittel 6 og 8 vil eg kome tilbake til i kva grad leiinga i AUF i Oslo drog nytte av denne fordelten for å møte forsøk på indirekte ytringar. I dette avsnittet skal eg fyrst sjå på kva fordelar leiinga hadde i den interne konflikten som følgje av at dei hadde kontroll over kommunikasjon med omverda. I tillegg vil eg drøfte korleis utfallet av “slag på ekstern mark” *indirekte* påverka effekten av dei interne ytringane som skjedde parallelt.

På nyåret 1992 kom Innflyttaranes AUF med eit spørsmål som skulle syne seg å bli opptakta til den årelange interne konfliktsituasjonen mellom lokallaget og fylkesleiinga.¹²⁴ Lokallaget spurte økonomileiaren i fylkeslaget kor mange medlemmar dei hadde søkt for 1991, fordi dei ville budsjettere inntektene for det komande året. Leiinga ba lokallaget om ikkje å kontakte kommunen, men ville heller ikkje sjølv gje

laget eit nøyaktig svar.¹²⁵ Lokallaget skildrar det som så skjedde slik: “Vi så oss lei på ca. svar, og ringte kommunen v/Borghild Haddal og fikk oppgitt at det var søkt for 96 personer. Det var ikke i samsvar med det vi fikk opplyst fra økonomileder og vi fant det urimelig høyt i forhold til 1990 støttegrunnlag som var 55 stykker.”¹²⁶ Frå april til august 1992 freistar lokallaget i fire møte med leiinga, og gjennom annan munnleg kontakt, å få vite kvifor det er søkt for så mange og kvifor leiinga hadde gitt dei eit anna tal. Laget krev at tala som er levert kommunen på vegne av dei må rettast opp. Leiinga hevdar at det er ein feil som ikkje skal bli gjentatt, men går ikkje med på å rette opp søknaden før i juni. Samtidig ber innflyttarane om å få sjå søknaden frå året før, for å sikre seg at det ikkje var feil også her. På eit møte med leiar og nestleiar får dei sjå eit oppkopiert ark som dei “ikke finner tilfredstillende”.^{ibid} Dei ynskjer å få stadfesta talet frå revisor, men leiinga hevdar at han ikkje er å få tak i. Tone Ljoså¹²⁷, som i 92 sat i styret i Innflyttaranes AUF, fortel: “Eg følte det var ein ugjennomtrengjeleg mur. Vi kunne jo ikkje bryte oss inn på AUF-kontoret og finne papira, liksom. Det var dei som hadde nøkkel til skapa og som hadde legitimiteten til å gå inn og finne fram ting og ikkje finne fram ting.[...] Det utstrålte av ein tanke av dels at det var veldig mistenkeleggjerande når vi stilte spørsmål ved om dei hadde gjort jobben sin riktig. Dels at det var noko vi som lokallag ikkje hadde noko med, for det var dei som hadde ansvar for å forhalde seg til Oslo kommune, og det skulle vi liksom ikkje blande oss i.” Innflyttarane ringer til slutt fleire gongar til kommunen for å få stadfesta søknadstala for 1990, fordi dei “syntes det var for vanskelig gjennom AUF”.¹²⁸ Dei blei då “nektet innsyn i dette og ble henvist til fylkeslaget”.¹²⁹

Etter representantskapsmøtet i august, der organisasjonen drøfta medlemsaka, får laget vite frå fylkessekretæren at det for 1990 blei søkt for 115 personar.¹³⁰ Det kopierte arket dei hadde fått sjå var forfalska med korrekturlakk, slik at det i originalen sendt kommunen sto “115”, medan det i kopien dei hadde fått sjå, sto “55”¹³¹ (som også var omtrent det talet dei hadde fått vidarebetald støtte for).

Lokallagleiaren meiner at dette “tyder i sterk grad på at de ville skjule for oss hva de hadde oppgitt til kommunen.”¹³² Laget tok opp saka på representantskapa i august, og hevdar at Anders Hornslien då innrømde at “AUF i Oslo bevisst løy for Innflytternes

AUF”.¹³³ I retten stadfesta også Bøe Elgsaas at “fylkesstyret, med Anders Hornslien i spissen, nektet laget innsyn, ga feilaktige informasjon og holdt tilbake penger det skulle ha krav på.”¹³⁴

Etter at saka sprang i media i 95, var vilja litt større til å dele informasjon med opposisjonen: Innflyttarane kravde at all relevant informasjon måtte fram, og ba om at representantskapen skulle få innsyn i korrespondansen med kommunen og AUF sentralt om saka, og alle revisjonsrapportar og søknader for dei siste åra.¹³⁵ Dåverande leiar, Bøe Elgsaas, skriv at dei skal få tilgang på revisjonsrapportane, og at søknadene skal bli tekne med på årsmøtet. Om korrespondansen med AUF sentralt skriv dei at han er munnleg, medan rapporten til kommunen er “unntatt offentlegheit” og “vil derfor kun bli lest opp for årsmøtet”.¹³⁶ Kommunerevisjonen kommenterer at *dei* ikkje har noko med å krevje at AUF i Oslo sine egne dokument skal haldast hemmelege. Tvert imot finn dei det underleg korleis det i AUF i Oslo “så ut til å eksistere et underlig hemmelighetskremmeri”.¹³⁷

Under granskinga i 1992 hadde leiinga også meir *indirekte* fordelar av å vere åleine om kontakta med omverda, ved at det som skjedde under kommunegranskinga påverka rammevilkåra for den interne konflikten. Som vi skal dokumentere i neste kapittel, leidde dei *indirekte* ytringane frå opposisjonen korkje til at dei fekk særleg meir informasjon, eller til at dei kunne påverke prosessen i kommunen. Lokallaga fekk under granskinga ingen informasjon frå leiinga om kva som blei granska og kva som blei sagt. I eit brev som blei sendt laga for å skaffe prov på at lokallaga gjekk gode for medlemstala sine, står det *ingenting* om granskinga, berre at lokallaga skal rette opp på eventuelle feil i datautskriftene, og så stadfeste at opplysningane er riktige (jf. 6.1).¹³⁸ “Vi visste ikke hva som foregikk av granskning, fordi vi heller ikke fikk noen informasjon via AUF [] AUF i Oslo prøvde å få oss til ikke å sende noen brev og si noen ting til kommunen foreløbig uten at vi visste helt hvorfor”.¹³⁹ Fyrst gjennom media får lokallaga vite litt om kva som var på gang: Lagleiarane reagerte: “Det ble stilt spørsmålstegn ved at lokallagane ble informert så sent, og at de først ble informert gjennom media”.¹⁴⁰

Då opposisjonen såg korleis leiinga i media forklarte det som hadde blitt oppdaga under den kommunale granskinga, tok dei det opp internt: “Vi gjekk ganske sterkt ut [...] for vi følte at Anders [Hornslie] prøvde å leggje skulda for veldig mange medlemmar på nokre lokallag, og vi meinte at det var umogleg å ha nytta så mange pengar på bollar og brus i AUF i Oslo, og at medlemssystemet ikkje fungerte på den måten som han sa med innkrevjing i lokallaga.”¹⁴¹ Innflyttarane ynskte å informere representantskapen om ”uklarheter vedrørende medlemstall i eget lag”. Vidare ville dei at revisorrapporten skulle delast ut til representantskapen, og at Hornslie skulle utdjupe påstandar han hadde hatt i media, om at lokallaga hadde tatt inn kontingentar utan å betale dei vidare til AUF i Oslo. Dei ville vite kva lag det gjaldt, og i kva omfang.¹⁴² Hornslie svarte at “så langt det var mulig vil fylkesstyret etterkomme kravene, men de er ikke villige til å henge ut enkeltpersoner eller enkeltlag. Anders tar på seg det hele og fulle ansvar for det som har skjedd. At pengene har forsvunnet i noen av lagene er en av mange forklaringer”.^{ibid}

Til kommunen og revisor ga Hornslie ei framstilling av kontingentarbeidet som la det meste av skulda på lokallaga, fordi dei hadde samla inn om lag 650 kontingentar kontant, for så å unnlata å betale dei vidare.¹⁴³ Han hevda at: ”Det er lokallagene som har ansvaret for kontingentinnkrevningen”, og ”Vi er overbevist om at en vesentlig del av kontingentoppgjørene fortsatt ligger hos lokallagene”.¹⁴⁴ I neste kapittel skal vi kome tilbake til at kontantinbetalingar ikkje var så vanlege, og til korleis leiinga produserte brev til lagleiarane som aldri blei sende, men som dei synte revisor som prov på at *alle* lokallaga skulde fylkeslaget for kontant innbetalde kontingentar. Men etter spørsmål internt sa Hornslie altså at dette var *ein av mange forklaringar*.

Opposisjonen sitt krav om informasjon møtte leiinga ved å seie at dei ikkje *ville* gje informasjon. For å rettferdiggjere dette, la Hornslie vekt på at han *forsvarte* lokallaga. Eit intervjuobjekt tolkar det slik: “Han skulde på laga samtidig som han tok dei under sine vingar for å beskytte”.¹⁴⁵ Han seier han tek *på seg* ansvaret, fordi han ikkje vil *henge ut* andre. (Jf. også 5.2.5.) Denne ordbruken går att mange plassar der Hornslie forklarar rotet. På spørsmål om korleis ting har skjedd, svarer han at han sjølv sagt tek på seg det fulle og heile ansvaret. Ein plass seier han det slik: “Jeg

har stått for det jeg har gjort. [...] Jeg har det der i kroppen, å stå for meg sjøl. Ikke snike meg unna”.¹⁴⁶ Samstundes gjer ordbruken det klart at han meiner årsaka til jukset ligg hos andre: Følgjande passasje frå eit intervju med TV2¹⁴⁷ kan illustrere dette:

- Du hadde ansvaret for dette og kjente til dette den gang?
- Jeg hadde ansvaret for det i 1992, ja, og jeg kan ikke fraskrive meg det ansvaret.
- Kjente du til ordningen?
- Ja, selvfølgelig - eller: Jeg kan ikke dytte ansvaret nedover her. Det er jeg som leder som hadde ansvaret for hva som skjedde i 92, og det ansvaret må jeg stå for. Uansett hvor ubehagelig det er, så er jeg nødt til å gjøre det. Jeg har ikke noe annet valg.

Både eksternt og internt poengterer han med andre ord at det er andre som har skulda, men at han formelt sett har ansvaret. Internt leia denne strategien til at leiinga slapp å gje informasjonen opposisjonen kravde, ved å seie at det var nokon *andre* som hadde gjort noko leiinga ikkje ville seie noko om. Følgja var at laga i etterkant av granskinga berre fekk informasjon i form av høgtlesing på representantskapen av ein sammandragsrapport frå revisor.¹⁴⁸ Elles fekk dei ikkje vite noko meir om kva som hadde blitt granska, kva leiinga hadde forklart, eller kva som konkret blei avdekt. Det er liten tvil om at leiinga i den interne kampen drog store fordelar av at opposisjonen ikkje fekk innsyn i korrespondansen med kommunen og revisor. Når ein i ettertid les dokument frå granskinga, er det lett å peike på ulike informasjonar som opposisjonen kunne ha spreidd vidare i AUF i Oslo for å få oppslutning om eigne mistankar om at det blei juksa. Med meir informasjon kunne dei ha oppdaga at leiinga systematisk hadde søkt for fleire medlemar enn laga hadde fått utbetald støtte for¹⁴⁹, noko som ville styrkt høvet deira for å få gjennomslag internt. Såleis hadde leiinga direkte fordelar av å kontrollere den eksterne kommunikasjonen.

Dei meir indirekte fordelane, som var konsekvensar av korleis det samtidige ”slaget på ekstern mark” utvikla seg, var også store: Dersom opposisjonen hadde hatt tilgang på kommunikasjonen med kommune og revisor, kunne dei ha informert kommunen om uriktige påstandar frå leiinga, som til dømes at kontantinnbetalingar skjedde i stor grad. Ved å halde dei to arenaene skild, og vere einaste aktør som

opererte på b e, kunne leiinga sjonglere med informasjon, og p st  og vektleggje ulike ting p  dei ulike arenaene, utan at opposisjonen greidde   avsl re kva som skjedde. Resultatet var at leiinga slapp unna granskinga med stemplet “rot” i 1992¹⁵⁰, og dette p verka ogs  effekten av den direkte ytringa. Opposisjonen kunne bli stempla som br kmarakarar som hadde freista   sverte organisasjonen, medan leiinga hadde greidd   reinvaske seg for mistankane om medvitent juks. Korleis leiinga vurderte fors ket fr  Innflyttaranes AUF p    kontakte kommunen, kjem fram i dette sitatet: “Det burde de ikke ha gjort, mente Elgsaas, fordi det “ikke var organisasjonsmessig ryddig”.¹⁵¹ Innflyttarane skriv at: “Innad i AUF har det blitt rettet sterkt s kelys mot Innflytternes AUF - laget har blitt stemplet som syndebukker i saken”, medan Brunvand meiner at “ved   gi s nne opplysninger som vi gj r der, s  gj r vi oss selv politisk d de”.¹⁵²

Leiinga kan ogs  velje   utnytte sin fordel av   vere dei som legitimt kan g  ut i *pressa* med sin versjon. Leiande personar i AUF i Oslo var fleire gongar ute i media, b de i 1992 og 1995.¹⁵³ Det er inkje oppslag der nokon som samtidig fungerer som opposisjon internt st r fram med sitt syn.¹⁵⁴ I 1992 dukka det opp eit oppslag i Arbeiderbladet der Brunvand blei mistenkjeleggjort som ansvarleg for  konomikaoset i AUF i Oslo, og som insinuerer at han har undersl tt pengar fr  organisasjonen. Avisa skriv mellom anna “Selv om det er leder Anders Hornslien som offisielt har det fulle ansvaret for den situasjonen lokalpartiet n  er havnet i, var det likevel den tidlige ungdomssekret ren som var n kkelmannen i beregningen av medlemstallet”.¹⁵⁵ Avisa m tte seinare dementere p standane i artikkelen, etter at Brunvand truga med   ta opp saka i Pressas faglege utval.¹⁵⁶ Ingen av granskingane har p  noko vis knytt Brunvand til juks eller rot, og det er naturleg   sp rje kvar desse p standane kom fr . Artikkelen syner mellom anna til eit revisornotat som i f lgje Brunvand¹⁵⁷ ikkje var offentleg. R berg-Larsen hevdar at soga om underslag var ei l gn som Hornslien og dei andre i leiinga fortalde til revisor, og at dei fekk Arvid Jacobsen, redakt r i Arbeiderbladet, til   ta opp saka. Redakt ren var far til Frode Jacobsen, tidlegare  konomileiar og d verande leiar av kontrollkomiteen.¹⁵⁸ Artikkelen var skrivi av faren til R berg-Larsen, d verande  konomileiar i AUF i

Oslo. Det er såleis relativt god grunn til å tru at leiinga både visste om og stod bak artikkelen. Brunvand¹⁵⁹ er ikkje i tvil om kvifor oppslaget kom: “Strategien var å få stoppa kjeften på oss.” Røberg-Larsen stadfestar at meininga var å svekkje truverd det til Brunvand og flytte fokus for rotet bort frå leiinga.¹⁶⁰

5.2.3 Overtydning: intern kommunikasjon

Ved å hindre at opposisjon kjem til orde, kan leiinga kontrollere innhaldet i informasjonen medlemene får, slik at desse berre får høyre leiinga sin versjon, som dei gjerne ikkje er kompetente nok til å imøtegå. I AUF i Oslo hadde opposisjonen som sagt få formelle høve til å kome til orde for å starte ein reell debatt om saka. På dei to møta der saka blei drøfta, haldt leiinga orienteringar om sitt syn, før andre representantar kunne ta ordet i korte innlegg; “to ganger i samme sak med tre minutters taletid”.¹⁶¹ Opposisjonen hadde med andre ord ikkje det same høvet som leiinga til å leggje fram si oppfatning av saka.

Ein alternativ kommunikasjonskanal er interne medium. I 1995 avviste redaktør for medlemsavisa til AUF i Oslo, Erik Dugstad, eit lesarinnlegg frå leiaren i Innflyttaranes AUF, Pål-André Lund¹⁶², om korleis årsmøtet hadde handsama konflikten. Lund reagerte slik: “Skal det ikke være mulig å føre en åpen og skikkelig debatt i våre egne organer om det som har skjedd på vårt eget årsmøte?”.¹⁶³ Redaktøren svarer at han “vil etterstrebe en fri meningsutveksling”, men at han ikkje vil trykke brevet “da ditt uttalte mål om å skape samhold vil bli skadet av en slik publisering”.¹⁶⁴ Leiinga si oppfatning kjem derimot på trykk: “Det var en viss stemning for hoderulling i salen; rent personlig var jeg tilfreds med at vi lar saken bli behandlet ferdig i kommunen før vi trekker våpen mot de skyldige”. Sjølve saka blir ikkje kommentert, utover at dei hevdar at ein fekk gjennomgått henne “til bunns, noe alle trengte”, og vidare: “Ragnar Bøe Elgsaas gikk av som leder på en måte som det sto respekt av. Alle kort på bordet og vedkjennelse av ansvar er den riktige ånd i slike sammenhenger. Vi vil savne deg i høstens fotballkamp mot unge høyre.”¹⁶⁵ Opposisjonen hadde ynskt at møtet var opent for alt utanom “levande bilete”.¹⁶⁶ Avisa kommenterte denne sida av saka slik: “Da var det vel kanskje betimelig at vi likesågodt kastet ut hele gjengen med en gang. Lange i maska måtte fjernsynsfolk

[...] konstatere at flere timers arbeid [...] var bortkastet (HE-HE-HE Der fikk de sensasjonslystne utsugerne det de fortjente).” Elles bringer dei hyggjelege personprofilar både av den nyvalde leiaren, Marte Gerhardsen, og ein tidlegare leiar, Anders Hornslien (utan at sjølve saka blir nemnd).

I tillegg til at dei hadde kontrollen over formell kommunikasjon, kunne leiinga legitimt snakke med lokallaga for å kome med sine synspunkt. Som vi såg i kapittel fire, skjedde mykje av kommunikasjonen på eit uformelt plan, og det var sterke sosiale band i organisasjonen. Røberg-Larsen peikar sjølv på dei mange personlege relasjonane han hadde som ein viktig grunnlag for makt.¹⁶⁷ Opposisjonen gir uttrykk for at uformelle kanalar var vanskelege å nytte, fordi “Vi kjente ikkje så veldig mange andre så godt.”¹⁶⁸ Brunvand og Sønstevoid¹⁶⁹ fortel at i mange av laga var det alltid “nokon som var kompis med leiinga”, og at: “Vi ville ikkje prate med kven som helst, for vi visste det ville komme til leiinga, og då blei på ein måte alle skotta stengde med ein gong. Vi visste ikkje kven vi kunne stole på, rett og slett i ei sånn sak.”

I følgje Røberg-Larsen¹⁷⁰ nytta leiinga ofte høvet til å ta uformell kontakt framfor representantskapsmøta: “Vi sørgja for å ringe rundt til sentrale folk, og gjere klart korleis ting skulle vere. Vi kalde det mobilisering til rep-skapsmøte”. Han hevdar at leiinga ringte rundt til laga etter at opposisjonen ytra seg til kommunen, for å seie at nokon ville hemne seg ved å kome med falske skuldingar.^{ibid} Opposisjonen på si side vurderte det slik at forsøk på uformell kontakt med andre lag - med mål om å påverke deira syn på konflikten - høgst sannsynleg ville bli nytta mot dei: “Vi var veldig redde for at vi skulle bli stempla som fraksjonistar [...] Vi hadde ei veldig sterk kjensle av at det å snakke saman lett ville bli stempla som å rotte seg saman mot nokon.”¹⁷¹

Riseng, hevdar at han som leiar i Innflyttaranes AUF likevel tok kontakt med eit anna lokallag for å høyre om dei kjende seg att i skildringa om at det var lokallaga som “rota”. Han hevdar vidare at “Det blei nytta mot meg som person, at eg hadde konspirert mot leiinga i AUF i Oslo”.¹⁷² Røberg-Larsen¹⁷³ svarer slik på spørsmål om korleis dei reagerte på slike forsøk: “Vi synst jo det var jo heilt forferdeleg, grusomt, de motarbeidde oss jo, det var illojalt omtrent.” På spørsmål om kva ein opposisjon legitimt kunne gjere, er svaret “Det skulle ikkje vere ein opposisjon!”

Eit skriftleg døme på korleis ein møter “ureglementert” kommunikasjon, ser vi når Brunvand og Sønstevold i januar 1992 sende ut eit brev til lagleiarane og miljøgruppa i AUF i Oslo, der dei fortel kvifor dei hadde trekt seg frå fylkesstyret. Leiinga sitt “motbrev” kommenterer framgangsmåten slik: “Brevet [] har blitt sendt uten å informere ledelsen.[] Organisatorisk er dette en forkastelig gjerning”, og “Vi forutsetter at gode tillitsvalgte holder seg til de spilleregler man har i en organisasjon. Disse har [] blitt brutt av Per Olav og André”.¹⁷⁴ Brevskrivarane hevdar i dag at dei forsto framgangsmåten var uheldig, men: “Du merka at du ikkje hadde noko nett. Du hadde ikkje høve til å seie din versjon av saka, fordi alt blei styrt ovafrå. Dei fleste i venekrinsen min, dei var på sidelinja. Dei visste jo alt. Men dei som var på den andre sida, ville ikkje fått noko informasjon om vi ikkje hadde gjort det på den måten.”¹⁷⁵

5.2.4 Overtaling: mannen og ballen

I 1992 kopla leiinga saka til spørsmålet om eigen posisjon. Hornslien hevda at han “trakk seg umiddelbart dersom noen ymtet frempå om det, men levnet ingen tvil om vilje til å rydde opp i det kaotiske medlemsregisteret dersom han fikk fortsette”.¹⁷⁶ “Blir jeg en belastning for partiet, går jeg av”. Då innflyttarane var kritiske til det som hadde skjedd, opplevde dei det som at leiinga hevda at laget ville kaste dei: ”Det å sette spørsmålsteikn ved kva dei gjorde, utover det dei sjølve ynskte fortelje oss, blei oppfatta som eit spørsmål om dei var verdige til å sitte i fylkesstyret.”¹⁷⁷ Så vanskeleg oppfatta lokallaget situasjonen at styret sende følgjande brev ut til eigne medlemmar: “Styret vil avkrefte de ryktene som er satt ut om at Innflytternes AUF har brukt denne saken for å få avsatt ledelsen i AUF i Oslo, det som er gjort har kun vært gjort for å få klarhet i de økonomiske forhold mellom Innflytternes AUF, AUF i Oslo og Oslo kommune”.¹⁷⁸ Røberg-Larsen¹⁷⁹ fortel at leiinga oppfatta det som om opposisjonen var ute etter å slå mynt på saka.

Koplinga mellom sak og person gjorde det vanskelegare for lokallaget å få gjennomslag i saka. Riseng ordlegg seg slik: “Dei som var for Anders, dei var mot Innflyttaranes. Han prøvde å dra det over på det personlege plan.”¹⁸⁰ Haugli oppgir same grunn for viset *han*, som hadde god kontakt med leiinga, freista å ta tak i økonomiproblemet på: “Instinktivt visste eg det ville bli tatt infamt og gjort personleg.

Mi løysing var å gjere eit organisasjonsproblem til eit juridisk/økonomisk problem, for å unngå det personlege.”¹⁸¹

I 1995 valde leiinga å stille plassane sine til disposisjon etter kvart som saka rulla i media, “for å bidra til at det skapes ro omkring AUF i Oslos virksomhet”.¹⁸²

Personspørsmålet kom likevel opp, i form av spørsmålet om sammenhengen mellom personkritikk og kritikk av økonomiarbeidet. Opposisjonen skreiv sjølv følgjande: “I organisasjonssaker der det stilles spørsmål om våre tillitsvalgtes opptreden, vil det alltid være vanskelig å skille mellom sak og person. Noen vil si det er umulig. Jeg har selv gjort det klar overfor både Ragnar [Bøe Elgsaas] og Bjørn Jarle [Røberg-Larsen] at uansett hvordan kontingentsaken utvikler seg, så skal ingen [...] bli støtt ut i det ytterste mørke.”¹⁸³ Under møtet haldt likevel lagleiaren eit innlegg med følgjande ytringar: “Noen i Fylkesstyret med sentrale posisjoner har misbrukt AUF i Oslos tillit”.¹⁸⁴ Laget hevda også at ansvaret “ligger ikke i uklare retningslinjer”, men “hos de ansvarlige i AUF i Oslo”.¹⁸⁵ I den grad dei gjorde eit forsøk på å skilje ballen og mannen, lukkast dei truleg ikkje. Kritikken blei imøtegått med argument om at dei gjekk til åtak på personar: “På møtet i går ble Innflytternes AUFs innsats bedømt på mange forskjellige måter. HEKSEJAKT og FORHÅNDSDØMMING var blant de beskyldningene som Innflytternes hadde vanskeligst for å svelge”.¹⁸⁶

Oppsummert meiner eg det kan tyde på at leiinga i 1992 drog fordelar som dei kunne ha unngått, fordi dei kopla eigen posisjon til saka. I 1995 er biletet meir komplekst. Det er ikkje usannsynleg at det var vanskeleg for opposisjonen å få gjennomslag for saks-standpunkta sine, fordi det blei sett på som personkritikk. I kva grad koplinga var eit resultat av at leiinga freista å stemple all kritikk som personkritikk, har eg ikkje grunnlag for å vurdere.

5.2.5 Overtaling: lojalitet og samhald

At medlemene har lojalitet til organisasjonen er ikkje i seg sjølv eit oligarkisk trekk. Ei anna sak er det om leiinga freistar å spele på appellar om lojalitet og samhald for å få støtte for sitt syn. Påstår dei at det er illojalt eller splittande for organisasjonen dersom nokon meiner noko anna enn leiinga? Som vi såg over blei eit lesarinnlegg frå opposisjonen avvist med at det ville svekkje samhaldet i organisasjonen om

opposisjonen fekk sin versjon på trykk. At opposisjonen opplevde det som om dei møtte dette argumentet også på sjølve årsmøtet, kjem fram i brevet leiinga ikkje ville trykkje: “Forslaget vårt ble møtt med argumenter om at AUF i Oslo måtte holde sammen. Debatten kunne oppfattes dithen at Innflytternes AUFs hensikter på et eller annet vis sto i et motsetningsforhold til samhold i AUF i Oslo”.^{ibid}

Då Innflyttaranes AUF i 92 ville vite kva lokallag Hornslien snakka om då han hevda det var dei som “rota”, svarte Hornslien som sagt at leiinga ikkje var villige “til å henge ut enkeltpersoner eller enkeltlag”.¹⁸⁷ Haugli¹⁸⁸ tolka det slik: “Når Anders syntte til at han ville beskytte laga, trudde eg ikkje det, men oppfatta det som ein taktikk for ikkje å diskutere det Innflyttaranes spurte om”. Ljoså¹⁸⁹ fortel ho freista å seie det var “dårleg gjort” å skulde på lokallaga, men hevdar at dei likevel blei sitjande att som “dei slemme som prøvde å hengje ut dei andre og vere ekle”. Dersom vi også jamfører med kva som kom fram under 5.2.2, kan det alt i alt sjå ut som om leiinga freista å hevde at opposisjonen med sine spørsmål søkte å splitte AUF i Oslo, medan leiinga tok ansvaret for å halde organisasjonen samla. I følgje opposisjonen freista leiinga også å insinuere at dei var illojale og ikkje til å stole på i høve til ei fiendtleg omverd. Dei hevdar at Hornslien grunn gav dokumentforfalskinga (jf. 5.2.2) med at “Innflyttaranes ville bruke alt mot dei, og at vi ikkje forsto situasjonen”¹⁹⁰, og at leiinga “ikke hadde følt at de kunne stole på oss, og var usikre på hva vi ville bruke tallet til”.¹⁹¹

5.2.6 Overtaling: truverd og tillit

Røberg-Larsen¹⁹² opplevde det slik at leiinga automatisk hadde autoritet, fordi medlemene oppfatta dei som dyktige, flinke folk som ein kunne stole på: “Eg sat i fylkesstyret, så folk meinte at eg truleg hadde greie på det.” (Jf. også 4.6.) Spørsmålet er om leiinga freista å *spele* på ei slik tillit. Då innflyttarane frå våren 1992 og framover kravde innsyn og informasjon om økonomi- og søknadsarbeidet, fekk dei inntrykk av at kritikken dei reiste blei sett på som utidig, fordi “det var fylkesstyret som var kompetente til å handsame saka, og vi måtte ha tillit til at dei gjorde det ordentleg”. (Jf. også 5.2.2.)

Utover å syne direkte til eige truverd, kan leiinga freiste å stemple opposisjonen som lite truverdige. At dei gjorde dette ovafor aktørar i omverda, skal vi kome tilbake til i neste kapittel. Men også internt freista leiinga å så tvil om kor truverdige opposisjonen var vis a vis leiinga: Brunvand og Sønstevold fortel at dei blei “utsatt for rykter og baktaleleskampanjer i AUF-miljøet”, og hevdar at dette er vanleg for å “sette negativ fokus på enkeltpersoner, for å svekke disse personenes troverdighet”.¹⁹³ Røberg-Larsen¹⁹⁴ stadfestar: “Vi ringte rundt [...] og sa dei hadde hemnmotiv, så ein måtte ikkje tru på det i det heile tatt. Dessutan hadde Pello [Brunvand] hatt eit nervøst samanbrot, og var jo gal, og hadde stukki av med kontingentpengar som ikkje hadde kommi til rette.” Riseng frå Innflyttaranes AUF¹⁹⁵ opplevde det slik: “Når heile saka kuliminerte med ekstraordinært rep-skap, så var det jo eit hovudtema at eg budde saman med Pello. Så eg blei jo eigentleg skulda for å vere sydebukk, å vere den som dreiv konspirasjon i Innflyttaranes, mot fylkesleiinga [] Eg antar det var for å svekkje mitt truverd, å gjere meg til ein sydebukk, som Pello var, som då var ute og som var ufarleggjort ovafor resten av medlemene [] Hovudstrategien var å prøve å mistenkjeleggjere, og få fram at det var galt av oss å i det heile tatt sette spørsmålsteikn om det. Det var eigentleg det som blei saka, meir enn det reelle medlemsjukset. Medlemsjukset blei litt borte i diskusjonen.”. Fylkesstyremedlem Haugli¹⁹⁶ fortel at han kom i eit lojalitetsdilemma: “Eg visste ikkje kven eg skulle tru på.” Linda Rønold¹⁹⁷, som også sat i fylkesstyret, opplevde det som at leiinga freista å spele på og forsterke ei oppfatning om at innflyttarane var “lite ansett”.

5.2.7 Sanksjonar: rekruttering

Brunvand og Sønstevold hadde relativt sentrale posisjonar i AUF i Oslo, vel å merke *før* dei markerte seg som opposisjon i saka.¹⁹⁸ Etter at dei trekte seg frå fylkesstyret og ytra seg mot medlemsjukset, gjorde dei ingen nye forsøk på å få posisjonar i AUF. Den andre delen av opposisjonen, Innflyttaranes AUF, var som sagt eit *aktivt* lokallag. Offisielt var dei også det nest *største* laget i AUF i Oslo, som t.d. i 93 hadde 40 av dei om lag 400 reelle medlemene under 25 år (og 70 totalt).¹⁹⁹ Likevel var det ikkje mange innflyttarar i viktige posisjonar i AUF i Oslo.²⁰⁰ Dette treng imidlertid ikkje å vere uttrykk for at dei blei pressa ut, men kan like gjerne skuldast at dei ikkje var

interesserte i posisjonar. Det avgjerande er om vi kan finne teikn på om rekruttering av leiinga har blitt knytt til syn på medlemssaka. Riseng²⁰¹ hevdar at Bøe Elgsaas, påtroppande leiar, sa følgjande då Riseng informerte om at han ynskte å stille til fylkesstyret i 1993: “Da håper eg det ikkje blir fleire brev til kommunen. Det høyrer ikkje heime i eit samarbeidsforhold.” Episoden er ikkje stadfesta av Bøe Elgsaas. Riseng kom inn i fylkesstyret som studieleiar, og seier han ba om å få regelboka om kursstøtte frå kommunen. Då fekk han inntrykk av at det var andre som skulle handtere søknadsarbeidet. Då Røberg-Larsen var studieleiar frå 94-95, hadde han på si side ein del å gjere med søknadene. Dette illustrerer poenget om at den same formelle posisjonen kan gje ulik reell makt. I følgje Røberg-Larsen hadde ein ikkje kommi inn i den *reelle* leiinga dersom ein ikkje var med på det leiinga gjorde i økonomiarbeidet. Han hevdar til dømes: “Då Anders Greif Mathisen blei ungdomssekretær, hadde vi forsikra oss på førehand om at han ville vere med på det vi haldt på med”. Greif Mathisen blei “henta inn” frå Akershus fordi ein kunne stole på han i “forskoterings-augemed”.²⁰² Sjølv om dette ikkje er blitt stadfesta av andre, er dette ein påstand som kan forklare kvifor Greif Mathisen, som medlem i Akershus AUF, blei henta inn som fylkessekretær i Oslo, for like etter å få vervet som økonomileiar (jf. note 48 kap.5).

I 1994 freista innflyttarane å få vald sine representantar inn i den øvste leiinga og i kontrollkomiteen. Dei hevdar at dei då blei utsett for sterkt press om å trekkje leiarkandidaten, og ryktespreiing om at dei ville kuppe organisasjonen.²⁰³ Leiarkandidaten trekte seg igjen før vala, og ingen av dei føreslåtte kontrollkomité-medlemene kom inn.²⁰⁴ På årsmøtet i 95 ynskte laget å få ein innflyttar inn i kontrollkomiteen. Framlegget blei imøtegått av leiinga, og nedstemt.²⁰⁵

Utover desse observasjonane og påstandane, er det vanskeleg å prove at årsaka er at “lojalitet” i saka blei løna og opposisjon straffa. I kva grad kontrollen over rekrutteringa blei nytta til å overtale personar til å *skifte* standpunkt, er eit enda meir komplisert spørsmål. Særleg vanskeleg blir det fordi vi ikkje har data om individuelle standpunkt frå ulike tidspunkt, så eg vil la dette liggje her.

5.2.8 Sanksjonar: eksklusjon

Dei eg har definert som opposisjonen frå 1992 til 95 var ikkje på noko tidspunkt i fare for å bli ekskludert frå AUF. Interessant er det likevel at tidlegare økonomileiar, studieleiar og fylkessekretær Røberg-Larsen, som i 95 valde å hevde at dei medvitent hadde juksa, blei ekskludert i desember 96 - like i forkant av tidspunktet rettsoppgjeret var meint å ta til²⁰⁶ Marte Gerhardsen skriv: “På bakgrunn av økonomiske misligheter har AUF i Oslos fylkesstyret innstilt overfor AUFs sentralstyre på at du ekskluderes fra medlemsskap i AUF.”²⁰⁷ Med dette sikta dei til at Røberg-Larsen var meldt til politiet for underslag frå AUF i Oslo. Oslo byrett peikar på at “AUF ikke tidligere har anmeldt tillitsmenn for underslag eller økonomisk utroskap i forbindelse med økonomiske uregelmessigheter og at organisasjonen heller ikke har ekskludert medlemmer på dette grunnlag”.²⁰⁸ Såleis er det eit ope spørsmål kor vidt eksklusjonen kan ha noko å gjere med det standpunktet Røberg-Larsen seinare har forfekta både internt og eksternt, om at AUF måtte ha full oppvask etter jukset han sjølv hadde vori med på.

5.2.9 Sosiale sanksjonar

Vel så viktig som formelle sanksjonar, kan det sosiale presset vere. Freista leiinga å nytte sosiale sanksjonar for å få gjennomslag for sitt syn? Intervjuobjekta gir som sagt uttrykk for at det sosiale aspektet var sentralt i AUF i Oslo. Faren for å bli stengd ute låg latent: “Som person var Anders [Hornslie] hipp i miljøet, du måtte halde deg inne med han.”²⁰⁹ “I det du mukka for mykje og stilte spørsmålsteikn, så var du ikkje med. Det var ikkje eit sosialt press, men eit sosialt element, som gjorde at folk var samde med leiinga.”²¹⁰ Haugli²¹¹ hevdar at også han, i det han stilte seg kritisk til økonomiarbeidet, møtte sosiale reaksjonar: “Eg opplevde det som veldig tøft å få til små ting. Berre det å få ein skarve protokolltilførsel låg det ein *masse* kamp bak. Eg blei møtt med sinne.” Slike sosiale reaksjonar kan leie til at det var få som turde å markere opposisjon mot leiinga i medlemssaka. Men i kva grad nytta leiinga sosiale sanksjonar for å presse ut dei som faktisk markerte seg, for slik å minske sjansane deira for å kunne påverke prosessen internt?

Ut frå vitnemåla til Brunvand og Sønstevold i byretten, oppsummerer Aftenposten²¹² det som skjedde sommaren 92 slik: “Venner de hadde hatt gjennom flere år i AUF snakket nå ikke lenger med dem på gaten. Det dukket opp rykter om at de to nærmest var sinnssyke og i august dukket det opp en artikkel i Arbeiderbladet som knyttet de to til at penger skulle ha forsvunnet fra AUF i Oslo.” Røberg-Larsen og Rønold stadfestar opplysningane om korleis dei to blei frosne ut: “Vi laget historier om at de var forstyrret og i mental ubalanse. Jeg var med på det”²¹³ (jf. 5.2.6). Medan Brunvand og Sønstevold trekte seg ut av AUF i 92, blei Innflyttaranes AUF verande som intern opposisjon. Dei var som sagt eit stort lag med høg eigen aktivitet. Dette, saman med at dei ofte var eldre enn gjennomsnittsalderen for lagsaktivistane, leidde til at dei aktive “innflyttarane” i mindre grad oppsøkte miljøet på kontoret i AUF i Oslo: “Eg følte ikkje det var nokon gjengtendens som det var interessant for meg å vere med i. Eg hadde mitt sosiale, politiske grunnlag andre plassar, i Innflyttaranes.”²¹⁴

Såleis var det vanskeleg å nytte sosiale sanksjonar for å truge innflyttarane tilbake i tøylen, men kan hende desto lettare å stemple dei innanfor miljøet . Såleis kunne ein svekkje innverknaden deira på dei andre laga, slik at det blei vanskelegare for innflyttarane å få gjennomslag for sitt syn i medlemsaka. Haugli hevdar at laget blei “framstilt som personleg, politisk og organisatorisk gale”.²¹⁵ På spørsmål om dei blei stengde ute frå AUF i Oslo som følgje av at dei var i opposisjon i medlemsaka, uttrykkjer Riseng²¹⁶ seg slik: “Ja, ikkje fysisk, men vi hadde aldri vori nokon sentral del av desse fortulege, indre samtalanene i dei besluttande sfæranene, dels av eige val. Vi hadde aldri vori der, så det var ikkje ein stor saknad, heller. Men vi slapp jo ikkje noko lettare til.” Haugli²¹⁷ fortel at han, som ein del av miljøet i leiinga, vegra seg for heilt å inkludere Innflyttarane: “Samtidig følte eg at eg ikkje kunne snakke heilt opent med dei. Det var ikkje uttalt at ein ikkje skulle det, men dei blei oppfatta som ekstreme. Ein typisk hersketeknikk var kommentarar som “Herregud! Innflyttarane no igjen!”.

5.3 Fordelar i avgjerdsprosessen

Til sist vil eg vurdere i kva grad leiinga utnytta fordelar dei kunne unngått i sjølve den formelle avgjerdsprosessen, det vil seie korleis ein trefte dei få avgjerdene som blei tekne i samband med økonomi- og søknadsarbeidet. Det som fyrst og fremst pregar den interne prosessen, er mangelen på formell handsaming - jf. punkt 5.1. Riseng²¹⁸ seier det slik: “Det blei heile tida freista dekt over og hold ut i det lengste. Det var ein lang prosess for å få fram sanninga.” Dette kan også sjåast som eit slags forsøk på det Hellevik kallar *forhaling*: å utsetje formelle handsamingar så lenge det er risiko for å tape. Døme på forhaling finn vi også når Haugli i 1992 freista å ta opp økonomiske spørsmål i fylkesstyret. I følgje protokollane blei fleire av drøftingane han freista å ta opp utsette, utan at dei kom opp att seinare.²¹⁹

Når fyrst saka blei handsama, hadde leiinga gjennom fylkesstyret både i 92 og i 95 uttalt seg før medlemsmøta fekk diskutert saka, dvs. at handsaminga gjekk “ovanfrå og ned”.²²⁰ I 1995 blei saka delegert til eit tomannsutval med fylkeslags- og kontrollkomité-leiar, som presenterte ein rapport som “enstemmig ble tatt til etterretning på fylkestyremøtet 10. mars”, etter at styret hadde fått ein halv time til gjennomlesing.²²¹ Komiteen la så rapporten fram munnleg for årsmøtet, utan at opposisjonen fekk førebudd seg på kva som måtte kome, og opplesinga danna “grunnlag for diskusjonen”.²²² Framgangsmåten er eit godt døme på det Hellevik kallar overrumpling. I staden for å formulere eit konkret vedtak og søkje støtte for dette, valde leiinga å krevje at ein ikkje skulle vedta noko på årsmøtet. Denne strategien gjorde det lettare å avvise alle framlegg utan å måtte diskutere dei økonomiske rutinene eller kva leiinga eigentleg hadde gjort. Framlegget om “ikkje noko vedtak” blei lagt i botn for røystingane, og ein kom aldri til ein realdiskusjon om dei konkrete framlegga frå opposisjonen.²²³ Likevel uttaler leiinga til media at ein på møtet hadde “gjennomdrøftet saken”.²²⁴

Det at ein lukka årsmøtet, kan også ha påverka utfallet av 95-handsaminga. Opposisjonen ynskte som sagt å ha møtet opent for alt utanom “levande bilete”. Leiinga avviste dette kravet.²²⁵ Truleg kunne ikkje leiinga ha gått til like sterke åtak på

opposisjonen om møtet hadde vori opent, utan samtidig å svekkje egne argument om å stå fram som samla.

Det er til slutt leiinga som har ansvar for å følgje opp saka vidare, og også her kan dei velje å manipulere, slik at eit eventuelt vedtak blir følgt opp slik dei sjølve finn det for godt. Ein protokoll frå fylkesstyret syner at Haugli fekk gjennomslag for at fylkesstyret skulle få sjå rekneskapa før handsaming.²²⁶ Haugli²²⁷ hevdar at dette ikkje blei følgt opp. Sjølv om dette framlegget ikkje kan knytast til opposisjonen, illustrerer dei korleis det i økonomiske spørsmål var vanskeleg å få auka innsyn, sjølv når eit vedtak var fatta. Vedtaket på årsmøtet i 95 innebar at handsaminga av saka skulle utsetjast til etter at granskingane var ferdige.²²⁸ No er dei det, men det har ikkje vori aktuelt med nokon ny diskusjon eller gjennomgang av saka i AUF i Oslo.²²⁹

5.4 Delkonklusjon

Vi har no vurdert i kva grad leiinga nytta seg av ulike fordelar i konflikten med opposisjonen. I gjennomgangen av ei slik “sjekklister”, leitar ein sjølvstøtt etter prov. Designet inneber at ein ikkje fangar opp situasjonar der leiinga *ikkje* har utnytta posisjonen sin, sjølv om det kan vere mange av desse. Vi sit likevel att med eit relativt solid inntrykk av at ei samanhengande rekkje av oligarkiske mekanismar blei tekne i bruk, der leiinga utnytta fordelar dei kunne unngått. Ei påpeiking av situasjonar der dei har unngått dette, vil neppe rokke ved dette inntrykket.

Dei fleste av dei oligarkiske mekanismane Hellevik listar opp, ser ut til å ha blitt nytta, om enn i varierende grad. Somme av mekanismane var meir avgjerande enn andre. Ei tradisjonell oppfatning av oligarki er at leiinga handlar på tvers av uttrykte fleirtalsstandpunkt i organisasjonen. Dette får ikkje støtte anna enn i spekulasjonar, fordi standpunkt til dei økonomiske “disposisjonane” til leiinga ikkje blei uttrykte. Vi kan slå fast at leiinga freista å gjere saka til ei “ikkje-sak”, ved at dei sjeldan sette henne på den formelle dagsordenen i organisasjonen, og ved ikkje å ta dei reelle konfliktemna opp til formell handsaming. Ved å unngå at saka blir eit legitimt stridsspørsmål, fekk leiinga i fred handle som dei sjølve fann det for godt. Den reelle avgjerdsprosessen var i liten grad formalisert, og skjedde i eit lite sosialt miljø rundt

den inste krinsen i leiinga. I den grad saka blei formelt tatt opp, fekk leiinga støtte for ein slik handsamingsmåte. Spørsmålet var så om dei greidde dette som resultat av at dei utnytta fordelar dei kunne unngått i meiningsdanninga og avgjerdsprosessen.

Med omsyn til *meiningsdanninga*, var det særleg leiinga sin kontroll over *informasjon* som sto i sentrum: Dei sat på overlegen kunnskap om emnet, og ville ikkje gje opposisjonen og dei andre laga tilgang til den same informasjonen. I den grad det var eit ordskifte, gjorde mangelen på kunnskap om saka det vanskeleg for opposisjonen å møte leiinga som likemenn i ordskiftet, fordi dei ikkje kunne underbygge mistankane sine og påvise at det faktisk blei juksa. Leiinga hadde skjult kunnskap, både om eigne “rutiner” og om kontakta med kommunen, og dei kunne utføre skjulte handlingar, utan innsyn og kontroll frå andre medlemar. Vi kan oppsummeringsvis slå fast at sentralisering av kunnskap var ein avgjerande føresetnad for at opposisjonen ikkje vann fram, og at leiinga på mange ulike vis gjorde bruk av kunnskapsfordelar dei kunne ha unngått. Kontrollen over kommunikasjon med omverda spelte i så måte ei sentral rolle.

Då ein i 95 greidde å påvise tvilsame handlingar, greidde opposisjonen likevel ikkje å få med seg eit fleirtal av dei andre medlemene på å stille seg kritiske til kva leiinga dreiv med. I denne samanhengen er det naturleg å nemne eit trekk som ikkje utan vidare kan sjåast som uttrykk for oligarkiske tendensar, slik eg har definert det, men som likevel gjer vilkåra for oligarkisk manipulasjon betre: Organisasjonen var i perioden prega av store kløfter i alder og kompetanse mellom leiarar og “meinige”. Unge lagleiarar utan særleg røynsle frå før, har liten ballast å møte ei røynd leiing med. Røberg-Larsen²³⁰ forklarar manglande “kritisk sans” slik: “ Problemet var manglande aktivitet i lokallaga. I det ein melde seg inn i AUF, i eit lag utan aktivitet, vips blei ein lagleiar, utan organisasjonserfaring eller peiling.” Tydinga av alder og røynsle blir underbygd ved at dei som stilte kritiske spørsmål, gjennomgåande var eldre og meir røynde enn dei fleste andre, noko som gjeld både innflyttarane, Brunvand, Sønstevold og Haugli.

Det var ikkje berre i kontakta med kommunen og revisor leiinga utnytta fordelar av å representere organisasjonen i kontakta med omverda. Også i høve til pressa utnytta

leiinga denne fordelten, ved å freiste å undergrave opposisjonen, og internt i organisasjonen blei spørsmål om truverd og tillit aktiviserte som svar på opposisjonen sin kritikk. Opposisjonen opplevde å bli stempla som illojale, og kritikk mot leiinga blei møtt med sosial utestenging. Studiet av prosessen i AUF i Oslo syner at slike sosiale “overtalingsmekanismar” og sanksjonar truleg kan vere vel så viktige som sakleg “overtyding” for å sikre leiinga støtte for sitt syn: Vil ein verkeleg gå til åtak på dei personane som ein sjølv har vald? Kven har ein mest tillit til: opposisjonen eller leiinga? Kva motiv har opposisjonen? Splittar dei organisasjonen? Viktigare enn bruk av formelle sanksjonar, er dei uformelle: Leiinga ekskluderer deg ikkje så lett om du er i opposisjon, men du kan risikere å bli upopulær i miljøet.

I den grad organisasjonen handsama saka formelt, tok leiinga også i bruk fordelar dei kunne ha unngått i *avgjerdsprosessen*: Avgjerdene blei tekne ovanfrå og ned, prosessar blei til dels *forhalt*, opposisjonen blei *overrumpla*, og leiinga hadde langt større høve til å kome med sin versjon. Resultatet var at medlemene stort sett fekk høyre framstillinga frå leiinga, som dei fleste ikkje var kompetente nok til å imøtegå.

I følgje H1 lukkast ikkje opposisjonen fordi leiinga tok i bruk oligarkiske maktmiddel. Studiet av forsøka på intern ytring syner støtte til hypotesen. Utstrekt bruk av oligarkiske mekanismar leidde til at det var vanskeleg for opposisjonen å vinne fram med sitt syn ved å ta saka opp internt i organisasjonen. Utan å spekulere kring korleis det ville gått med den interne ytringa ved ein mindre oligarkisk prosess, vil eg i neste kapittel sjå på korleis det gjekk då opposisjonen freista å ytre seg indirekte via Oslo kommune, med den interne oligarkiske strukturen som ein viktig premiss.

6. Indirekte ytring via kommunen

“Våre unge venner har nok en ganske feilaktig opplevelse av hvordan man henvender seg til en kommune.” **Rune Gerhardsen**

I dette kapitlet skal vi sjå på korleis opposisjonen freista å ta kontakt med omverda, nærare bestemt Oslo kommune, for å vinne fram med sine ynskje om å stoppe jukset. Kapitlet er strukturert på følgjande vis: Etter ei kort innleiing, vil eg sjå på korleis kommunen *samlar inn* informasjon og korleis dei valde å *tolke* det dei fann. Så følgjer ei analyse av kva som kan ha påverka kva effektar ytringane hadde. Her vil eg freiste å sjå på kor vidt leiinga drog nytte av unngåelege fordelar av kontroll over informasjon og kontakt med omverda, og sjå om vi kan finne andre forklaringar som ikkje er knytte til oligarkiomgrepet.

Brunvand og Sønstevold hadde trekt seg frå posisjonane sine i AUF januar 1992, i samband med at Brunvand hevda ein annan fylkesstyremedlem hadde tatt minibankkortet hans, utan at fylkesstyret ville “ta stilling”.²³¹ Etter dette vurderte dei kva dei skulle gjere med informasjonen dei sat på, om at det blei juksa. Internt hadde dei som sagt ikkje markert seg særleg i saka: “Det var ikkje noka stor greie å ta det opp då vi var der. Eg kan skjønne dei som meiner eg ikkje har gjort nok internt for det. Men så er det å ta vurderinga, kva du kan gjere. [...] Du sat jo med valet, å brette heile ryggen på det.”²³² Etter at dei likevel kjente seg frosne ut, var det lettare å ta opp saka: “Da hadde vi ikkje noko å tape på det sjølv, i forhold til at ein var interessert i å drive på vidare.” Men dei var i tvil om det var riktig å gå til kommunen: “Vi kom fram til i januar, er dette velgrunna? [], men etter alt det Innflyttaranes gjekk gjennom, sende vi det.”^{ibid} Dei to valde med andre ord å ytre seg, dels som eit resultat av at dei såg at Innflyttaranes AUF ikkje nådde fram internt, i sine forsøk på å få informasjon.

Den 10. juni 1992 fekk kulturavdelinga i Oslo kommune tipset om at det i alle fall frå 1989 kunne sporast utstrekt triksing med medlemstal, talet på rapporterte lokallag og kursrapportar i AUF i Oslo sine søknader om økonomisk støtte. Sønstevold fortalde då Borghild Haddal, som var den i kommunen som arbeidde med tildeling av

støtte til barne- og ungdomsorganisasjonane, at han og Brunvand hadde prov på påstandane, og ynskte å hjelpe til med å få avdekt jukset. Haddal ba dei om å skrive eit brev om saka, og det blei sendt den 13. juni.²³³

Den ansvarlege byråden, Hanne Harlem, hadde for få år sidan vori sentral i AUF i Oslo, mellom anna som nestleiar i 85-86, og som medlem av kontrollkomiteen i 1989-90. Byrådssekretæren hennar, Vidar Ovesen, leidde AUF i Oslo eitt av åra tipsa omhandla (1990-91), og hadde nær kontakt med Hornslien, som overtok leiarklubba frå 1991 til 1993.²³⁴ Rune Gerhardsen, Gro Balas og Rune Bjerke hadde alle nær familie med tilknytning til AUF i Oslo.²³⁵ På grunn av Ovesen sin posisjon, ba Brunvand og Sønstevold om at tipset i fyrste omgang skulle handsamast administrativt. Dette hevdar dei å ha fått munnleg lovnad om frå Haddal, og var ein føresetnad for at dei sende brevet.²³⁶

I brevet skreiv dei at kommunen kunne ta kontakt med dei.²³⁷ Etter at det var sendt, freista dei fleire gongar å ta kontakt med Haddal for å få vite kva som skjedde i saka.²³⁸ “Jeg fikk bare beskjed om at det var under behandling og ikke noe mer”, fortel Sønstevold.²³⁹ Dei to blei aldri bedne om å levere dokumentasjon, og dei fekk aldri noko svar på brevet sitt, men tipsa sette likevel i gang ein prosess i kommunen. Dokumenta i saka, som tipsbrevet, blei “unntekne offentlighet”.²⁴⁰ Gjennom kontaktar i AUF forsto brevskrivarane at brevet ikkje var gløymd. Tvert om hadde det blitt tatt så alvorleg at den politiske leiinga i Rådhuset var blitt kjend med tipset. Rune Gerhardsen²⁴¹ kommenterer dette med at “våre unge venner nok har en ganske feilaktig opplevelse av hvordan man henvender seg til en kommune. En kan selvsagt ikke gå til en kommune med et brev belagt med noen vilkår om at dette skal ikke kommunens ledelse få se [...] Derfor ble da også jeg orientert om saksinnholdet”.

I følgje Brunvand og Sønstevold fekk Mina Gerhardsen, dottera til byrådsleiaren, høyre om brevet. Dei hevdar at ho, berre nokre dagar etter at dei hadde levert det, ringte dei med spørsmål om kva det var dei hadde gjort - etter å ha høyrte ein telefonsamtale der faren snakka med Harlem.²⁴² Riseng, dåverande lagleiar i Innflyttaranes AUF, fortel at han for fyrste gong fekk vite om brevet gjennom eit likande spørsmål frå Mina Gerhardsen.²⁴³ Sjølv uttaler Gerhardsen at ho ikkje kan

hugse å ha ringt, men at ho held det for lite sannsynleg, for “Da hadde jeg nok heller spurt min far”, medan faren svarer at han ikkje har nokon formeining om korleis opplysningane kom ut i AUF miljøet.²⁴⁴ Røberg-Larsen²⁴⁵ seier at “Vidar [Ovesen] arbeidde som sekretær, og då var det jo ikkje så vanskeleg å finne ut kven det var som hadde sendt brevet”. Uansett korleis det skjedde, er det ikkje tvil om at både innhaldet i brevet, og kven det var frå, blei kjend i AUF-miljøet, trass i at kommunen hadde stempla det som ikkje offentleg.²⁴⁶

6.1 Innsamling av informasjon

Kommunen kom så fram til at brevet skulle følgjast opp ved at revisorfirmaet til AUF, Ernst& Young, skulle gjere ein såkalla etterkontroll av dei innrapporterte tala for søknadsåret 1991.²⁴⁷ Internrevisjonen stilte spørsmålsteikn ved habiliteten til revisor, men firmaet fekk likevel oppdraget.²⁴⁸

Sentrale personar frå leiinga blei tekne inn til intervju med Ernst& Young, og Brunvand var mellom desse, som tidlegare fylkessekretær.²⁴⁹ Han fortel at han ikkje fekk spørsmål om brevet. Dei einaste spørsmåla han fekk som var relevant i høve til tipset, var om medlemstalet for 91. Han tok heller ikkje sjølv initiativ til å ta opp andre punkt: “Problemet var at jeg visste ikke at det var behandlingen. Jeg ble stilt spørsmål og jeg hadde ikke følelsen av at dette var den behandlingen som skulle skje. [...] Jeg hadde heller ikke tillit til Ernst& Young”.²⁵⁰

Revisorane ba AUF i Oslo om å prove at medlemstalet var riktig. Dette gjorde leiinga ved å syne fram giroar for om lag 750 medlemar.²⁵¹ I tillegg ba AUF lagleiarane om å sjekke om dei fann feil i adresser, fødselsdatoar eller liknande i medlemslistene frå AUF i Oslo, utan at dette blei sett i samanheng med at det var ei gransking på gang.²⁵² Så skulle dei stadfeste at medlemslistene var “i overensstemmelse med lagets egne opplysninger”.²⁵³ Som vi såg i førre kapittel, kunne lagleiarane i liten grad vite noko sikkert om det faktiske medlemstalet. Røberg-Larsen²⁵⁴ seier det slik: “Dei hadde jo ingen føresetnader for å vite om listene stemte. [] Det ein gjorde, var å sjekke at AUF i Oslos register stemte med AUF i Oslos register”. I følgje Haugli²⁵⁵ kørde han og Hornslien rundt for å samle inn ein del stadfestingar frå dei som ikkje

hadde sendt det inn. For lag utan reelle kontaktpersonar, skreiv personar frå fylkesstyret stadfestingsbrev der dei opererte som lagleiarar, som t.d. nestleiar Bøe Elgsaas for Oslo Faglege AUF, økonomileiar Monica Bøsei for Centrum AUF, og studieleiar Asghar Ali for Holmlia AUF. I interne samanhengar i 1992, blir desse tre presenterte som medlemar i Oppsal og Gamle Oslo AUF.²⁵⁶ Fleire av desse laga var så lite aktive at dei t.d. var utelatne frå kontingentmeldingane internt.²⁵⁷ Revisor tok ingen initiativ for å finne ut i kva grad underskrivarane var reelle lagleiarar og kor vidt laga kunne vite noko sikkert om medlemstala, og dei stilte ikkje vidare spørsmål ved kvifor eit av dei største lokallaga, Innflyttaranes AUF, ikkje stadfesta medlemstalet sitt.²⁵⁸

I tillegg til stadfestingsbrev fra laga, ba revisorane om dokumentasjon på påstandar frå leiinga om at store delar av kontingentane blei betalde direkte til laga. Leiinga plukka ut tre personar som skulle møte revisorane, for på vegne av sine lag å stadfeste at kontingentane var betald direkte til lokallaget, som så ikkje hadde ført dei i rekneskapa eller betald dei vidare til fylkeslaget.²⁵⁹ Dei tre var personar leiinga stolte på og var gode venar med²⁶⁰. Kjærasten til Røberg-Larsen var ei av desse. Ho fortel at Hornslien like i forkant av møtet spurte om ho kunne stadfeste kontantinnbetalingar på vegne av eit anna lag enn det ho faktisk leia, fordi ho i søknadspapira sto oppført som ansvarleg for dette laget. Han hevda at dei hadde fått inn pengane, og Rønold tok han på ordet. Ho opplevde møtet som uformelt, og tenkte ikkje vidare over saka før ho på representantskapen der saka blei drøfta forsto at det var “ugler i mosen”.²⁶¹ Haugli møtte Ernst& Young som revisor for Gamle Oslo AUF, og fekk spørsmål om det var slik at kontingentar av og til blei betalde inn kontant: “Det verka som eit retorisk spørsmål som han ikkje ville ha svar på. Eg trur dei var meir opptekne av å friggjere eigen rygg enn av å dokumentere.” Han seier at han då ikkje forsto omfanget av jukset og *bruken* av vitnemålet hans, men at “det Anders [Hornslien] sa opplevde eg som omsorg for oss, og rettleiing, så vi ikkje skulle seie noko feil. For i Gamle Oslo hadde vi fått inn pengar kontant og kjøpt pizza. Eg hadde inga røynsle med korleis det var i andre lokallag, om at det ikkje var sånn. Eg visste ikkje kor spesielt Gamle Oslo var”. Fyrst då han i august fekk høyre kva Hornslien sa til dei andre laga,

forsto han meir av kva som var på gang.²⁶² I 1995 intervjuja kommunerevisjonen 20-30 lagleiarar og fylkesstyremedlemar frå perioden, og slo på grunnlag av dette fast at “kontantinnbetalinger av kontingenter som ble benyttet i lokallagene kun forekom i liten grad”.²⁶³ Eit vanleg utval av lagleiarar ville med andre ord ikkje ha stadfesta at kontantinnbetalingar i laga var veldig vanlege. Utover desse tre samtalan, blei det i 92 ikkje gjort forsøk frå revisor si side på sjølv å ta kontakt med laga for å dobbeltsjekke påstandar frå leiinga. Revisor seier dei ikkje syntest dei hadde rett til å gå direkte inn ovafor lokallaga.²⁶⁴

Ovafor revisor hevda leiinga også at dei hadde sendt ut “avrekningsbrev” til lokallaga for “uoppgjorde” kontantinnbetalingar.²⁶⁵ I følgje brevskrivaren, Røberg-Larsen, var breva produserte som “skuebrød for revisor”, og blei aldri sende.²⁶⁶ Ljoså og Riseng kan ikkje hugse at laget fekk brevet adressert til Innflyttaranes AUF.²⁶⁷ Jamført med faktumet at kontantinnbetalingar var sjeldne, og at mange av laga ikkje hadde aktive medlemar, er det også usannsynleg at dei nokon gong blei sende.

Innsamlinga av informasjon endte likevel med at AUF i Oslo berre kunne dokumentere medlemskap i form av girokvitteringar for 729 av dei 1644 medlemene dei hadde søkt for. Resten av “stadfestingane” blei ikkje godtekne som dokumentasjon, men dei var nok til at revisor trudde leiinga på at dei andre var reelle medlemar.²⁶⁸ Her kjem vi over til neste punkt, nemleg korleis informasjonen frå revisorfirmaet og AUF i Oslo blei tolka av kommunen.

6.2 Tolking av informasjon

Etter at rapporten var ferdig, erklærte byråd Hanne Harlem seg inhabil fordi byrådssekretær Ovesen var leiar i AUF i Oslo eit av åra tipsa omhandla.²⁶⁹ Rune Gerhardsen²⁷⁰ sa at: “Det vi hadde å holde oss til, det var jo dette brevet som hadde en del påstander og ingen dokumentasjon. Det var da opp til kommunen [...] å sørge for den dokumentasjonen som ga innsyn i hvordan denne saken så ut. Og da var det veldig naturlig å bringe inn habilitetsspørsmålet.” Likevel blei ikkje habilitetsspørsmålet “bragt inn” før etter at dokumentasjonen var henta inn. Sjølve granskinga, i regi av Ernst& Young, var ferdig då samferdselsbyråd Raymond

Johansen frå SV fekk saka i fanget 14. august 1992. Det administrative ansvaret blei då overført frå internrevisjonen til samferdselsetaten.²⁷¹

Kultur- og utdanningskomiteen skriv 26. august til byråden: “For den vidare behandling av saken er det et vesentlig spørsmål om det avdekkede misforhold mellom henholdsvis oppgitt og dokumenterbart medlemstall skyldes uaktsomhet, eller et ønske om uberettiget økonomisk gevinst. Hva er byrådets vurdering?”²⁷² Byråden svarer at han ikke vil dømme om uregelmessighetene som har blitt avdekket “skyldes uaktsomhet, eller et ønske om uberettiget økonomisk gevinst. Opplysningene så langt viser at gale opplysninger i første rekke skyldes rot i regnskaper og medlemslister.”²⁷³

Berre nokre dagar seinare kjem brevet frå Innflyttaranes AUF til kommunen, der dei skreiv at AUF i Oslo hadde blåst opp medlemstalet deira både for 90 og 91, og fortalde detaljert om heile prosessen mellom fylkeslaget og lokallaget, mellom anna om tilfellet av dokumentfalsk og om at Hornslien sjølv hadde innrømt dette.²⁷⁴ Brevet var i følgje Ljoså dels ein reaksjon på revisorrapporten: “Vi prøvde å handsame saka internt fyrst, og då vi innsåg at vi hadde tapt i AUF i Oslo, så meinte vi framleis at det var heilt galt at Oslo kommune hadde betald ut for mykje pengar, og at vårt namn var brukt for å legitimere det [...] Då kunne ikkje vi sitte og la det biletet som hadde kommi fram både på representantskapen og i media vere det som sto igjen.”²⁷⁵ Kommunen tok ikkje kontakt med lokallaget, og svarte aldri på brevet.²⁷⁶

Den 11. september stiller Kultur- og utdanningskomiteen følgjande spørsmål til byråden: Dersom medlemstalet ikkje er vesentleg endra i 91 i forhold til tidlegare år, “finner ikke byråden det naturlig å gjennomgå grunnlaget for de forgående år, så lenge det er avdekket uregelmessigheter på det støttenivå vedkommende organisasjon hadde i 1991?”. Ikkje lenge etter hadde byråden bestemt seg: “Jeg vurderte at dette var rot i AUF og ikke bevisste handlinger der Oslo kommune ble forsøkt lurt”.²⁷⁷ I eit brev til AUF i Oslo den 23. september²⁷⁸, skriv byrådsavdelinga: “Vi regner også med at uriktige opplysninger i forbindelse med søknader om støtte i 1991 skyldes svikt og rot i organisasjonens interne rutiner og at det kan karakteriseres som uaktsomt, men vi har ikke grunnlag for å si at dette har skjedd bevisst og i vinnings hensikt.”²⁷⁹ Kultur- og utdanningskomiteen peika likevel den 8. oktober på at fordi medlemstalet for AUF

i Oslo var like høgt i tidlegare år, var det naturleg også å gjennomgå desse.

Formannskapet vedtok dette 4. november 1992.²⁸⁰

Leiinga i AUF i Oslo lovte både betring og å betale bot. Betringa skulle skje ved endring av kontingentrutinane. Det blei presisert ein del rutinar som allereie råda i organisasjonen, samt ein del punkt som var retta mot å unngå rot i *lokallagsøkonomien*. Mellom dei rutinene som vi har sett at faktisk var relativt innarbeidd, men som også sto i vedtaket, var at alle kontingentinnbetalingar skulle skje på postgiro.²⁸¹ Røberg-Larsen²⁸² seier om dei nye rutinene at: “Det var eit tåpeleg vedtak, fordi nokon ba om det. Vi laga eit vedtak som det var opplagt at vi ikkje kom til å følgje, og som det var opplagt at vi kunne fortsette å jukse med utan at nokon oppdaga det.”

Han skildrar dilemmaet dei fekk slik: “Problemet var at vi blei oppdaga i 92. Då måtte vi ha like mange neste år.[...] Dei ville ha gått lenger tilbake om dei nye tala ikkje var like høge”.²⁸³ Med nye og betre rutiner sa leiinga at dei skulle greie å få eit omtrent like høgt medlemstal som dei hadde hatt året før, no dokumentert i form av postgiroar. Hornslien sa at søknadene deira hadde vori “basert på ærlighet og redelighet”, og at “1992 vil bevise vår troverdighet”.²⁸⁴ Byrådet lytta til denne argumentasjonen, og avventa tala for 1992.

Ved årsskiftet 1992/93 syntet det seg at AUF i Oslo hadde kvitteringar for om lag like mange medlemmar som dei hadde søkt på vegne av året før. Hornslien uttalte seg: “Vi fikk alle våre 1992-medlemmer til å betale på postgiro, og har fått inn mellom 1400 og 1500 giroer. Det viser at vårt første anslag ikke var så galt.” Difor burde dei sleppe vidare gransking, meinte han.²⁸⁵ Spørsmålet ein kunne stilt seg var korleis AUF i Oslo hadde greidd å få alle til å betale på giro, i og med at denne “nye” rutina fyrst blei innført på hausten. Vanlegvis hadde ein i følgje leiinga inne om lag 750 - 1000 kontingentar innan august.²⁸⁶ Gitt at mange *før* hausten 92 betalde kontant, var det då ikkje underleg at ein greidde å få inn så mange giroar? Hadde gamle “kontant-betalalarar” betald på nytt over giro? Aktørane i kommunen såg ikkje ut til å tenkje over spørsmålet, med unnatak av RV, som hevda at alle giroinnbetalingane nettopp var

prov på juks.²⁸⁷ Svaret veit vi i ettertid: Leiinga betalde sjølv inn giroar på vegne av hundrevis av “AUF-arar”.

Kommunen valde å ta dei nye tala som stadfestingar av at den tidlegare manglande dokumentasjonen skuldast rot, slik at det ikkje var så mykje vits i å undersøkje tilhøva lenger tilbake i tid: “bekreftede medlemstall for 1992 [...] synes å antyde at tallene [red anm.:1989 og 1990] kan være i riktig størrelsesorden.”²⁸⁸

1. september 93 blei saka overført til Gro Balas frå Arbeidarpartiet, då ho overtok som byråd for barn og utdanning. Balas vart ikkje rekna som inhabil²⁸⁹.

Byrådssekretæren hennar, Frode Jacobsen, melde seg inhabil i saka, fordi han var om lag like sentral i AUF i Oslo som Ovesen. Han var tidlegare studieleiar og økonomileiar i AUF i Oslo, mellom anna eit av åra formannsskapen hadde vedtatt å granske, og var medlem og leiar i kontrollkomiteen 91-93.²⁹⁰ Jacobsen blir av Røberg-Larsen²⁹¹ nemnt som ein av dei få som visste om korleis jukset skjedde. Etter VG-avsløringa gjekk han ut og sa han trur på Hornslien, og under rettssaka var han, saman med Ovesen, å sjå i den nære krinsen rundt Hornslien, mellom anna på domsdagen²⁹². Sett i lys av at det var Ovesen sin nærleik som formelt var årsaka til at Harlem sa seg inhabil, er det vanskeleg å sjå korleis ein kan forsvare at saka blei tilbakeført.

AUF i Oslo sa at dei ikkje hadde råd til å betale for fleire revisorkontrollar, og byrådet valde å akseptere dette, samstundes som dei ikkje sjølv gjekk vidare med saka i form av ei eventuell kommunal gransking. I følgje Eirik Moen frå Høgre føreslo Balas å reagere mot “rotet” i 91 ved å krevje at AUF i Oslo skulle betale tilbake pengane for medlemar dei ikkje kunne dokumentere, medan bystyre-opposisjonen ynskte ytterlege reaksjonar.²⁹³ I november 1993 kom byrådet med ei innstilling til bystyret om at AUF skulle betale tilbake pengane *med* renter, men at tidlegare års søknader frå AUF likevel ikkje skulle undersøkast. Her var ordbruken sterk: “Byrådet vil bemerke at det er ingenting i foreliggende materiale eller i kommunens kontakt med organisasjonen gjennom en årrekke som skulle tilsi at AUF bevisst har forsøkt å tilegne seg uberettigede midler. De avdekkede uregelmessigheter er åpenbart uaktsomhet/rot som revisor burde ha påpekt ved gjennomgang av de årlige regnskaper.”²⁹⁴

Både breva frå opposisjonen fortalde at det ikkje berre var rot, men at det var *medvitne* forsøk på å lure kommunen, og både breva inneheldt opplysningar om dette for år før 1991.²⁹⁵ Likevel påsto byrådet at det var “*ingenting*” i det føreliggjande materialet som tilsa medvittent juks, og at det “*openbart*” var rot. Dei to breva blei ikkje nemnt eller lagt fram for bystyret.²⁹⁶ Bystyret godtok framlegget frå byrådet, men dersom bystyret hadde fått vite om breva, er det ikkje usannsynleg at AUF ville fått meir å svare for: “Dersom vi hadde blitt orientert om opplysningene i de to brevene, ville bystyret neppe skrinlagt vidare gransking”, seier Eirik Moen²⁹⁷. Gerhardsen²⁹⁸ trudde i 95 at “Vi hadde altså anrettet undersøkelser på alle de punkter som brevene omhandlet”, men svarer på spørsmål om tipsa for tidlegare år enn 91 blei sjekka opp og undersøkt: “Dette blir litt for detaljert for min håndtering av saken”. Reelt var det ei rekkje punkt i ytringane frå opposisjonen som aldri kom opp under granskinga i 92: Søknader for tidlegare år, den reelle storleiken og aktiviteten i kvart av lokallaga, samt alle påstandane om fusk med kurssøknader, blei ikkje sjekka i denne omgangen²⁹⁹.

6.3 Oligarkiske mekanismar?

Vi har no framstilt prosessen kring den indirekte ytringa til kommunen. Forsøket leidde tilsynelatande til at AUF i Oslo måtte “rydde opp”, men i ettertid veit vi at leiinga heldt fram med å søkje for ikkje reelle medlemar - no ved sjølv å betale inn giroar, i staden for å hevde at folk hadde betald inn kontant til lokallaga. I følgje hypotesen (H1) vann ikkje opposisjonen fram fordi leiinga tok i bruk oligarkiske maktmiddel. For det fyrste: Gjorde AUF-leiinga bruk av fordelar dei kunne unngått i samband opposisjonen si indirekte ytring til Oslo kommune? For det andre, og avgjerande for å teste H1: *I kva grad hadde effekten av den indirekte ytringa samanheng med det faktumet at leiinga drog nytte av slike unngåelege fordelar?*

Den oligarkiske mekanismen som er lettast å nytte i stridar på eksterne arenaer, er fordelten av kontroll over ekstern kommunikasjon. Her er informasjon eit nøkkelord: På same vis som leiinga internt kan formidle - eller ikkje formidle - vidare informasjon utanfrå slik dei sjølv vil, kan dei også “omvendt” feilinformere eller

sørgje for at omverda ikkje får informasjon om interne tilhøve i organisasjonen. Sånn sett kan leiinga vere ein tosidig “buffer” som kan isolere mot kommunikasjon mellom indre og ytre krefter som kan truge leiinga. Leiinga sine fordelar av kontroll over ekstern kommunikasjon kan vere både reint formelle, og meir sosialt tufta. Formelt er det spørsmål som innsynsrett og formaliserte kontaktmønster som avgjer, der leiinga har status som rettmessig representant for organisasjonen. Sosialt spelar langvarige kontaktar og røynsler med samarbeid stor rolle. Uformelt vil leiinga over tid kunne byggje seg opp legitimitet gjennom stadig personleg kontakt med aktørane i omverda.

6.3.1 Formelt tufta fordelar

Under punkt 5.2.2 såg vi korleis leiinga valde ikkje å dele informasjon om granskinga med resten av organisasjonen, noko som gjorde det lettare å unngå at laga avslørte usann argumentasjon frå leiinga. Saka blei mellom anna ikkje drøfta med laga før revisor var ferdig. Dette kan i stor grad ha påverka effekten også av den indirekte ytringa, fordi laga kunne ha gitt andre opplysningar til omverda enn dei leiinga ga. I dette kapitlet har vi sett nærare på korleis leiinga opererte ovafor omverda. Dette utfyller biletet av korleis dei greidde å halde dei to arenaene skilde, og korleis dette ikkje berre påverka den interne prosessen, men også effekten av den indirekte ytringa.

Leiinga utnytta kontrollen over kommunikasjon ved å *feilinformere* revisor på fleire punkt, samstundes som dei unngikk at revisor tok kontakt med delar av organisasjonen som leiinga ikkje hadde kontroll over. Eit døme er at leiinga *valde ut* tre personar som på vegne av laga skulle vitne om at kontantinnbetalingar var vanleg, eit anna at dei synte revisor “avrekningsbrev” for “uoppgjorde” kontantinnbetalingar. Byrettsdommen³⁰⁰ peikar spesifikt på korleis leiinga hadde feilinformert omverda. Der heiter det at jukset var resultat av “planmessig arbeid over flere år for å holde det virkelige forhold skjult for revisor og kommunen”.

Kor stor effekt bruken av desse formelle fordelane var, ser vi ved følgjande sitat frå den då ansvarlege byråden: “Det kan hende det var naivt av oss å tru Oslo AUFs ledelse. Men det er ikke uvanlig for en byråd eller en byrådsavdeling eller en administrasjon å forholde seg til en ledelse. Det er jo det som er de vanlige linjene i slike forhold [...] “En forholder seg til en ledelse og trur det de sier er riktig.”³⁰¹

6.3.2 Sosialt tufta fordelar

I kva grad freista leiinga å utnytte meir *sosialt* tufta fordelar av kontaktane i kommunen? Både ovafor kommune og revisor freista AUF-leiinga å stemple opposisjonen som utruverdig ved hjelp av liknande påstandar som kom fram i den tidlegare nemnde artikkelen i Arbeiderbladet (jf. 5.2.2). I kontakt med kommunen ba Hornslien spesifikt om at eit brev frå leiinga til kommunen skulle haldast hemmeleg, fordi det inneheldt “opplysningar av personlig karakter”.³⁰² Dei einaste personopplysningane i dokumentet, handlar om Brunvand, der det står at “vedkommendes problemer med oversikt og orden på sine oppgaver “bidro til en del av de sviktende rutinene ved vårt kontor”.^{ibid} Ved hemmeleghald av brevet blei det umogleg for Brunvand å forsvare seg mot påstandane. Røberg-Larsen³⁰³ hevdar at Hornslien fortalde Haddal at dei som skreiv brevet ikkje hadde gode motiv, og: “Etter at vi hadde vori i kontakt med kommunen nokre gongar, sto ikkje dei som tipsa att med så veldig mykje truverd”. Med andre ord ser vi spor av at leiinga freista å utnytte den tillita kommunen hadde til dei framfor opposisjonen, ved å gjere saka til ein personkonflikt der opposisjonen var den minst truverdige parten.

Kva så med kulturkontoret si rolle? Fyrste gong Innflyttaranes AUF på nyåret 92 kontakta kulturkontoret for å få stadfesta søknadstalet sitt for 91, fekk dei med ein gong oppgitt talet. Då dei i juni ringte for å få den same opplysninga for 90, nekta Haddal å gje dei dette. (jf. 5.2.2).³⁰⁴ “Kulturkontoret sa at dei opplysningane dei ga ut, det ga dei til fylkesleddet som dei jobba med, så den informasjonen dei sat inne med, var ikkje offentleg for oss lokallagsfolk.”³⁰⁵ I følgje Riseng ringte han mange gongar, og fortalde mellom anna at AUF- leiinga ikkje ville oppgje talet til lokallaget.^{ibid} Det einaste som hadde endra seg på desse månadene, var at Brunvand og Sønstevold hadde tipsa kommunen. Dette gjorde lokallaget skeptiske til kommunen: Riseng^{ibid} kommenterer: “Når ein ikkje fekk informasjon var det berre å ta det til etterretning, rett og slett, og då ante man jo det verste, at det ikkje stemte.” Då Borghild Haddal vitna i byretten, kom det fram at ho hadde hatt stor tillit til AUF-leiinga. Ho ga uttrykk for at medlemsjukset var eit enormt svik mot denne, og sto fram som sterkt personleg indignert og såra.³⁰⁶ Dette gjer det klart at leiinga hadde ein

meir sosialt tufta fordel i form av tillit på kulturkontoret. Kontoret var på den andre sida ikkje kjende med opposisjonen, og hadde lite grunnlag for å vite om dei var truverdige, noko leiinga truleg spelte på.

Det var rom for ulike *tolkingar* av opplysningane Ernst& Young kom med. Hornslien skriv at “revisor påpeker i sin rapport at dokumentasjonen på en del medlemmer må baseres på vår troverdighet og forklaringer”.³⁰⁷ At påstandane frå AUF-leiinga hadde effekt på korleis administrasjonen tolka opplysningane, ser vi ved følgjande sitat: “Min vurdering var at her var det interne stridigheter innen Oslo AUF. Da jeg i tillegg hadde rapporten fra Ernst& Young som gjorde rede for manglende rutiner og kontroll ved innbetalinger, så var det min vurdering, at dette skyldtes internt rot.”³⁰⁸ Politikarane tok også poenget til seg. Johansen syner til “betydelige interne uoverenstemmelser” som eit grunnlag for handsaminga av tipsa.³⁰⁹ Aftenposten³¹⁰ skriv i sitt referat frå rettssaka: “Ledelsen i AUF i Oslo fikk i 1992 gjennomslag hos det AP-styrte byrådet om at de to [Brunvand og Sønstevo] hadde hevn som motiv for sin henvendelse til kommunen.” Johansen³¹¹ hevdar likevel at: “Det ble forholdt seg til en ledelse, men igjen da ikke aktivt forholdt oss til å ta stilling for den ene part”. Opposisjonen stadfestar at det var konflikt, men seier at: “Hvis man ikke ser at det er to sider i en konflikt, så vil jeg påstå at her har man valgt side fra begynnelsen av ved å så tvil om vår troverdighet”.³¹²

Eit relevant spørsmål er i kva grad AUF-leiinga freista å utnytte dei tette banda mellom AUF i Oslo og den politiske leiinga i Rådhuset, for slik å påverke kva konklusjonar som blei trekte som følgje av granskinga. Sjølv om Johansen etter kvart overtok saka, kan ein ikkje utelukke at Harlem og Ovesen hadde innverknad på korleis kommunen konkluderte. Sjølv uttalte Johansen i 95 at Harlem burde ha meldt seg inhabil tidlegare, fordi: “Hun satt med saken i to måneder, og da var mye gjort”. Då blei det “lagt premisser for undersøkelsen. Jeg følte ikke at dette var politiske føringer, men utgangspunktet for en sak, er alltid viktig.”³¹³ I den grad ein kan seie at måten ein følgde opp breva på påverka kva konklusjonar som blei trekte, er det umogleg å tenkje seg at AUF-leiinga ikkje har dratt nytte av sosiale kontaktar, så tett som dei var knytte, spesielt til Ovesen, men også til Harlem. Det er likevel vanskeleg

å påvise meir spesifikt korleis det har skjedd. Dessutan er det vanskeleg å seie noko om i kva grad det er AUF-leiinga som kan seiast å ha *utnytta* kontaktane. Slik kontakt handlar om sosialt samspel, der skilja mellom strategisk handling frå den eine parten si side og uttrykk for sosial fellesskap ikkje er klare. I den grad Ovesen hadde noko med saka å gjere, er det for så vidt heller ikkje heilt treffande å snakke om forsøk på å utnytte kontaktar i “omverda”, fordi han var så sterkt knytt til AUF-leiinga. Det same poenget gjer seg gjeldande ovafor Frode Jacobsen, sjølv om han personleg erklærte seg inhabil då byrådet trekte konklusjonane i 93. Spørsmålet reiser seg: Kan vi her finne forklaringar på den manglande effekten av ytringa som ikkje har å gjere med leiinga sin bruk av oligarkiske verkemiddel?

6.4 Alternative forklaringar

Vi ser at leiinga i AUF i Oslo utnytta fordelar av å ha kontroll over informasjon mellom organisasjonen og omverda. På spørsmål om kvifor opposisjonen ikkje fekk gjennomslag då dei gjekk til kommunen, svarer Røberg-Larsen: “Fordi leiinga ikkje ville det!”.³¹⁴ Ein kan likevel ikkje påstå at det berre var leiinga si skuld at opposisjonen ikkje blei tekne inn i prosessen. Både revisor og kommunal administrasjon og politisk leiing kan på eiga hand ha handla på eit vis som gjorde det vanskeleg for opposisjonen å nå fram.

Innsamlingsmåten til *revisor* var ein føresetnad for at leiinga kunne utnytte informasjonskontrollen. Kan revisor ha hatt eigne motiv som forklarar handlingsmåten, uavhengig av kva AUF-leiinga freista? Før saka blei sendt til revisorfirmaet, uttrykte internrevisjonen seg som sagt kritisk til at Ernst& Young skulle granske saka. Sjølv avviste revisor at dei skulle ha nokon dobbeltrolle.³¹⁵ Johansen sa i 95 at han forstår det kan virke uheldig at AUFs revisor skulle granske opplysningar dei tidlegare hadde gått gode for. Men: “Samtidig vil jeg si at Ernst& Young er et stort og velrenommert firma som ville hatt mye å tape i forhold til en så stor organisasjon som Oslo Kommune”.³¹⁶ Ein kan snu argumentet på hovudet: Revisorane blei bedne om å kontrollere sitt eige arbeid, og hadde lita interesse av å konkludere med at dei tidlegare hadde gått god for gale tal. Poenget kjem fram ved at

AUF i Oslo som følgje av revisorgjennomgangen blei bedne av Oslo kommune om å skifte revisor - trass i at lite blei oppdaga³¹⁷. I tillegg kan det innvendes at revisor også hadde ein del å tape på å leggje seg ut med arbeidar-rørsla. I følgje VG³¹⁸ reviderte dei også rekneskapa for AUF sentralt, DNA og LO.

Kommunen har ansvaret for at dei i utgangspunktet ikkje valde å hente inn informasjon frå Brunvand og Sønstevold - men i staden valde å lukke dei ute frå prosessen. Så lenge dei sette i gang ei gransking, ville det vori naturleg å ta tipsarane inn for å høyre deira versjon av saka. Opposisjonen fekk ingen tilgang på informasjon, medan AUF-miljøet raskt fekk vite om innhald og avsendar av tipsbrevet, i tillegg til at dei sjølv sagt hadde tilgang på dokumenta i saksgangen, som part i saka.

Vi veit at saka tidleg kom opp på politisk nivå, utan at vi har grunnlag for å påstå at dette fikk noko å seie for korleis innsamlinga av informasjon skulle skje - til dømes om det hadde innverknad på valet av Ernst& Young som “granskarar”, valet om å “etterkontrollere” tala for 91, framfor å faktisk granske påstandane i breva, og valet om ikkje å ville snakke med dei som hadde informert om jukset. Den einaste informasjonen eg har på dette punktet, er at internrevisjonen uttrykte seg kritiske til at revisor skulle gjennomgå påstandane, noko som kan tyde på at det må ha vori nokon andre enn desse som har meint at etterkontroll ved revisor var den beste framgangsmåten. Utover internrevisjonen var det kulturkontoret som var representerte på møtet der avgjerda formelt blei teken.

Kva så med politikarane? Fyrst og fremst gjekk det lang tid før Harlem erklærte seg inhabil. Gerhardsen³¹⁹ hevdar at “Under arbeidet med saken så en at den gikk tilbake i tid, og at det ville være best å definere et inhabilitetsforhold både for Hanne Harlem og Vidar Ovesen”. Problemet er berre at det allereie i tipsbrevet sto at saka gjekk bakover i tid. “Under arbeidet med saka” i kommunen blei det derimot *ikkje* undersøkt noko som gikk bakover i tid! For det andre kan ein stille spørsmål ved om det var riktig å sende saka tilbake til byråden for barn og unge då Balas tok over, fordi ho hadde ein sekretær med ei sterk rolle i AUF i Oslo. Ein ting er at hennar tillit til Jacobsen kan ha påverka kor vidt ho trudde på det AUF sa. Ei anna sak er at sjølv om

Jacobsen erklærte seg inhabil, ville avgjerda ho tok kunne få følgjer for hennar eigen sekretær. Avgjerda handla om kor vidt ein skulle granske bakover i tid. Og “bakover i tid” svarte til ein periode då Jacobsen hadde sentrale verv i AUF i Oslo, der han mellom anna var involvert i søknadene til kommunen (jf. 7.2.2). Balas sat altså, på same vis som Harlem, med avgjerda om ho skulle gå inn for gransking av sin eigen sekretær eller ikkje.

Indirekte fekk “habilitetsspørsmålet” også følgjer i form av at saka blei handsama av tre ulike byråder, noko som gjer det uklart kven som har ansvaret for kva. Under den opne høyringa kom det fram at ingen av byrådene hadde full oversikt over saka, i form av at dei “forholdt seg aktivt” til dei to breva frå opposisjonen. Harlem las brevet frå Brunvand og Sønstevold, Johansen seier han kjente til innhaldet i bae breva, men at han ikkje hadde noko aktivt tilhøve til dei, men berre til revisjonsrapporten, og Balas hugsar ikkje å sett breva. Dei som hadde hatt ansvaret for å *samle inn* informasjonen, Ernst& Young, Harlem og internrevisjonen, såg aldri brevet frå Innflyttaranes AUF.³²⁰ Alt i alt ser vi at av byrådene var det berre Harlem som “forholdt seg aktivt” til informasjon frå opposisjonen, i form av brevet frå Brunvand og Sønstevold.

Johansen ga som sagt i 95 uttrykk for at mykje var gjort då han fekk saka i fanget. Harlem på si side svarer at “Hvis det skal være noe å kritisere her, må det være at man ikke gikk videre med granskingen etter at rapporten fra revisjonsfirmaet [...] forelå”.³²¹ Men administrasjonen som overtok saka etter at ho blei overført, oppfatta det som at det ikkje skulle følgjast opp utover det revisor hadde gjort: Ulrik Beichmann, dåverande kommunaldirektør, fekk saka: “Mitt oppdrag, slik eg oppfatta det, var å sjekke ut antal medlemmar i 91.”³²² Flyttinga av saka kan ha medverka til at ingen av dei ansvarlege fekk eit fullstendig oversyn, slik at til dømes brevet frå Innflyttaranes AUF ikkje påverka korleis prosessen i kjølvatnet av ytringa til Brunvand og Sønstevold utvikla seg. Brevet fekk ingen konsekvensar for korleis kommunen tolka informasjonen frå revisor. Johansen skriv at brevet omhandlar for høge medlemstal, noko som allereie slått fast i rapport frå Ernst& Young.³²³ Brevet blei altså sett som ei stadfesting av det revisor allereie hadde avdekt. Tolkinga er

underleg, sett i lys av innhaldet i brevet. Det er riktig at brevet stadfestar revisor sitt funn om at AUF i Oslo søker for fleire medlemmar enn dei kunne dokumentere, men det avslører spesifikt det motsette av at det skuldast rot. Brevet dokumenterer at leiinga skjulte informasjon og forfalska brev, at leiinga utbetalde lagsstøtte for færre medlemmar enn dei hadde søkt kommunen for, og fortel at dette ikkje berre gjeld for 1991, men også for 90, som kommunen ikkje hadde undersøkt. Innflyttarane opplevde det slik: “Vi tenkte at ut i frå det som kom ut av granskinga, var det ikkje eigentleg nokon vits i å sende brevet, fordi vi følte kommunen ikkje ynskte å oppdage det den burde ha oppdaga.”, og: “Vi fekk det klare inntrykk av at Rådhuset var Rådhuset, og var prega av dei som arbeidde der hadde fortid i AUF.”³²⁴

Det er ikkje berre nære band til AUF i Oslo som kan forklare eventuell politisk skepsis til å rote for djupt i saka. Andre moment kan vere at ei sverting av ungdomsorganisasjonen indirekte også ville ramme byrådspartiet politisk. Ein annan faktor som dukka opp i samband med rettssaka, er at mange av partipolitikarane kan ha røynsler med omtrentlege søknader frå si eiga tid i ungdomsorganisasjonane. Raymond Johansen og Rune Gerhardsen var mellom dei som innrømte kjennskap til overdimensjonerte medlemstal i deira tid i SU og AUF: Johansen går så langt som til å innrømme at SU då han var leiar “oppga for høye medlemstall og rapporterte møter som støtteberettigede studiesirkler”.³²⁵

6.5 Delkonklusjon

Leinga har freista å dra nytte av fordelar dei kunne unngått i kampen på den eksterne arenaen - som motsvar til opposisjonen si indirekte ytring. Dette gjeld både formelt funderte fordelar i samband med kontroll over informasjon, som også var i sentrum i prosessen kring den direkte ytringa, og meir sosialt tufta fordelar, i form av at dei freista å undergrave truverdet til opposisjonen. Samstundes er hovudintrykket det ikkje var vanskeleg for leiinga å påverke omverda ved å utnytte desse fordelane. Den indirekte ytringa frå opposisjonen blei møtt med ein påfallande passivitet frå omgjevnadene dei tok kontakt med, medan informasjonane frå leiinga blei møtt med ein god porsjon naivitet. I innsamlinga av datamateriale var korkje revisorfirmaet eller

kommunen spesielt kritiske eller grundige, noko som ga leiinga i AUF i Oslo stor kontroll over informasjonsutvekslinga. Dersom opposisjonen i 1992 hadde blitt intervjuet eller fått innsyn i påstandane frå leiinga, hadde det vori langt vanskelegare for AUF-leiinga å kome gjennom granskinga med stemplet “rot”.³²⁶ Revisor må ta ansvaret for at dei aldri gjorde forsøk på å oppsøkje anna informasjon enn den leiinga ga dei, og for at dei tolka denne ukritisk. Dei var såleis med på å sørge for at effekten av ytringa frå opposisjonen i fyrste omgang ikkje fekk nokon stor effekt. Kommunen må ta ansvaret for at ein valde å la AUF sin eigen revisor etterkontrollere sitt eige arbeid. Det er kommunen som under granskinga *har vald* ikkje å ta kontakt med dei som fortel at dei veit kommunen blir snytt for pengar, og som vel å oversjå detaljerte forklaringar frå eit lokallag om korleis fylkesleiinga over fleire år hadde juksa med medlemstalet dei oppgav til kommunen, samstundes som dei hadde haldt tilbake både pengar og informasjon ovafor laget. Kommunen må vidare ta ansvaret for at dei, trass i at etterkontrollen i og for seg underbygde påstandane frå opposisjonen, valde å tru på leiinga som hevda at rotet ikkje var medvitent. Såleis fekk AUF i Oslo eit høve til å stoppe jukset, utan å ha blitt stempla som “triksarar”. Bruken av oligarkiske mekanismar frå leiinga er med andre ord langt frå ei tilstrekkeleg forklaring på at strategien frå opposisjonen mislukkast. Her er det ikkje berre snakk om eventuelle forsøk på å utnytte ressursar som opposisjonen ikkje har den same tilgangen til; Det er også tale om ein revisor med eigne interesser av ikkje å oppdage juks, og ei politisk kommuneleiing som var så tett samanvovi med organisasjonen dei skulle kontrollere at det ville *ramme dei sjølv* dersom dei skulle ha konkludert annleis. Det er i dette lyset vi må tolke det faktumet at omverda *valde* å lite på nokon som etter kontroll ikkje kunne dokumentere at meir enn halvparten av medlemene var reelle. Sjølv om vi finn oligarkiske “spor” var handlingsmåten, både til revisor og til den administrative og politiske delen av kommunen, ein *vesentleg føresetnad* for at den indirekte ytringa frå opposisjonen ikkje vann fram. Såleis er bruken av unngåelege fordelar ei delforklaring, men ikkje ei tilstrekkeleg forklaring, på at leiinga i AUF i Oslo kunne greie å skjule jukset i denne omgangen.

Ernst& Young³²⁷ meiner at “Vi må være klar over at primært er det ledelsen, det organisatoriske apparatet, [...] som har ansvaret for den interne kontroll.” Gro Balas ^{ibid s49} gir uttrykk for noko av det same, men føyer til at revisor også har eit ansvar: “I hvert fall så er det slik at man i stor grad må basere seg på at den valgte ledelse i organisasjonene er redelige og ærlige, at det finnes kontrollsystemer internt i organisasjonen som fungerer, og at statsautoriserte revisorfirmaer klarer å gjennomskue eventuelt juks.” I førre kapittel såg vi korleis dei interne høva til å stoppe jukset ikkje fungerte. I dette kapitlet har vi sett korleis forsøket på ekstern ytring til kommunen heller ikkje nådde fram, i fyrste omgang. Raymond Johansen nyttar i ettertid karakteristikken “for lettvindt” for å skildre den granskinga kommunen gjorde i 92, medan Balas uttrykkjer seg slik: “Sett i lys av dagens situasjon, så skal jeg være den første til å erkjenne at mange ting kunne ha vært gjort annerledes, men da satt vi ikke på den kunnskapen som er kommet fram i 1995.”³²⁸ Men korleis kunne ein få *fram* den kunnskapen, når ikkje eingong kommunen greidde det - trass i at byrådsleiar Gerhardsen³²⁹ meiner at: “Det var spesielt viktig for oss at den ble behandlet på en nøyaktig måte”, og at “det var en ganske resolutt handling fra kommunen sin side”. Det skal vi sjå vidare på i neste kapittel.

7. Indirekte ytring via media

“Man må ikke forveksle partiloyalitet med servilitet.” Reiulf Steen

Vi skal no gå inn i tredje kapittel om dei ulike strategiane som blei nytta i samband med “kontingentsaka” i AUF i Oslo. Den 2. mars 1995 avslørte VG at AUF-leiinga i Oslo ikkje hadde rydda opp i kartoteket etter granskinga i 1992. Rett nok hadde dei innført nye rutiner i form av giroinnbetalingar for alle, men reelt hadde dei utvikla eit sett av prosedyrar som gjorde at jukset kunne halde fram innanfor rammene av dei nye formelle reglane. Dette skjedde ved at leiinga betalde inn giroar for folk som ikkje betalde sjølv. Giroinnbetalingane til AUF i Oslo sin konto blei mellom anna finansiert med pengar frå kommunen, via kontoane til “daude lag”.³³⁰ Kvar av desse giroane utløyste ei støtte frå kommunen på fleire hundre kroner. Åra frå 92 til 94 søkte dei for 1201, 967 og 712 medlemmar, og betalde sjølve for om lag 700, 600 og 350 av dei.³³¹ AUF-leiinga innrømte at dei hadde betald for folk som over telefon sa dei ville betale, pluss folk som “man ikke kom i kontakt med, men som man hadde grunn til å tro ønsket være medlemmer”, t.d. folk som tidligare hadde vori aktive, som tidligare hadde betald kontingent, som hadde vori på informasjonsmøte, eller medlemmer som var vervet i løpet av året. Dei hevda likevel at dei trudde dette fall inn under kommunen sin medlemsdefinisjon.³³² Røberg-Larsen sto fram med ein litt annan versjon, og sa at ein betalde for folk ein visste ikkje ville vere med, og var medvitne om at praksisen var i strid med regelverket.³³³ AUF i Oslo presenterte som følgje av 92-granskinga ein formell struktur tilpassa normer i omgjevnadene (i form av kommunen), men utvikla ein uformell struktur som samordna faktisk handling (jf. Brunsson 1989:7). Dette er eit døme på det Brunsson og Olsen (1990:27) kallar “hypocrisy”: “to talk in a way that satisfies one demand, to decide in a way that satisfies another”. Intensjonserklæringane i 92 blei ein kompensasjon for handling, der leiinga la vekt på betring i form av nye rutiner, sjølv om dei ikkje hadde intensjonar om å oppfylle desse (jf. Christensen 1991:20; Brunsson 1989:5).

Medieoppslaga var langt frå avgrensa til berre å handle om AUF i Oslo, men av plassomsyn vil eg freiste å utelate alt som ikkje kan seiast direkte å omhandle denne organisasjonen. Der eg ser på effektar på offentleg opinion, må eg utvide perspektivet litt, fordi spørjeundersøkinga eg nyttar ikkje inneheld spesifikke spørsmål om Oslo-saka. Det er òg viktig å ha i mente at alt som skjedde med dei andre ungdomsorganisasjonane utgjorde eit viktig bakteppe for kva som skjedde i og rundt Oslo-saka. Omfanget av avsløringane og reaksjonane påverka sjølvsagt denne, sjølv om vi ikkje kan gjengje ordskiftet her.

Strukturen i kapitlet er som følgjer: Fyrst vil eg sjå på i kva grad vi står ovafor indirekte ytringar frå aktørar med mål om å stanse jukset, eller om avsløringane fyrst og fremst var resultat av journalistisk higen etter friskt statsrådsblod? Så vil eg sjå på kva følgjer oppslaga hadde. Oligarkiperspektivet vil ha lite å tilføye i denne delen av analysen, nett fordi mediearenaen i større grad ligg utanfor den delen av omgjevnadene som er lett for ei organisasjonsleiing å kontrollere tilgangen til. Perspektivet vil fyrst og fremst kunne nyttast i den grad eg må forklare *manglande* bruk og effektar av strategien.

7.1 Aktørar på mediearenaen

I “triangelhypotesen” skildrar Eide og Hernes korleis media som arena tvingar aktørar til å reagere på kvarandre ved å rapportere om ein aktør, for slik å framkalle reaksjonar frå andre aktørar (Eide 1991:31). Arenaen er eit offentleg rom der aktørane forsvarer sine interesser. Eide (ibid) skriv at media kan “gjøre andre aktørar til medspillere ved å gjøre dem til sine motspillere”, og slik fungere som ein *aktør*. Bjørklund (1991:283) definerer aktørrolla slik: “In the role as “actor”[] the media are active players in the campaign, especially promoted by the ideal of investigative journalism”. Ein aktør må med andre ord vere *deltakar i prosessen*. Mediet som arena rapporterer om *andres* handlingar og reaksjonar, medan mediet som aktør også rapporterer om *eigne* handlingar og reaksjonar.

Ein gjennomgang av *arbeidsmetodane* til VG i saka kan fortelje oss noko om i kva grad det var kjeldene som dytta saka ut på mediearenaen. Var VG ein “avløysar-

aktør” på vegne av andre aktører som ikkje ville stå fram med standpunkta sine, eller var det dei sjølve som dreiv saka fram? VG hadde to uavhengige tips innanfrå miljøet.³³⁴ Ut i frå dette arbeidde dei med saka i ein måned før det fyrste oppslaget kom.³³⁵ Alf Bjarne Johnsen frå VG seier at saka starta med eit tips, men at “avsløringen kom som følge av graving og såkalt undersøkjande journalistikk”.³³⁶ I januar var VG i kontakt med kontrollkomiteen i AUF i Oslo, som etterpå hadde eit møte for å drøfte VG sine opplysningar om falske medlemstal.³³⁷ To landsmøtedelegatar på Arbeidarpartiets landsmøte i februar, fortel at AUF-delegasjonen fekk melding frå AUF-sekretær Rita Ottervik om å ikkje snakke med VG, fordi dei var ute og snuste etter tips om rot med medlemstala.³³⁸ Dette syner at VG ikkje berre har tent rolla som ein “avløysar-aktør” for ei kjelde som porsjonerte ut informasjon til avisa, man at dei aktivt oppsøkte aktørane for å grave saka fram. Politisk redaktør, Olav Versto, uttaler om saka at “det mest handler om ork og vilje hos den enkelte journalist til å drive saken igjennom tross motgang og uvillige kilder”.³³⁹

Også etter at saka “sprang” i mars, hadde VG ei leiande rolle. Mange av oppslaga ser ikkje ut til å vere resultat av at andre aktører reagerer på kvarandre på mediearenaen, men tek form av at VG konfronterer intervjuobjekta, slik at dei må stå til ansvar for VG. Eit ekstremt døme på at det er VG som *krev* svar utan at intervjuobjektet er særleg villig, finn vi i oppslaget der AUF-leiar Trond Giske sjølv har skrivi svar på ein del punktvis spørsmål.³⁴⁰ Det er ikkje andre aktører, men VG sjølv, som framstår som “motspelaren” som driv saka framover, og som går til åtak på AUF i Oslo. Stiftelsen for en Kritisk og Undersøkende Presse (SKUP) konkluderte med at VG har “rullet opp denne saken med en så overveldende mengde etteretterlig dokumentasjon at ethvert forsøk på bagatellisering og ufarliggjøring har vært dømt til å mislykkes [...] Gjennom hele den prosessen har VG vært ledende. Avisen har [...] drevet saken videre fra skanse til skanse”.³⁴¹ Med AUF-saka legitimerte VG seg som ei motmakt, i tråd med det gamle idealet om den oppsøkjande journalisten som avslører maktsentra i samfunnet (jf. Allern 1996:3f). Som eit resultat av arbeidet med

saka, fekk politisk avdeling i VG både “Den store journalistprisen” og “SKUP-prisen”.³⁴²

At VG tok eit klart *standpunkt* i saka kjem fram på mange vis: Saka fekk fort namnet “AUF-skandalen”, og blei framstilt som “juks” og “triksing”. I fleire leiarartiklar fordømmer VG handlingane, og krev at saka må få konsekvensar for dei involverte.³⁴³ At VG ikkje er særleg positive til aktørane og det dei har gjort, er også tydeleg i form av spørsmålsformuleringar og brødtekstar i artiklane³⁴⁴. Både redaksjonelt og i dekninga av saka gir dei uttrykk for eigne haldningar. Når media på dette viset gir uttrykk for eigne standpunkt, står dei fram som “motspelar” på linje med andre aktørar i saka. Helje Solberg, journalisten som arbeidde mest med saka, seier sjølv: “VG ble også en aktør i saken i og med at vi var først med påstandene. Vi tok et standpunkt i saken på grunn av dokumentasjonen.”³⁴⁵

Dersom kjeldene ikkje ynskjer å stå fram, kan media, med kjeldevernet i hand, presentere ei sak utan at kjeldene blir avslørte. I følgje Solberg nytta VG anonyme kjelder to gongar i saka, “men da hadde vi også annen dokumentasjon, som postgiroblanketter.”³⁴⁶ I det fyrste VG-oppslaget presenterast informasjon om Oslo-jukset utan at kjeldene står fram. VG legg fram ein bunke av dei falske medlemsgiroane, og presenterer detaljar om korleis jukset skal ha blitt planlagd og gjennomført. Kjeldene bak denne informasjonen spelte ei vesentleg rolle for avsløringa, fordi det var denne “ytringa” som sparka i gang prosessen, før aktørar som Røberg-Larsen og Brunvand/Sønstevoold sto fram. Eg vil no vurdere kven som nytta mediearenaen til å ytre seg mot jukset, anten opent, eller som løynde kjelder.

7.1.1 Motvillige kjelder eller medviten mediemating

Opposisjonen som tidlegare har uttrykt misnøye med praksisen, hadde eit opplagt motiv for å freiste ein ny variant av indirekte ytring, via media. Dei tidlegare AUF-arane **Brunvand** og **Sønstevoold** kunne ikkje stått bak dei fyrste oppslaga som avslørte at organisasjonen *på ny* hadde juksa, fordi denne må kome frå kjelder som har vori i kontakt med AUF i Oslo etter 1992. Då saka fyrst kom opp, ga dei VG dokument, i fyrste omgang anonymt via Håkon Haugli. Sidan markerte dei seg klart i fleire ulike medium.³⁴⁷ “Saka låg jo daud i 93. Når ein då får eit tips om at dette skjer igjen i 95,

då har ein ei sak.”³⁴⁸ Brunvand og Sønstevold freista såleis å ytre seg på mediearenaen, med eit klart motiv om å få slutt på jukset. Kva når vi vender oss til den andre delen av opposisjonen, **Innflyttaranes AUF**? Dei var framleis i organisasjonen då oppslaga kom. Likevel er det relativt usannsynleg at laget skulle ha fått tilgang på dei opplysningane VG sat med. Sjølv om dei skulle ha klart å få tak i dokument (som medlemsgiroar), er laget utelukka som kjelder for dei meir detaljerte opplysningane om korleis leiinga konkret har utført jukset, fordi denne kunnskapen som sagt var særst sentralisert. Riseng³⁴⁹ seier: “Eg oppheldt meg ikkje mellom folk som kunne vite noko om det. [...] Eg visste ikkje kva eg skulle leite etter.” Både Ljoså og Riseng frå laget gir også uttrykk for at dei var skeptiske til å ha kontakt med pressa. Ljoså fortel om fyrste gongen ho forsto at VG snuste i saka: “Rita Ottervik fortalde om en kvinneleg journalist som kom til å spørje oss om rot i medlemstal, og om ho spurte, måtte vi aldri innrømme at det nokon gong hadde skjedd noko galt med noko galt. [...] Eg var litt i tvil og kva vi skulle gjere, om eg kom i kontakt med denne journalisten, for eg visste jo det hadde vori rot før, og eg blei ikkje rolegare av måten Rita avviste heile problemstillinga på.”³⁵⁰ Ljoså hevdar at då saka fyrst kom opp, hadde mange i Innflyttaranes AUF lyst til å gå ut i pressa, men at dei både syntest det kunne verke litt illojalt og “furtete”, og at dei var redde for dei sosiale konsekvensane. Ljoså valde å ha noko kontakt med VG, men hevdar at ho var varsam med kva ho fortalde og også kva ho lot dei få bruke anonymt, fordi: “Eg fann ut at det var for belastande i forhold til kulturen i AUF i Oslo. Det ville bli veldig tøft, fordi alle utanom dei i laget mitt, ville bli veldig sure på meg og ville slutte å helse på meg og bli ganske motbydelege.”^{ibid} Dei som på dette tidspunktet framleis var aktive i AUF, valde såleis ikkje å ytre seg indirekte via media, sjølv om ei av dei hadde ein viss kontakt med VG. **Magne Riseng**, som då ikkje lenger var aktiv, valde derimot å gå ut i eit oppslag saman med tre andre tidlegare fylkesstyremedlemar, med ein bodskap som var kritiske til leiinga.³⁵¹ Dette oppslaget var det **Haugli** som tok initiativ til. Han inntok såleis ei aktiv rolle i høve til VG, og valde å ytre seg mot leiinga. Han kan ha hatt informasjon, fordi han i 92-93 sat i fylkesstyret, og då hadde god kontakt med personane som sto for jukset. Det er med andre ord mogleg at Haugli fekk vite ein del

som andre ikkje visste. Han gikk imidlertid ut av fylkesstyret og miljøet i 93, og hadde såleis ikkje direkte høve til å plukke opp detaljar om korleis jukset skjedde etter den tid. Haugli seier sjølv at han ikkje sto bak avsløringa, men at han valde ytre seg i media etter at han såg kva som kom fram. Han gir uttrykk for at “Det var bra at saka kom i pressa. Det var einaste måten å gjere noko med det på, når dei interne systema svikta.”³⁵²

Spørsmålet om informasjon står som vi ser like sentralt her som i drøftingane av dei andre ytringane. Også i høve til media, var det kunnskap som var den store “bøygen”. Nokon med tilgang til leiinga må ha gitt VG den avgjerande informasjonen. I det fyrste oppslaget skriv VG at dei “fra ansvarlig hold i AUF i Oslo” har fått stadfesta at leiinga sjølv betalde inn mange hundre giroar”, men at “ledelsen benekter at de kjenner til triksing”. Under rettssaka sa Ragnar Bøe Elgsaas (leiar frå 93-95) at han meinte det var **Røberg-Larsen** som hadde gått til VG med saka.³⁵³ Fyrste gong Røberg-Larsen står fram på VG-arenaen, er 3. mars under overskrifta “AUF-topp vedgår triksing”. Her vil han ikkje ville seie noko om omfang eller kommentere andres kjennskap. Røberg-Larsen hevdar han då berre tilsto at han kjente til “forskotering” i lokallaget Gamle Oslo AUF, og ikkje anna, men at innrømminga blei “blåst opp”. Han hevdar at han og ein annan denne dagen drøfta strategien med ein i AUF-sentralt, og fekk vite at dei både ovafor media og internt måtte gje så lite informasjon som mogleg.³⁵⁴ Som fylkessekretær innkalte Røberg-Larsen den 10. mars til ekstraordinært årsmøte.³⁵⁵ Førebels var det ingen synleg konflikt mellom han og dei andre i leiinga. I følgje Røberg-Larsen starta konflikten då han, etter å ha lesi AUF i Oslo sin rapport til kommunen, skreiv eit eige notat med sin versjon av saka. Kvifor valde han å gjere dette? Han hevdar problemet var at både handskrift på giroar og kontouttak kunne sporast tilbake til han. Til dette forsto han at “ingen kommentar” ikkje var eit godt nok svar i lengda, og blei redd for at dei andre, ved ikkje å innrømme alt ovafor kommunen, ville laste skulda over på han åleine.³⁵⁶ Etter dette står han fram i mange VG-oppslag med ein annan verson enn dei andre frå leiinga. Ytringane kan likevel ikkje gli inn i modellen vår som “ein strategi for

endring”, fordi det vil vere urimeleg å hevde at Røberg-Larsen sitt motiv var å få slutt på jukset, trass i at han vel var den viktigaste bidragsytaren for å få det til.

Røberg-Larsen kan verke som ei sannsynleg kjelde, fordi det er han som etter kvart innrømmer jukset og stadfestar avsløringane. Samstundes verkar motivet ein smule dunkelt: Vi kan utan vidare avfeie at motivet skulle vere eit ynskje om å få slutt på jukset. Dersom motivet i staden var å skade andre, ville han vite at oppslaga kom til å skade han sjølv minst like hardt, i tillegg til at han måtte bere den sosiale byrden ved å ha sladra. Eit hemnmotiv har også blitt tillagt **Linda Rønold**, kjærasten til Røberg-Larsen, som av advokat Klomsæt blei peika ut som VG-kjelda.³⁵⁷ Rønold svarer: “Skulle eg ha ramma meg sjølv ved å ramme Bjørn Jarle?”³⁵⁸ Eg kan ikkje avvise påstandane om at det var ein av desse som gikk til VG, men samstundes verkar motiva uklare, fordi dei bae burde forstå at oppslaga ville ramme dei sjølv hardt.

Røberg-Larsen³⁵⁹ fortel at då leiinga drøfta kven som hadde fått vite noko, fann dei ut at både dåverande og tidlegare kjærastar og gode venar av dei fire hadde fått innsyn i delar av historia. I denne krinsen kan det vere personar som har fått vite ein del detaljar, og som ikkje sjølv treng å bli hardt råka av ei avsløring. Mellom desse kan det vere mange motiv bak eit ynskje om å få slutt på oppblåste medlemstal i AUF i Oslo. Eit argument som kom fram i VG, handlar om den politiske kampen mellom fylkeslaga i AUF. Buskerud AUF slutta å blåse opp tala sine i 1993, og folk herfrå peikar på at andre fylke har haldt fram, og at det kan påverke den politiske kampen i AUF.³⁶⁰ Dei refererer til EU-saka, der Buskerud som ja-fylke konkurrerte mellom anna med Sør-Trøndelag og Oslo. Ein av dei uttaler om tida før 93 at: ”Jeg har dårlig samvittighet for den politiske påvirkningen vi frarøvet andre fylkeslag”³⁶¹.

Eg har no gjort eit forsøk på å seie noko om kven som i media ytra seg indirekte mot jukset. Eg har ikkje avklart kor vidt motivet bak sjølve avsløringa var direkte knytt til eit ynskje om å stoppe jukset. Likevel har vi sett korleis det ikkje kan ha vori opposisjonen som på dette viset hadde funni ein ny strategi for å få bukt med jukset. VG-oppslaga kan sjåast som eit slags tilfelle av at “leiinga som koalisjon” slår sprekkar (jf. Panebianco). For det fyrste fordi god tilgang til leiinga, med påfølgjande informasjon, ser ut til å ha vori ein føresetnad å kunne gå til media med saka. For det

andre ved at innrømmingane frå Røberg-Larsen har vori avgjerande for korleis saka utvikla seg.

I ein slik form for undersøkjande journalistikk som VG dreiv i denne saka, er ikkje biletet av media som arena godt nok. Dei har sjølv framstått som ein aktør som tvang andre aktørar til å reagere på VG sine *eigne* handlingar og reaksjonar. Med andre ord var vi ikkje vitne til tradisjonelle ytringar der dei involverte aktørane i saka storma ein ventande mediearena. Når eg tidlegare har nytta termen indirekte ytring, har dette vori som ein strategi opposisjonen kunne nytte for å endre åtferda og haldningane i AUF i Oslo. Gjennomgangen syner imidlertid at biletet ikkje er heilt dekkjande for kva som skjedde i samband med VG-oppslaga i 1995. Den svært aktive rolla VG sjølv tok i saka spelte sannsynlegvis ei stor rolle. Gjennom si rolle som aktør i saka, pressa VG andre aktørar ut på banen. Vidare i kapitlet vil eg sjå på effektane av oppslaga, og i kva grad dei førte til at jukset tok slutt.

7.2 Effektar av oppslaga

Å ta ei sak opp i media, kan ha mange ulike konsekvensar. Som figur 3.1 syner, kan oppslaga påverke AUF i Oslo direkte, eller dei kan påverke indirekte ved at Oslo kommune eller rettssystemet tek saka opp. Eg vil sjå på korleis oppslaga påverka langs desse “stiane”, men fyrst vil eg gå litt inn på korleis medieoppslaga påverka offentleg opinion. Allern (1996:3f) peikar på at førestillinga om pressa som ei “fjerde statsmakt” har to dimensjonar: både at pressa er ei motmakt til dei styrande, og at dei har sjølvstendig opinionsmakt. Reaksjonane i opinionen kan såleis gje oss eit inntrykk av tyngda som ligg bak ein mediestrategi.

7.2.1 Effektar på offentleg opinion

I kva grad greidde så pressa å få med seg opinionsmakta bak si fordømming av jukset i AUF i Oslo? Nielsen Norge undersøkte i februar 1996 korleis eit representativt utval på 500 personar vurderte “saken om medlemstallene i ungdomsorganisasjonene og tilskuddet fra det offentlige”³⁶². Mediekommunikasjon kan for det fyrste påverke “kva folk meiner noko om”, jamfør McCombs sin tese om at media har ein dagsordensettande funksjon. Opinionsundersøkinga synte at mange var opptekne av

saka: 35% av utvalet svarer at dei ikkje veit, eller at dei ikkje eller i liten grad følgjer med, medan resten følgjer med. For det andre kan media påverke *kva* folk meiner om ei sak.³⁶³ På spørsmål om dei oppfattar saka som alvorleg, finn vi at eit fleirtal (52%) oppfattar saka som meget eller ganske alvorleg, medan 26% ikkje synest saka er alvorleg. På spørsmål om saka har påverka haldninga deira til topp-politikarane, svarer 20% at dei i meget eller ganske stor grad har blitt påverka, og 15% at dei ikkje har blitt påverka i det heile. På eit spørsmål som syner direkte til “de av dagens topp-politikarane som har vært involvert”, er det heile 21% som ikkje ser seg i stand til å svare. Problemet kan skuldast at svaralternativa inneheld omgrep som “renominasjon”. 9% meiner at politikarane bør gå av, 22% at dei ikkje bør bli renominerte, og 29% svarer at saka ikkje burde få slike konsekvensar. Vi kan konkludere med at oppslaga både greidde å fange merksemd, og at VG fekk med seg opinionen i si haldning til jukset. Med dette opinionspresset som premiss, skal vi gå over til å sjå på korleis oppslaga påverka haldningar og åtferd i Oslo kommune og AUF i Oslo.

7.2.2 Effektar på Oslo kommune

For å sjå korleis mediekommunikasjonen påverka kommunen, vil eg samanlikne reaksjonen i 1995 med den som kom i 1992, då media ikkje beit seg særleg merke i saka.³⁶⁴ Aktørane var stort sett dei same: Arbeidarpartiet sat framleis i byrådsposisjon (i 95 utan SV), og fleire av dei same personane styrte framleis økonomiarbeidet i AUF i Oslo. Det er to sentrale skilnader mellom 1992 og 1995. Det eine er media si deltaking, det andre er det faktumet at dette var andre gong kommunen fann ut at det var store feil i søknadene frå AUF i Oslo.

Med VG-oppslaga i 1995 kom det heilt andre reaksjonar frå kommunen si side enn då opposisjonen ytra seg i 1992. Byrådet tok med ein gong påstandane alvorleg, og ba AUF i Oslo om en “rask redgjørelse”. Byråd Gro Balas ba vidare om at kommunerevisjonen skulle granske saka, og byrådet meldte dei tre siste fylkesstyra i AUF i Oslo til politiet. Balas sa seg så inhabil på grunn av tett samarbeid med Hornslien i Europarørsla.³⁶⁵

Kommunerevisjonen valde å systematisk granske både medlemstal, kurs og aktiviteten i lokallaga, heilt tilbake til 1989. For å få til dette, hadde dei ein heilt annan arbeidsmåte enn Ernst& Young. Dei tok direkte kontakt med eit utval personar i registeret, og fekk stadfesta at mange av dei ikkje ynskte å stå der, og at ein del hadde freista å melde seg ut gang på gang, utan resultat. Vidare tok dei direkte kontakt med AUF-arar i ulike delar av organisasjonen, for å få stadfesta og avkrefta kva som var reelle rutiner og aktivitetar. Mellom anna hadde dei direkte kommunikasjon med Innflyttaranes AUF.³⁶⁶ Såleis nøytraliserte dei den oligarkiske mekanismen som var så viktig i 1992, der leiinga hadde kontroll over den eksterne kommunikasjonen. Advokaten til leiinga meiner at sentrale personar som hadde sitti i leiinga faktisk blei forbigått i 95, slik at det no var *dei* som ikkje fekk gje sin versjon til revisjonen.³⁶⁷

Også i 95 freista leiinga å svekkje truverdet til opposisjonen ved å ordleggje seg slik til kommunen: “Motivene kan være svært ulike for personer som klandrer tidligere ledelse i AUF i Oslo”.^{ibid} Denne gongen var det likevel vanskelegare å få gjennomslag for ein slik type argumentasjon. Revisjonen la den 19. mai 95 fram ein omfattande rapport som mellom anna slår fast at “en engere krets av ledelsen i AUF i Oslo på en systematisk måte” hadde medverka til at AUF i Oslo frå 1992 og framover urettmessig hadde fått 586 000 kroner som organisasjonen ikkje hadde rett til, i form av medlems- og kursstøtte.³⁶⁸ Dei gir også uttrykk for at det har vori vanskeleg å granske tilhøva bakover i tid, noko som kunne ha vori lettare i 1992.

Kommunaldirektør Lasse Johansen var “meget overrasket” over konklusjonane, men såg “meget alvorlig” på saka, medan den politiske leiinga ga uttrykk for at jukset var heilt uakseptabelt.³⁶⁹ Kommunen kravde pengane tilbake, og nekta AUF i Oslo kommunestøtte for 1995. Som følgje av rapporten blei meldingane til politiet reduserte til å gjelde fem personar, og politigransking leidde til at statsadvokaten tok ut bedrageriltale mot fire av dei den 29. mars 96.³⁷⁰ Internt i kommunen leidde oppslaga til at byrådssekretær Frode Jacobsen 23. mars ba om å få trekkje seg etter å ha innrømt juks med søknader om kursstøtte, men Balas ynskte berre å permittere sekretæren. Den 1. september han var han tilbake i arbeid.³⁷¹

Medieoppslaga med tilbakeblikk på kommunen si handsaming av 92-saka, leidde til at byrådet blei utsett for sterk kritikk frå opposisjonen i bystyret. Dei truga med mistillit, og fekk saka fram til offentleg høyring. Opposisjonen meinte byrådet skulle ha undersøkt grundigare dei tipsa dei fekk i 1992, og at dei skulle ha lagt fram for bystyret breva som tipsa om jukset.³⁷² Dei hevda at kommunen i 92 ikkje hadde tatt noka offensiv rolle for å avdekkje juks, og at byrådet ikkje ga inntrykk av “vilje til aktiv oppfølging”.³⁷³

Alt i alt ser vi at kommunen reagerte heilt annleis på mediekommunikasjonen i 1995 enn då AUF-arane i 1992 melde frå om det same. Dei sterke reaksjonane har truleg samanheng med at det var andre gong AUF blei tatt i fusk. Men det er også grunn til tru at sjølv ytringsforma via media hadde avgjerande effekt på reaksjonane. Media gjorde sjølv ein stor del av arbeidet med å rulle opp prov på jukset, slik at dei indirekte ytringane blei plasserte inn i ein heilskapleg samanheng. Dette gjorde det vanskeleg ikkje å ta opplysningane seriøst. Dei indirekte ytringane fekk bak seg ei sterk mediemakt, i form av at VG som aktør ga ytringane ei tyngde dei elles ville mangla.

7.2.3 Effektar på AUF

Medieoppslag kan ha effekt både på åtferd og haldningar (jf. Asp 1986:78f) . Asp syner til Karl Erik Wärneryd, som kallar ein endringseffekt frå det kognitive, via det affektive, til handling, for “den rasjonelle vegen”. Ei endring som startar med åtferdsendringar kallast “den uengasjerte vegen”. Eg vil fyrst sjå på åtferdseffektane på AUF, for så å vurdere i kva grad oppslaga påverka haldningane i AUF.

7.2.3.1 Endra åtferd?

Som følgje av oppslaga, gjekk dei involverte av, “for å skape ro omkring AUF i Oslo”³⁷⁴, og årsmøtet valde ei ny leiing med Marte Gerhardsen i spissen. Dagbladet³⁷⁵ refererer: “Utskiiftingene i ledelsen ble også det eneste konkrete som kom ut av det ekstraordinære årsmøtet. All realitetsbehandling av AUF-skandalen ble utsatt til etter at AUF-granskningen er ferdig”. (Jf. også kap.5.) Gerhardsen uttaler etter møtet “at hun nå har fått den nødvendige politiske ryggrad”, og lovar åtferdsendring i form av å reinske kartoteka for alt anna enn medlemar som sjølv betalde. Før sommaren skulle

dei kome i kontakt med alle som sto i medlemsregisteret.³⁷⁶ AUF sentralt sende også ut eit brev der dei ba alle som ville ut av registeret om å ta kontakt, noko om lag 1200 personar gjorde.³⁷⁷ Rutinene skulle også endrast: “Fylkesstyre i AUF i Oslo har satt i gang arbeidet med å lage nye kontingent rutiner.”³⁷⁸ På sentralt hald innførte AUF ein regel om at alle nye medlemmar måtte skrive under når dei blei verva.³⁷⁹

Som vi såg i kapittel fem, kravde opposisjonen etter avsløringane også åtferdsending i form av auka innsyn og kontroll, som skulle gjere det lettare å “oppdage misbuk av rutinene”.³⁸⁰ Framlegget blei som sagt avvist. Rune Tokle, leiar i Innflyttaranes AUF 1996-97, meiner likevel at åtferda på dette punktet har endra seg noko: “Synet på organisasjon er ikkje endra etter medlemssaka sprakk, men eg opplever meir openheit.” Han meiner vidare at avstanden mellom kontrollkomité og fylkesstyre er blitt litt større, og som medlem og leiar her i 96-98, fortel han at komiteen var nøye med rekneskapa.³⁸¹

Som eit ledd i oppryddinga blei lokallaga bedne om å betale tilbake pengar til fylkeslaget som det hadde blitt søkt for på urettmessig grunnlag - utan at det blei gått inn i kva grad laga faktisk hadde fått utbetald desse frå AUF i Oslo. Utover dette har det ikkje vori fleire forsøk på å ta opp sjølve jukset som ei sak i AUF i Oslo.³⁸²

Kva hadde så oppslaga av effektar på synet på nyverving? Gerhardsen gjekk offensivt til verks: “Til sommeren skal vi ha like mange betalende medlemmer som det vi fikk støtte for i 1994”!³⁸³ Tokle³⁸⁴ forklarar: “Det var viktig å reise AUF i Oslo. [...] Det var ei topp målsetting, synest eg.” Internt fokuserte dei på at verving ville vise styrke: “Fokuseringa som har vært på oss i det siste, har ikke ensidig vært negativ. [] Så nå må lokallaga ut og verve, sånn at vi blir mange og sterke.”³⁸⁵

Etter at AUF sitt medlemsregister blei kopla saman med AP-registeret, konkurrerte AUF-arane om dei same vervepremiane som Arbeidarpartiet hadde. Vervepremiane var store. Fordi nye AUF-medlemmar fekk tilbod om medlemskap for 10 kroner, kunne utlegg på 10 kr. gongar 50 medlemmar gje vervaren ein datamaskin.³⁸⁶ Tokle³⁸⁷ fortel at det var litt diskusjon om introduksjonsprisen, men meiner det var rett å gjere terskelen minst mogleg.

AUF-leiinga sa i november 97 at det var “vanvittig utidig” å stille spørsmål ved om dette oppmoda til juks, fordi “AUF har veldig strenge regler for innmelding, slik at det ikke skal være mulig å jukse”.³⁸⁸ Trass i desse strenge reglane kom vanskane fram berre nokre månader seinare: I mars kunne Klassekampen avsløre at mange var så ivrige at dei sjølv betalde medlemskap for folk som ikkje uttrykte politisk interesse eller eit reelt ynskje om å vere med i AUF, men som av ymse grunnar gjekk med på å skrive under. Både heilt unge medlemmar og sentrale tillitsvalde skal ha gjort dette i Hordaland, og Klassekampen fekk stadfesta same praksis i fleire fylke. AUF hevda etter undersøking at dette berre gjaldt to lokale AUF-arar, men blei imøtegått av mange som har blitt verva og betald for av andre, også leiande AUF-arar i Hordaland.³⁸⁹ Ein av dei som fyrst sto fram og avslørte denne typen medlemsverving, hevdar han seinare fekk vite han kom til å bli ekskludert for ha “svertet AUF og Arbeiderpartiet”.³⁹⁰

7.2.3.2 Haldningseffektar

Hornslie³⁹¹ seier at “Denne saken hadde jo aldri kommet opp hadde det ikke vært for pressen”. Marte Gerhardsen hevda på si side under retssaka at “AUF-saken er vanvittig overdimensjonert” og “helt ute av proporsjoner”. Ho synte til at “Blant annet det å fly meg hit til Oslo fra London, der jeg studerer, er et tegn på at man er kommet galt av sted”.³⁹² Ho uttaler sin skepsis til pressa ved å hevde at, i samband med “no´ tull i AUF i Oslo”, blei “15-16 årige lagleiarar [...] ringt opp midt på natta og truga med at viss dei ikkje stilte opp, så fekk dei biletet i avisa”.³⁹³ Dei same reaksjonane er tydelege i heile AUF. På AUF-leiren juni 1995 blei det selt t-skjorter med teksten “Jeg liker ikke Helje Solberg”.³⁹⁴ Det kan sjå ut som om dei meiner at det var oppslaga i seg sjølv, og ikkje opplysningane dei kom med, som var problemet. At dei same haldningane rådar langt inn i partirekkjene, kjem fram i følgjande sitat: “Da medlemsjuks-skandalen i AUF i Oslo første gang ble slått opp i media, reagerte Ap-nestleder Jens Stoltenberg.[...] Hva Stoltenberg reagerte på? Jo, på de vinklinger pressen hadde i sine omtaler av saken. Reagerte han ikke på det som ble avdekket av pressen: [] Nei, Stoltenberg observerte bare at han kjente noen av metodene, ikke til andre. På spørsmål fra aktor om han anså dem for å være akseptable, var svaret at det

kunne han ikke ta stilling til.”³⁹⁵ Den fyrste dagen etter at saka sprang, seier leiaren i Oslo Arbeidarparti: “Jeg har vanskelig for å tro at det har foregått juks.”³⁹⁶ Etter kvart som jukset blir påvist, gir mange AP-arar inntrykk av at dei ikkje meiner Oslo-saka er verre enn det “slurvet” dei sjølv har vori med på.³⁹⁷ VG hevdar at “AUF-skandalen i VG ble forsøkt stoppet fra høyeste hold. “Vi fikk telefoner fra sentrale personer i det politiske miljø, og opplevde forsøk på å true oss til å legge ned pennen, forteller Olav Versto og Alf Bjarne Johansen”.³⁹⁸ Dette tyder på at VG sjølv har blitt oppfatta som “motspelaren” i AP-krinsar.

Kva effektar hadde så oppslaga på haldningane AUF-arane hadde til “den gamle” leiinga og det dei hadde gjort? Tokle sat i valkomiteen då ei ny leiing skulle veljast: “Det viktige var å finne folk som ikkje hadde anklager mot seg i form av formelle verv frå før. Men det var ikkje noko mål å ta avstand frå det sosiale miljøet den gamle leiinga var del av.”³⁹⁹ At avgangane meir var uttrykk for reaksjonar utanfrå enn innanfrå, syner seg mellom anna ved at to av dei taltale to månader etter at dei trekte seg frå dei tidlegare posisjonane sine i AUF i Oslo, blei valde til å følgje opp lokallagsarbeid, og å førebu valkampen. ”Vi hadde bruk for dem, seier Gerhardsen”.⁴⁰⁰

I media var det ingen avstand å spore mellom den gamle og nye leiinga i AUF i Oslo. “Dei gamle” står fram med sine forklaringar på det som har skjedd, medan dei nye sjeldan kommenterer saka.⁴⁰¹ Mellom den gamle og nye leiinga var det “ingen AUF-strid”⁴⁰². I den grad dei nye uttaler seg, er det på dette viset: “Vi kjenner ikke til organiseringen av medlemsarbeidet tidligere, sier [Erik] Dugstad og [Mina] Gerhardsen i kor, og presiserer samtidig at de ikke vil gi seg inn på noen forhåndsdomming av sine tidligere lagkamerater.⁴⁰³ Motiva kan skimtast i desse sitata: “Hvis jeg sier at vi har innført en ny stil, [når det gjelder å telle medlemmer] klandrer jeg samtidig mine forgjengere. Det ønsker jeg ikke å gjøre [...] Jeg vil nødig kommentere AUF-saken, altså, utover at den er utrolig kjip. Det er kjipt å lese i avisene om mennesker jeg kjenner og er glad i”, og: “De er vennene mine og jeg håper dette går bra. De har vært igjennom nok. Jeg synes synd på dem.”⁴⁰⁴ Ovafor kommunen er også tonen forsiktig: “Vi som nå sitter i fylkesstyret ser det ikke som vår oppgave å dømme om det som har skjedd har vært lovstridig eller ikke. Vi har

heller ingen forutsetninger for å vurdere om forklaringene fra de som har fortatt forskutteringer er riktige”.⁴⁰⁵ Det same synte seg i rettssaka: “Marte Gerhardsen nektet konsekvent å ta stilling til om det hadde vært riktig eller galt av hennes tidligere AUF-kamerater å forskuttere for medlemskontingenter [...] I byretten sa den tidligere AUF-lederen gjentatte ganger at det ikke har vært hennes jobb å dømme i saken om medlemsjukset”, og: “Jeg tok redegjørelsen som det tidligere fylkesstyret fikk om saken, til etterretning, sa hun. Men hun vedgikk at hun aldri tok seg bryet med å gå gjennom redegjørelsen fra hovedtiltalt i saken, Bjørn Jarle Røberg-Larsen, da AUF-saken eksploderte i 1995.”⁴⁰⁶

Reaksjonane ser ut til å vere dei same i resten av partiet: Korkje Thorbjørn Jagland, partisekretær Solveig Thorsvik eller AUF-leiar Annikken Huitfeldt vil “felle noen politisk dødsdom” over dei som blei dømde for bedrageri: “De er dømt av retten for et forhold til Oslo kommune, så jeg ser ikke at det skal ha noen konsekvenser for forholdet deres til AUF.”⁴⁰⁷ Hornslien fortel at han er letta over “den til tider formidable støtten han har fått fra det politiske miljøet, selv om den ofte har kommet i det skjulte.”⁴⁰⁸

Dei som uttrykte seg i opposisjon i saka, har møtt fleire sosiale reaksjonar frå AUF-miljøet. I kapittel fem såg vi korleis interne forsøk på å ta avstand frå det som hadde skjedd, blei møtte. Leiaren i Innflyttaranes AUF skriv etter årsmøtet til AUF i Oslo at: “Det er med beklagelse jeg observerer at begrepet “kald skulder” er i ferd med å bli en realitet i organisasjonen vår.”⁴⁰⁹ Dei som gjekk ut i media, fortel om enda sterkare reaksjonar. Haugli meiner at mange politiske og sosiale mekanismar trår i kraft når ein “går ut mot sine egne”. Han fortel at somme av dei som var med på VG-utspelet, møtte så sterke reaksjonar at dei “kraup” tilbake til leiinga og ba om tilgjeving.⁴¹⁰ Brunvand og Sønstevold fortel at dei blei “advart” mot pressa av leiande AUF-arar som ikkje hadde snakka med dei på tre år. Dei opplevde det som forsøk på å hindre dei i å gå ut på mediearenaen.⁴¹¹

Sterkast var likevel reaksjonane mot Røberg-Larsen og sambuaren hans etter at han braut med den rådande oppfatninga i leiinga. Etter at han den 13. mars 1995 skreiv sitt alternative notat om saka, blei han frosen ut av AUF i Oslo.⁴¹² På eit møte den 17.

mars, der dei tre anmeldte fylkesstyra skulle få informasjon, ba advokat Sigurd Klomsæt om at Røberg-Larsen skulle forlate møtet. Då Røberg-Larsen fekk ordet, forlét Hornslien, Greif Mathisen og Klomsæt møtet.⁴¹³ Eit rykte om at Røberg-Larsen var ein “opplagt sjølvordskandidat” spreidde seg langt utafor AUF-krinsar, og inn i resten av det politiske miljøet og pressa. NGS-delegatar hadde høyrte “at eg var blitt gal og sinnssjuk, og eg hadde gått til VG mot å få pengar for det, 3000 pr. heilside. Då eg kom heim frå Gran Canaria, fekk Linda [Rønold] spørsmål om det hadde vori gravferd, for då hadde eg tatt sjølvord.”⁴¹⁴ Sambuaren skildrar det slik: “Vi ble frosset ut av miljøet i AUF. Fra jeg var 11 år hadde jeg følt meg knyttet til dette miljøet. Nå ville gamle venner ikke engang hilse på meg. Også de få som tok kontakt, fikk merke kulden fra miljøet.”⁴¹⁵ AUF-sekretær Rita Ottervik, som då var rådgjevar ved Statsministeren sitt kontor, stadfestar at ho ringte faren til Røberg-Larsen og sa ho var i tvil om han var i stand til å ta vare på seg sjølv. Det same skal ho ha stadfesta “på direkte spørsmål” ovafor ein journalist i Austlandssendinga. “Jeg gjorde det jeg gjorde av menneskelige hensyn”, seier Ottervik⁴¹⁶. Journalisten var under rettssaka stadig å sjå i kameratsleg sosial omgang med Hornslien og Greif Mathisen.⁴¹⁷ I følgje faren til Røberg-Larsen skal også Hornslien til journalistar ha spreidd eit liknande rykte om at sonen var “gal og suicidal og burde vernast mot seg sjølv”. Hornslien meiner slike rykte uansett er usmakelege, men vil ikkje kommentere historien i VG.⁴¹⁸

Det er liten tvil om at ytringa i media fekk store konsekvensar for Røberg-Larsen. Han blei pressa ut av “det gode selskap”, og blei søkt svekt ved rykte som sette tvil om truverdet hans. Bruken av slike mekanismar svekte den interne haldningseffekten av ytringane til Røberg-Larsen. Reaksjonane er ein parallell til dei reaksjonane opposisjonen møtte i 1992 (jf. kap 5). Såleis kan dei sjåast som oligarkiske strategiar, i form av at ein freistar å utnytte unngålege fordelar, for å hindre Røberg-Larsen i å få gjennomslag i sine ytringar.

7.2.3.3 Analyse

Verveaksjonane kan vere symptomatisk for viset saka har blitt takla på i AUF: Ein ordnar opp i det formelle, utan å på det uformelle organisasjonskulturelle området ta konsekvensane av at juks kan skje. Haldningane er dei same: Det er viktig å ha mange

medlemar, for det gir tyngde. Verving er viktig i seg sjølv, sjølv om ein kan risikere at mange nye medlemskap ikkje speglar eit reelt politisk engasjement. Det kan vidare sjå ut som om medieoppslaga i liten grad leidde til at AUF-arane utvikla negative haldningar til det som hadde skjedd og dei som var involverte. Ei sak er at folk som sjølv kjende seg råka av oppslaga, hadde trong til å forsvare seg. Men kva med alle dei andre, det store fleirtalet av AUF-arar?

Zaller (1992:22f) hevdar at folk tenderer til å avvise argument som er inkonsistente med eigne *preferansar*, medan Asp (1986:72) i staden nyttar termen *innstilling*, og seier at “Ju mindre individets inställning stämmer överens med innehållet [...], desto mindre mottaglig är han för innehållet”. Asp syner til Yale-skulen og Columbia-gruppa som har funni ut innstilling og selektive utvalsprosessar knytte til denne, avgjer effektane av medieoppslag. Av di folk strever etter balanse eller konsistens i eigne haldningar, er vi “mer mottagliga för innehåll som är överensstämmande med vår existerande inställning, medan vi tenderer att välja bort, ignorera eller glömma sådant som inte passar inn i vår världsbild” (Asp 1986:73). Dette leier til at media snarare har forsterkingseffektar enn omvendingsseffektar. Dette kan vere med på å forklare dei ulike reaksjonane i AUF i Oslo på medieoppslaga. Mediebodskapen var i tråd med innstillinga til opposisjonen, men gjekk derimot på tvers av innstillinga til dei AUF-arane som tidlegare *ikkje* hadde vori opptekne av eventuelt juks. For dei fleste av AUF-arane innebar aksept av mediebodskapen ein slags omvendingsseffekt, fordi dei måtte endre syn på sine eigne leiarar. Ulike preferansar leier til ulike reaksjonar, her i synet på det VG hadde gjort: “Omgivelserne kan således oppfattes som fjendtlige blandt en gruppe i organisationen, mens andre i samme organisation ser omgivelserne som et væsentligt attraktiv” (Schultz 1988:89)

Reaksjonsforma til AUF-arane har ein klar parallell mellom AP-veljarane i opinionsutvalet.⁴¹⁹ Deira haldning til politikarane ser i minst grad ut til å vere påverka.⁴²⁰ Vidare er dei i minst grad er innstilt på at saka skal få konsekvensar for dei involverte politikarane. Berre 23% av AP-veljarane meiner dette, i motsetnad til SP's 46%, Høgres 48% og FrP's 56%.⁴²¹

Innstillinga til AUF-arane så vel som AP-veljarane kan også ha påverka deira *bedømming* av innhaldet. Asp (1986:72) skriv at eit medieinnhald som “bedöms som starkt partisk”, vil ha dårlege føresetnader for å gje effekt. Ut i frå VG’s rolle som AUF sin “motaktør” i saka, er det ikkje usannsynleg at AUF-arar og AP-sympatisørar kan ha “bedømt” mediebodskapen som partisk, og difor ikkje har latt innhaldet påverke vurderingane deira. Ei slik tolking kan også forklare kvifor AP-veljarane i minst grad følgjer med i saka, medan FrP-arar både følgjer med i størst grad, og hevdar at saka har *påverka deira haldning* til politikarane.⁴²² Kontrasten stadfestar tesen om at media fyrst og fremst har forsterkingseffektar, ikkje omvendingsseffektar.

Individa kan kome i kontakt med den politiske verda gjennom eigne iakttakingar (eigenkommunikasjon), gjennom formidling frå andre personar (personkommunikasjon), eller gjennom teknisk formidling (m.a. mediekommunikasjon) (Asp 1986:64). Dei meinige AUF-arane hadde lita eiga røynsle med dei sakstilhøva avsløringane handla om. Her var innsynet sentralisert, slik at dei fleste i denne saka måtte forhalde seg til kva leiinga sa via personkommunikasjon på den eine sida, og mediekommunikasjonen på den andre. Desse to kanalane hadde heilt ulike bodskap, som AUF-miljøet måtte velje mellom. Asp (1986:39) skriv at personkommunikasjon påverkar meir enn mediekommunikasjon fordi “de som står for den personliga påverkan tillhör oftast samma sociala grupp vilket innebär att deras “attitudes are more relevant than the judgements of an unknown writer” (Lazarfeld et al., 1944:151)”. Han peikar vidare på at “medieinnhåll som går på tvärs av den rådande innställningen i individens omgivning har små möjligheter till framgång” (Asp 1986:75). Såleis er det ikkje underleg at det danna seg ei sams haldning mellom AUF-arar som hadde mykje av sitt sosiale liv i AUF. Innflyttaranes AUF var ikkje så sterkt knytt til dette miljøet, noko som også kan ha medverka til at det mellom dei var andre reaksjonar.

7.3 Delkonklusjon

Alt i alt kan vi slå fast at VG-avsløringa har fått store følgjer for økonomi- og søknadsarbeidet i AUF i Oslo. Det var denne “stien” som leidde til at jukset tok slutt.

Det er vanskeleg å seie noko sikkert om kor vidt mediepresset - med ei påfølgjande opinionsmakt - var avgjerande for at kommunen tok den indirekte ytringa meir alvorleg enn i 1992. Det som derimot er sikkert, er at VG spelte ei avgjerande rolle for å samle informasjon eller “indirekte ytringar” frå andre aktørar, og på dette viset pressa aktørar ut på banen som elles ikkje ville ha ytra seg. Dette leidde igjen til at dei opplysningane som kom fram til saman hadde ei slik tyngde at Oslo kommune valde å handle på eit heilt anna vis enn i 1992.

Granskingane i kjølvatnet av medieopplaga leidde til at organisasjonen har endra åtferd i sjølve søknadsarbeidet. Det er lite sannsynleg at dei i dag sjølv betaler for “medlemar”, søker støtte for falske kurs eller liknande. Det er færre spor som tyder på at AUF-arane har fått ei negativ haldning til jukset i seg sjølv, eller at dei har gjort forsøk på å evaluere eller dra nokon generell organisatorisk lærdom ut av kvifor jukset kunne skje. Den *eksterne mediekommunikasjonen* har med andre ord sett rammer for ein del av *åtferda*, men har i mindre grad påverka *haldningane* i AUF i Oslo parallelt. Endringane har med andre ord skjedd “den uengasjerte vegen”.

VG-opplaga om AUF i Oslo syner at media ikkje berre som institusjon og rammesettande arena, men også i form av si aktørrolle i einskildsaker, kan spele ei sjølvstendig rolle som premissleverandør og opinionsdannar i det politiske liv. Difor kan media vere ein viktig kanal for dei som ynskjer forandring på noko som skjer innanfor ein organisasjon. Ikkje berre kan ein flytte ordskiftet ut av organisasjonen og inn på mediearenaen, for slik å “opne” ordskiftet for fleire aktørar. Ein kan også få media til å spele på lag med seg som ein slik *aktør*. Greier ein opposisjon dette, stiller dei sterkare i kampen. Denne typen indirekte ytring har likevel med seg ein del konsekvensar. Som med andre formar for indirekte ytring, kan dei bli ramma av mistenkjeleggjering og negative stempel innanfor organisasjonen. Ytringa kan oppfattast som svik, ved at ein kritiserer organisasjonen utanfrå, og såleis svekkjer han. Dette har igjen konsekvensar for kor vidt ein oppnår det ein ynskjer. Haugli⁴²³ seier det slik: “Medan leiinga har fått ein juridisk dom, går saka også utover dei som fekk ein sosial dom: opposisjonen”. Det som skjedde i AUF illustrerer at

opposisjonen via ein slik strategi fyrst og fremst kan presse fram åtferdsendingar, medan effekten ikkje treng å vere den same på haldningane i organisasjonen.

Undersøkingar om såkalla “varsling” (jf 3.7) syner at ein mediestrategi gjerne er den strategien som har dei største konsekvensane for varslarane (Greve 1995). Her ligg truleg ei delforklaring på at mediestrategien ikkje har vori aktuell for opposisjonen. Ikkje på noko tidspunkt har nokon i “opposisjonen” ytra seg til media samstundes med at dei har vori med i AUF. På direkte spørsmål, svarer Brunvand⁴²⁴: “Vi gjekk ikkje ut til pressa fordi vi såg alle teknikkane som ville bli brukt. Eg var rimeleg knekt sjølv.” Ved opposisjonelle forsøk på å ytre seg indirekte via media, kan leiinga med andre ord nytte dei same oligarkiske mekanismane som vi såg i kapittel fem. Trugsmålet om dette leier til at det er uaktuelt å kombinere ein slik ekstern strategi med ynskje om fortsett intern tilgang.

Samstundes verkar det som om opposisjonen ikkje berre er redde for at andre skal stemple dei som illojale, men at dei også sjølve hadde internalisert ei slik normoppfatning: “Det er ei inngrodd oppfatning om å gå organisatorisk riktig til verks. Og det er fy-fy i organisasjonskultur å gå til avisene fyrst. Det er ein kynisk og ikkje farbar måte å gjere ting. Det var vi skjønt samde om.”⁴²⁵

I tillegg er utviklinga av ei sak langt meir uoversiktleg på ein mediearena. Skal ein gå ut på denne, må ein vere fulltrygg på at ein har gode kort på handa. Undersøkingar om “varsling”, syner at varslarar fyrst nyttar offentlege kanalar “hvis bedriften er avhengig av disse uetiske aktivitetene for å overleve og varslerne har ugjendrivelige bevis for sine påstander” (Greve 1995). Det siste punktet er kritisk i denne saka: Sentralisert kunnskap om kva som har gått føre seg har karakterisert heile prosessen. I dette lyset er det ikkje vanskeleg å forstå at også ein strategi med indirekte ytring til media kunne syne seg som umogleg, nett fordi opposisjonen ikkje hadde slike ugjendrivelege prov. Når leiinga har utnytta sin oligarkiske fordel av overlegen kunnskap slik vi har sett, har dette også hindra opposisjonen i å nå fram med ei indirekte ytring via media.

Ljoså⁴²⁶ oppsummerer dei fleste av desse poenga i følgjande svar på spørsmålet om kvifor Innflyttaranes AUF ikkje valde å ytre seg indirekte via media: “Det ville bli

veldig kritisert og mistenkjeleggjort, og vi følte at det ville vel neppe endre noko. Vi kjente ikkje nokon journalistar som vi kunne kontakte og som vi stolte på, heller. Anders [Hornslie] var jo mykje meir kjent med journalistar, i og med at han var den som representerte AUF utad og hadde ein viss erfaring. Vi såg det ikkje som nokon reell moglegheit at nokon i media ville høyre på oss. Vi rekna med at om vi sa noko, så ville det bli motsagt både av AUF sentralt og leiinga i fylkesstyret, og at dei ville bli trudd på og ikkje vi. Men eg trur også at eg var litt influert av partikultur om at ein skal stå saman utad og ta konfliktane innad, samtidig som den kulturen kanskje eigentleg gjorde det umogleg å ta konfliktane nokon plass, for om du allierte deg med nokon innad, så blei det veldig lett sett på som fraksjonsverksemd og galt organisatorisk. Om du ikkje gjorde det, så blei du alltid ståande åleine, og då var du i mindretal som lokallag, og om du gjekk ut av organisasjonen og sa noko, så var du illojal.”

8 Utmarsj

Det er håpløst og vi gir oss ikke
Jan Erik Vold

Utmarsj er ein alternativ strategi til direkte og indirekte ytring. Eg vil no kort sjå på i kva grad utmarsj var ein aktuell strategi for opposisjonen. I kapittel tre nemnde eg ei spenning mellom Hirschman og oligarkiperspektivet ved at Hirschman føresett at ein organisasjon til slutt vil tape konkurransen ved ein konstant kvalitetsreduksjon. Folk vil til slutt melde seg ut dersom dei ikkje er nøgde med organisasjonen. Det er to kritiske aspekt ved resonnementet til Hirschman: 1: Organisasjonen må vere avhengig av medlemene, og 2: Alle må ha full informasjon om produkt og produksjon.

For å ta det siste fyrst: Konflikten i AUF i Oslo handla ikkje om produktet, dvs. politikken. Søknadsarbeidet er derimot eit typisk døme på “praksis” (jf. kap. kap. 3.7), som er vanskelegare å få full informasjon om. Sentraliseringa av kunnskap om dette emnet leidde til at det var relativt få som var klar over kva som verkeleg skjedde. Dette innebar at leiinga ikkje trengte å vere redde for stadige utmarsjar dersom dei ikkje endra praksisen. Dette faktumet verkar inn på punkt 1 om kor vidt organisasjonen er avhengig av dei medlemene dei kan miste om dei ikkje endrar praksisen: For AUF i Oslo innebar tap av medlemar generelt både tap av menneskelege og økonomiske ressursar og prestisje. Om dei som melder seg ut er mange nok, eller er viktige nok for organisasjonen, kan trugsmål om utmelding, og eventuell utmelding, leie til at organisasjonen endrar seg. Fordi det i denne konkrete saka var relativt få som hadde ein idé om kva som skjedde, og som opponerte mot dette, var ikkje *mengda* av protestutmeldingar (utmarsjar) noko stort trugsmål for leiinga. Likevel var opposisjonen relativt sentrale medlemar i form av at dei hadde lang røynsle og relativt mange politiske og organisatoriske ressursar. Dei dreiv eitt av dei mest aktive lokallaga, og blei dels nytta som politiske ressurspersonar. Eventuelle utmeldingar ville med andre ord til ein viss grad bli lagt merke til. På den andre sida kunne det hende at leiinga oppfatta bråket som så plagsamt, at dei helst ville vori

bråkmakarane for utan, slik Kielland skildrar det ved at “avskallinger kan bli sett fram til med ro og forventning” (Heidar 1975:12).

I den grad det var fare for at opposisjonen melde seg ut av AUF i Oslo, hadde leiinga valet mellom å miste desse ressurspersonane, eller å miste dei økonomiske ressursane og prestisjen dei fekk tilført ved hjelp av dei registreringsmetodane dei nytta. Desse tilhøva leia truleg til at trugsmålet om utmarsj ikkje vog særleg tungt i det store reknestykket. Utmarsj er med andre ord ingen effektiv strategi når *organisasjonen er meir avhengige av aktiviteten som blir kritisert enn av dei som kritiserer den.*

Korleis verkar så dette inn på kor vidt ein opposisjon vel utmarsj som strategi for endring? Bruken av utmarsj vil ofte vere eit resultat av dei same avvegingane som gjeld for indirekte ytring. To aspekt er særleg sentrale: lojalitet og forventna effekt av utmarsjen. Dersom opposisjonen ikkje forventar at utmarsjen vil ha nokon effekt, vil det vere ein strategi dei truleg drøyer med å nytte så langt som råd er. På same vis fungerer lojalitet som eit band som gjer utmarsj til siste utveg. Utmarsj blir fyrst og fremst alternativet når det kjennast for vanskeleg å halde fram i ein organisasjon som ikkje endrar seg, trass i forsøk på ytring. Utmarsjen fungerer då som ei protesthandling med motiv om å gje tilbakemelding om at ein ikkje støtter organisasjonen. Utmarsjen treng som sagt ikkje innebere at ein gir opp kampen, men kan følgjast opp av forsøk på indirekte press, direkte kontakt eller boikott (t.d. slutte å røyste på partiet). Leiinga vil ikkje lenger ha så mange sanksjonshøve ovafor ein som ikkje lenger har tilknytning til organisasjonen, noko som aukar sjansen for at han kan gå til omgjevnadene for å gjere kritikken kjend.

I kva grad valde så opposisjonen å nytte utmarsj som strategi for endring? Vi kan slå fast at Brunvand og Sønstevold melde seg ut av AUF seint på året i 1992.⁴²⁷ Det same gjorde ein del av dei sentrale medlemene i Innflyttaranes AUF i løpet av 1995.⁴²⁸ Men kan utmeldingane tolkast som strategiar for endring av kontingentpraksisen? Brunvand og Sønstevold fortel om motivet for utmelding at dei allereie kjende seg pressa ut av miljøet på grunn av saka, og at dei ikkje hadde nokon framtid i AUF.⁴²⁹ For innflyttarane sitt vedkommande skjedde ikkje utmeldingane samla, og det er

vanskelegare å finne eit klart felles motiv. I den grad utmeldingane frå innflyttarane kan kallast “utmarsjar” knytte til denne saka, kom dei etter forsøk på både direkte ytring og indirekte ytring til kommunen. I så måte passar dei godt inn i biletet av den lojale medlemen som Hirschman skildrar, som “leave no stone unturned before he resigns himself to the painful decision to withdraw or switch”. I Brunvand og Sønstevoid sitt tilfelle kom utmeldinga etter eit forsøk på indirekte ytring, og dels som eit resultat av reaksjonane på denne fyrste strategien. I deira tilfelle opplevde dei det som at prisen for utmelding var betald *før* utmarsj, ved at dei allereie hadde mista den sosiale omgangskrinsen og aksepten i AUF. Dette kan ha svekt den lojaliteten som gjerne både hindrar folk i å melde seg ut eller å ytre seg indirekte.

Effektane av utmeldingane er det vanskeleg å seie noko om. Det kan sjå ut til at den einaste følgja av at ein del av innflyttarane melde seg ut i 1995, var at konflikten opphøyrd, og at aktiviteten i det til då særskilte lokale lag dabbav.⁴³⁰ Utmarsjen til Brunvand og Sønstevoid hadde heller ingen direkte effektar i form av endring i AUF i Oslo. Meir indirekte hadde utestenginga, med den påfølgjande utmarsjen, truleg effekt i form av at det gjorde det enklare for desse å ytre seg indirekte, både til kommunen og i media i 1995, og desse ytringane gjorde sitt til at avsløringa fekk store konsekvensar.

Vi kan konkludere med at utmarsj ikkje såg ut til å vere ein effektiv strategi i denne saka. Sjølv om både Brunvand og Sønstevoid og ein del av innflyttarane valde å melde seg ut på ulike tidspunkt, skjedde dette utan von om at det kom til å endre noko i AUF i Oslo. For at utmarsj skal kunne vere ein effektiv strategi, må leiinga vere avhengig av dei ressursane som går tapt, og tapet må vere større enn tapet ved å kome krava frå opposisjonen i møte.

9 Konklusjon

“Among the conditions of democracy, the one recalled least is that wrong ideas about democracy make a democracy go wrong.”
Giovanni Sartori

Eg starta oppgåva med ein hypotese om at opposisjonen ikkje vann fram med sitt syn fordi leiinga tok i bruk oligarkiske maktmiddel. I dette konklusjonskapitlet vil eg freiste å samle trådane for å sjå om oligarkiomgrepet tilbyr ei tilfredsstillande forklaring, og seie noko om kva vi kan trekkje ut av generell lærdom kring forsøk på å endre åtferd eller haldningar i organisasjonar “nedanfrå”.

Vi har sett på fire strategiar for å få slutt på jukset, og synt korleis opposisjonen møtte ulike hindringar i bruken av desse: Av dei strategiane eg presenterte innleiingsvis, synte utmarsj-strategien seg som lite effektiv, og difor heller ikkje særleg aktuell som strategi for endring for opposisjonen i AUF i Oslo. Utmarsj er ikkje effektivt når organisasjonen er meir avhengige av aktiviteten som blir kritisert enn av dei som kritiserer den. Dersom ein utmarsj skal kunne vere eit effektivt verkemiddel, må opposisjonen vere anten mange eller viktige nok til at det å miste dei utgjør eit trugsmål for leiinga. Dette kan vere vanskeleg å få til i ei sak som denne, der kunnskapen var så sentralisert. Den eine delen av opposisjonen valde likevel å marsjere ut etter eit forsøk på å ytre seg indirekte til Oslo kommune. Den andre delen av opposisjonen blei i fyrste omgang verande i organisasjonen og ytra seg internt.

Forsøka på intern ytring blei møtte med ulike oligarkiske mekanismar frå leiinga si side. Mange av desse var i stor grad retta mot å hindre opposisjonen i å få saka opp på dagsorden. Leiinga freista å unngå diskusjon om sjølve saksinnhaldet ved å halde stridsemnet unna dei formelle organa for ordskifte og vedtak. Opposisjonen hadde vanskar med å overtyde medlemene om si oppfatning, fordi leiinga utnytta sin kontroll over *informasjon*: Leiinga hadde skjult kunnskap, og utnytta dette slik at dei kunne halde fram med å utføre skjulte handlingar slik dei sjølv fann det for godt. Dette greidde dei mellom anna fordi dei utnytta sin eigen kontroll over

kommunikasjonen med Oslo kommune. Vidare utnytta leiinga til ein viss grad fordelten av å ha kontrollen over intern kommunikasjon, formelt ved å hindre opposisjonen i å kome til orde i medlemsavisa. Meir sentrale var likevel meir *uformelle* mekanismar, både i form av overttyding, overtaling og sosiale sanksjonar:

For det fyrste var det ikkje lett for opposisjonen å freiste å *overtyde* andre via uformelle kommunikasjonskanalar, mellom anna fordi leiinga sette negative stempel på forsøk på kontakt. Vidare utnytta leiinga ei rekkje utanomsaklege argument for å *overtale* medlemene. Dei spelte på omgrep som samhald, lojalitet og tillit til leiinga, og stempla opposisjonen som utruverdige. Sist, men ikkje minst tok leiinga i bruk sosiale *sanksjonar* mot dei som ytra seg. I staden for formelt å ekskludere opposisjon, valde ein å presse dei ut av miljøet, for slik å gjere det vanskelegare for dei å påverke den interne meiningsdanninga.

Ei følgje av strategien med å halde saka utanfor ein formell dagsorden, var at fordelar i meiningsdanninga var meir avgjerande enn manipulasjon med sjølv avgjerdsprosessen. I den grad ein fekk ein formell avgjerdsprosess, var det også vanskeleg for opposisjonen å få gjennomslag, fordi sakshandsaminga skjedde “ovafrå og ned”, og fordi leiinga overrumpla dei i form av munnlege “redgjerelser”, som opposisjonen ikkje hadde høve til å førebu seg til.

Leinga drog nytte av ulike fordelar dei kunne ha unngått, ikkje berre i møtet med direkte ytring, men også som tilsvar på indirekte ytringar frå opposisjonen. Fyrst og fremst utnytta dei fordelten av kontakt med omverda, ved ikkje å gje informasjon, eller ved å gje ulik informasjon på dei to arenaene. Dei kontrollerte tilgangen til informasjon *frå* omverda, og var åleine om å gje informasjon *til* omverda. Dei freista òg å utnytte meir sosialt tufta fordelar, ved å spele på at dei var meir truverdige enn opposisjonen.

I siste omgang var det mediestrategien som greidde å stanse jukset i AUF i Oslo, og truleg å reinske godt opp i medlemsarkiva til dei andre politiske ungdomsorganisasjonane på kjøpet. Det har synt seg vanskeleg å knytte avsløringa til opposisjonen, sjølv om delar av han etter kvart står fram som kjelder i oppslaga. Ein kan spørje seg kvifor opposisjonen ikkje vurderte mediestrategien som ein farbar veg.

For det fyrste møtte dei det same hinderet som ved andre forsøk på ytring: mangelen på “ugjendrivelege prov” (jf. 7.3). Det at leiinga unytta kontroll over informasjon, var såleis avgjerande for at ytring til media ikkje var aktuelt. For det andre måtte effekten av ein mediestrategi vegast opp mot sjansane for sterke sosiale sanksjonar, og faren for å miste truverd internt. Det kan vere uheldig å ta i bruk ein mediestrategi dersom ein ynskjer ei framtid i organisasjonen. Ved sida av frykt for negative sanksjonar sto også eiga lojalitetskjenne i vegen for å ytre seg i media, fordi dette kan svekkje organisasjonen som heilskap.

VG la sjølv mange ressursar i avsløringa - noko som gjorde dei til ein stabil medspelar for indirekte ytringar med mål om å få slutt på jukset. Arbeidet til VG var ein viktig føresetnad for at jukset blei avdekt. Likevel kan ein ikkje utan vidare heise flagget til topps for pressa som “den fjerde statsmakt”. Då medieopplaga fyrst kom, syntet det seg at effekten var avgrensa: Ein fekk endra åtferda, men på det haldningsmessige planet var det framleis opposisjonen som tapte den interne kampen. Såleis må ein som opposisjon vurdere kva typar endringar ein ynskjer å oppnå. Kan ein nøye seg med endringar “den uengasjerte vegen” (jf. 7.2.3), og risikere at visse haldningar i organisasjonen heller blir konsoliderte enn endra?

Generelt syntet *alle* forsøka på ytring at ein lett hamnar i ein situasjon der ein blir stempla som illojal, og risikerer å hamne utanfor det populære selskapet. Skal ein ta konsekvensane av “AUF-saka”, kan det sjå ut som om ein må vere *innanfor* leiinga dersom ein vil endre på sider ved ein organisasjonsaktivitet. Såleis teiknar ikkje denne saka noko lystig bilete av dei høva ein opposisjon har dersom dei arbeider innanfor ein organisasjon med gode høve for oligarkisk maktmisbruk. På eit vis illustrerer saka Johan P. Olsen (1978:133) sin påstand om at: “Det menige organisasjonsmedlems sjanser til å gjøre seg gjeldende vil bli redusert når alle beslutninger tas i form av kompromiss bak lukkede dører. Menigmanns innflytelsesmuligheter vil oftast være knyttet til at lederne [...] ikke er helt enige” Det var nett slik saka kuliminerte: Også leiinga var ein koalisjon som kunne sprekket (jf. Panebianco) : “Opninga” kom i form av kjelder som hadde tilgang til informasjon “innanfrå”, og dette var ein føresetnad for at mediestrategien var effektiv. Og i møtet med medieopplaga sprakk leiinga i to,

med den følgja at Røberg-Larsen entra mediearenaen med ein annan versjon enn dei andre frå leiinga.

Biletet er likevel ikkje så enkelt som at mediestrategien åleine var det som fungerte for å få til ei endring: Sjølv om det kunne sjå ut til at både den direkte ytringa og den indirekte ytringa til kommunen var nyttelause, syner det seg at dei var viktige premiss for *åtferdseffekten* av det oppgjeret som skjedde som følgje av mediestrategien frå 1995 og framover:

For det fyrste var fleire av innflyttarane sentrale vitne for aktoratet, i form av at dei forklarte seg om korleis leiinga internt hadde freista å skjule informasjon då laget ytra seg. I sin prosedyre i rettssaka fokuserte aktor Atle Roaldsøy på korleis AUF-leiinga i 1992 hevda å spele med heilt opne kort, samstundes som dei skjulte informasjon: “Revisorgjennomgåelsen var en velregissert forestilling der AUF meget bevisst og kynisk spilte på en slags liksom-åpenhet som ikke hadde forankring i de faktiske realiteter, sa Roaldsøy. - Anders Hornslien spilte her en helt sentral rolle med å føre revisor og Oslo kommune med uriktige eller villedende opplysninger.”⁴³¹ Argumentet knytt til 92-prosessen var avgjerande for dommarane: “I domspremissene fremheves det at AUF i Oslo allerede hadde fått en advarsel av kommunen - og lovet å rydde opp. I stedet valgte ledelsen, med Anders Hornslien i spissen, å utvikle et mer sinnrikt system for juks. “Det er særlig”, skriver retten, “lagt vekt på (. . .) bruddet på den tillit som var vist organisasjonen gjennom kommunens behandling av 1992-saken.” Det minnes om at kommunen da unnlot å anmelde AUF i Oslo, etter at organisasjonen hadde fått en ny sjanse. Retten presiserer at denne saken står i en særstilling.”⁴³² Med andre ord: Hadde det ikkje vori for dei tidlegare ytringane frå opposisjonen, ville det vori lettare å sleppe unna medieavsløringa i 1995.

Er så bruk av oligarkiske mekanismar ei tilfredsstillande forklaring på at opposisjonen ikkje fekk gjennomslag? Kan vi i materialet spore alternative forklaringar? Ei fyrste innvending gjeld omgrep som sosialisering, lojalitet, og samhald mot ytre fiendar. Dette hadde effekt med omsyn til den interne ytringa, og påverka truleg også graden av haldningsendring som følgje av medieoppslaga. Slike sosiale mekanismar kan ei leiing velje å spele på, men det kan også vere heilt

unødvendig å gjere dette, fordi medlemene utan vidare vil vere negative til opposisjon som opplevast å utfordre fellesskapen og svekkje organisasjonen. Dei rådande normene kan leie til ei einsarta åtferd med omsyn til vurderingar (jf. Bakka og Fivelsdal 1992:95), utan at leiinga treng å nøre oppunder normene for at dei skal vere verksame til deira fordel. Det er såleis ikkje nok å påvise at medlemene var opptekne av samhald og lojalitet. For at dette skal kunne knytast til oligarkiomgrepet, må ein syne at leiinga medvitent *spelar på* slike utanomsaklege argument i ein konfliktsituasjon. Eg meiner å ha påvist at leiinga gjorde dette. I kva grad desse mekanismane automatisk ville tent til leiinga sin fordel dersom dei ikkje hadde freista å utnytte dei, er vanskeleg å seie noko om.

Ei anna, og sannsynlegvis relativt avgjerande, innvending med omsyn til å teste H1, er at kommunen må ta på seg mykje av skulda for at opposisjonen ikkje nådde fram: Studiet av forsøket på indirekte ytring synte ein kommune som ikkje oppførte seg som ein økonomisk “motpart” til AUF i Oslo, noko som dels kan skuldast at dei var ein politisk “medpart”. Kommunen reagerte på ytringane med ein påfallande passivitet, mellom anna ved ikkje å ta kontakt med opposisjonen i samband med gjennomgangen dei sette i verk. Samstundes møtte dei AUF-leiinga og informasjonen frå desse med ein like påfallande naivitet, sjølv når resultatane av den spede granskinga for så vidt bygde opp under påstandane frå opposisjonen. Dette var ei sterkt medverkande årsak til at opposisjonen ikkje nådde fram, ei årsak som ikkje kan tilskrivast førekomst av internt oligarki. Det er med andre ord vanskeleg for ein opposisjon å søkje endring ved å ytre seg til omgjevnader som ikkje sjølv verkar interesserte i å endre dei tilhøva ytringa omhandlar. Vi kan konkludere med at førekomst av internt oligarki var ei naudsyn, men ikkje tilstrekkeleg årsak til at opposisjonen ikkje fekk gjennomslag for sitt syn.

Med dette har eg freista å levere eit svar på kvifor opposisjonen ikkje nådde fram med sine forsøk på å ta eit oppgjær med jukset i AUF i Oslo. Kor vidt liknande tilhøve var relevante i tidlegare periodar, og i dei andre ungdomsorganisasjonane, er vanskeleg å seie noko om. Det kan vere at det offentlege generelt har sett gjennom fingrane med søknadsgrunnlaga, eller at leiingane har haldt kunnskapen for seg sjølv

og slått ned på forsøk på å endre tilhøva. Men det kan også tenkjast andre forklaringar, som til dømes at det i mange av organisasjonane ikkje fanst folk som hadde skruplar med å vri litt på tala. Undersøkingane av prosessen i AUF i Oslo kan her berre hjelpe oss med å forstå kva som *kan* ha vori årsaker til at jukset kunne gå føre seg, til eventuell inspirasjon for andre studie av liknande tilhøve.

9.1 Teoretiske nyvinningar og utfordringar

I kapittel tre utvikla eg eit teoretisk rammeverk, og gjennom det empiriske arbeidet har eg synt korleis rammeverket kunne vere fruktbart i eit studium av forsøk på endring nedanfrå. Koplinga mellom eit strategi- og oligarkiperspektiv har vori eit godt reiskap for å vurdere kva høve opposisjonen i AUF i Oslo har hatt for å nå fram.

For å kunne svare på spørsmålet om kvifor opposisjonen ikkje nådde fram, tok eg utgangspunkt oligarkimodellen til Hellevik, og supplerte denne med ulike innspel. Ved sia av å føye til eigne vurderingar, henta eg inn resonnement frå ulike delar av samfunnsvitskapen som er opptekne av makt, frå Panebianco til Lukes, og frå prinsipal-agent-teori til sosialpsykologi. Fleire av desse suppleringsane har synt seg nyttige i bruk. Ikkje minst gjeld dette omgrepa “ikkje-saker” og “sosiale sanksjonar”. Desse innspela har avslørt meir av “breidda i oligarkiske manipulasjonsteknikkar”, og såleis styrkt modellen til Hellevik: Med omgrepet “ikkje-saker”, henta frå Lukes (1974), kan ein avsløre oligarkiske mekanismar sjølv der ei sak ikkje kjem så langt som til formelle røystingar om saksinnhaldet. Studiet av AUF i Oslo har illustrert korleis oligarkiske mekanismar kan knytast til spørsmålet om å få ei sak opp på dagsorden som eit legitimt stridsemne. Leiinga kan utøve makt ved å *forhindre* ordskifte. I staden for å inngå i ein formalisert avgjerdsprosess med formelle reglar for deltaking og røysting, kan saka bli handsama i fora der slike reglar er erstatta av sosiale, uformelle mekanismar. Der er det gjerne vanskeleg for ein opposisjon å få gjennomslag, fordi dei ikkje er ein del av dette miljøet. I slike samanhengar vil sosial kontroll vere avgjerande: Uformelle eller sosiale mekanismar vil vere viktigare enn dei formelle.

Eg valde i teorikapitlet å føye “sosiale sanksjonar” til som eit oligarkisk verkemiddel. Med dette punktet understrekar eg at leiinga ikkje berre kan freiste å stemple opposisjon med argument om at dei splittar organisasjonen, er illojale og ikkje så truverdige som leiinga. Dei kan også, med heilt irrelevante og sterkt personfokuserte argument, gjere sitt for at opposisjonen skal bli pressa ut av det sosiale miljøet. Den empiriske gjennomgangen synte at dette kan vere fruktbart å ta med seg i vidare studie som ynskjer å ta oligarkiomgrepet i bruk. Meir generelt ser det ut til at det kan vere lurt å ikkje fokusere for einsegn på den delen av prosessen som kjem til uttrykk ved formelt ordskifte og avgjerdsprosess, men at ein også bør konsentrere seg om å avdekkje meir uformelle prosessar. Her kan det under datainnsamlinga vere lurt å vere merksam på problema med å halde frå kvarandre unngåelege og uunngåelege fordelar.

Handsaminga av jukset i AUF i Oslo er neppe typisk for avgjerdsprosessar i partia, men kan gje eit inntrykk av variasjonsbreidda i oligarkiske manipulasjonsteknikkar (jf. Hellevik 1975a:84). Poenget er jo nett at ei leiing kan ta i bruk slike teknikkar fordi dei har bygd opp eit “reserve” av lojalitet og tillit gjennom dei mange sakene der avgjerder skjer på demokratisk vis. Difor vi ei sak som “kontingentsaka” i AUF berre kunne vere representativ for saker der det er viktig for leiinga å få gjennomslag for sitt syn, trass i ein markert opposisjon.

Eit interessant spørsmål er i kva grad reint organisatoriske konflikhtar som “AUF-saka” skil seg frå dei meir politiske. Ein hypotese er at det kan vere lettare å få politiske enn organisatoriske saker opp som eit legitimt stridsspørsmål - *både* fordi ein ofte kan støtte seg på legitimitet i form av at saka blir drøfta utanfor organisasjonen, *og* fordi politiske saker ikkje treng å henge så tett saman med sjølve maktgrunnlaget i organisasjonen. Det sistnemnde poenget er sentralt med tanke på typen mekanismar som blir nytta. Ein hypotese for framtidig forskning kan vere at overtydande mekanismar er meir sentrale for å påverke meiningsdanninga i *politiske* konflikhtar, medan utanomsaklege overtalande mekanismar og sosiale sanksjonar er meir typiske for organisasjonskonflikhtar. Vidare kunne det vere interessant å studere eventuelle skilnader mellom ungdomsorganisasjonar og moderparti med omsyn til kva

typar oligarkiske mekanismar som blir nytta. Mellom anna kan ein spørje seg om det sterke innslaget av sosiale, uformelle mekanismar i “AUF-saka” også er karakteristisk for konflikta i partia, eller om det er meir spesifikt for ungdomsorganisasjonar som AUF.

I teorikapitlet valde eg å “byggje ut” teorien til Hirschman ved å dele inn i ulike typar ytring, og ved å klargjere både likskapar og skilnader mellom effekten av tre ulike strategiar for endring, ettersom ein har intern tilgang eller ikkje. Gjennom studiet av AUF i Oslo har eg synt at skiljet mellom direkte og indirekte ytring kan vere treffande i studie av forsøk på endring nedanfrå. Vidare meiner eg skiljet mellom intern og ekstern *tilgang* har gjort det teoretiske omgrepsapparatet ryddigare og klarare. Kor vidt skiljet også er nyttig i empiriske studie, får vere opp til seinare studie å vise.

Sjølve koplinga mellom oligarki- og strategiperspektivet, har hjelpt oss å systematisk studere vilkåra ein opposisjon har for å nå fram, og har avslørt element som kan hindre effekten av forsøka. Koplinga peikar på at forsøk på endring av organisasjonar ikkje berre lyt sjåast som eit fenomen isolert til “det indre organisasjonsliv”, men at det også kan vere spennande å sjå på korleis interne kampar kan skje i eit samspel med ei omverd som sett rammar for dei høva ein opposisjon har til å nå fram. Ved å kople oligarkiomgrepet med eit strategiperspektiv, har eg avslørt at omgrepet ikkje berre kan takast i bruk når ein ser på interne ytringar, men at det også kan ha noko å bidra med i studiet av eksterne strategiar frå folk med intern tilgang. Dette skuldast ikkje berre at forsøk på indirekte ytringar kan møtast med krav om lojalitet og sosiale sanksjonar internt i organisasjonen, men også at opposisjonen står svakt i møtet med ressursar som leiinga har større kontroll med. Ei kunnskapsmessig overlegen leiing vil ofte ha like lett spel på ein ekstern arena som internt, og opposisjonen vil bli ute av stand til å underbyggje egne påstandar dersom dei ikkje har tilgang til den same informasjonen som leiinga. Vidare vil leiinga ofte ha kontroll over organisasjonen sin kommunikasjon med omverda, noko dei kan utnytte for å minske sjansane for at ei indirekte ytring skal vere effektiv. Samanstillinga av

oligarki- og strategiperspektivet kan også tydelegare frå fram alternative forklaringar på kvifor endring nedanfrå eventuelt ikkje lukkast.

9.2 *Etterspel*

Saka om juks i ungdomsorganisasjonane avdekte kritikkverdige tilhøve i dei organisasjonane som fostrar den komande politikargenerasjonen. Korleis kan ein unngå at oppryddinga i medlemskartoteka berre blir eit mellomspel, eit pauseinnslag skild frå den ubønhøyrlege røynda? Studiet av AUF i Oslo har peika på to ulike løysingar: For det fyrste at ein må sikre seg ei offentleg forvaltning som på eit grundig og uavhengig vis kan handheve reglane. “Jussen” var på plass, men dei som skulle handheve han, tok ikkje oppgåva alvorleg nok. Utover slike eksterne tiltak, kan det for det andre vere mogleg å gardere seg ved å freiste å endre på ulike trekk ved dei *interne* tilhøva i organisasjonane. Sjølv om førekomst av oligarki ikkje var einaste årsak til at jukset kunne halde fram, kan ein hevde at mindre bruk av oligarkiske mekanismar kan auke sjansane for at ein juksekultur ikkje får utvikle seg igjen. Ved meir opne og demokratiske interne prosessar vil det vere vanskeleg for ein slik kultur å feste seg utan at nokon avslører det og freistar å endre det. Medlemsdemokrati kan såleis vere ein ventil eller ei forsikring i bakhand for å hindre korrumperring mellom dei politiske elitane.

Dersom funna frå studiet av AUF i Oslo er representative for kva type organisasjonskultur som dominerer politiske ungdomsorganisasjonar, kan vi stå ovafor eit politisk-demokratisk problem med langt breiare nedslagsfelt enn spørsmålet om at det offentlege kan tape pengar: Korleis vil vi at våre politiske organisasjonar skal fungere? Med tanke på demokratiet som heilskap, er det viktig å hindre utvikling av uheldige kulturar i dei politiske organisasjonane, mellom anna fordi det gjennom desse organisasjonane skjer ei sosialisering inn i politikarrolla. Det er her dei framtidige leiarane får si demokratiske opplæring. Flaa m.fl (1985:61) skriv det slik: “Vi har ingen formalisert politikeropplæring i Norge, men det er tydelig at oppholdet i bestemte organisasjonar gjør samme nytten.” Heidar⁴³³ poengterer at det er i

ungdomsorganisasjonane idealistisk ungdom lærast opp til å bli leiarar. Difor er det naudsynt å stille strenge krav til at dei lærer seg å handtere tillit; å vere tillita verdig.

Såleis er det viktig kva ein lærer som nyrekruttert leiar i ein ungdomsorganisasjon. Opplysningar som kom fram under AUF-rettsaka er urovekkjande i så måte: For det fyrste har fleire gitt uttrykk for at medlemsjukset blei opplevd som “naudsynt” dersom ein ynskte ei framtidig karriere i organisasjonen. Hornslien hevda at “Drivkraft for forskutteringa, det var ønske om flest mulig medlemmer for å vere best i den interne konkurransen i AUF. Mange medlemar ga større innflytelse”.⁴³⁴ Rikke Lind, tidlegare leiar i Akershus AUF, hevda at “medlemstallet var av betydning, blant annet for bedømmelsen av henne som leder. Det var et “viktig måleinstrument””.⁴³⁵ Jo Heinum, tidlegare leiar i Sogn og Fjordane, seier at “Medlemstalet var ein så enorm indikator på kor vellukka ein var som fylkeslag”.⁴³⁶ Aftenposten referer vitnemålet frå Tove Bøygard frå Buskerud slik: “Et høyt medlemstall ga makt innad i AUF og åpnet for videre politisk karriere.[...] Selv la Bøygard ut 3000 kr. året av egne midler - penger hun ikke alltid fikk igjen. Men et slikt offer følte lite i forhold til det personlige nederlag ved å sitte med lavere medlemstall.”⁴³⁷ Frank Willy Larsen⁴³⁸ frå same fylke uttaler at: ”I kraft av å lede et stort fylkeslag får man innflytelse og sentrale posisjoner. Det er lefling med demokratiet vårt [] Dette er langt mer alvorlig enn å få noen ekstra kroner i offentlig støtte.”

Medlemstalet var ikkje berre ein nøkkel til innverknad internt i AUF. Det kan sjå ut som om ein også på sentralt hald i AUF såg det som særskilt viktig å ha eit høgt medlemstal totalt. Sjølv peika Oslo-leiinga på kor tungt slike omsyn voga då dei valde å halde fram med og vidareutvikle praksisen med overregistrering, trass i faren for å bli oppdaga: Både Bøe Elgsaas og Hornslien hevda i byretten at det var eit stort press frå AUF sentralt for å halde medlemstalet oppe: “Han sa at presset om å opprettholde høye medlemstall for AUF i Oslo i hans ledertid kom fra leder Trond Giske og særlig generalsekretær Rita Ottervik. [...] Jeg tror ikke AUF sentralt ville ønsket av vi sluttet med å forskuttere, sa Elgsaas.”⁴³⁹ Advokaten til Røberg-Larsen hevda at “De kunne ikke komme seg ut av triksekulturen uten å bli stemplet som illojale”.⁴⁴⁰ Retten konkluderte med at det var kommi fram “opplysninger om at det fra sentralledelsen

har vært sterke forventninger til at det satte mål for medlemstall skulle holdes, men det har ikke hatt preg av tvang”.⁴⁴¹

Det kan sjå ut som om Oslo-leiinga opplevde å stå ovafor ei omverd med inkonsistente institusjonelle normer for kva som var aksepterte tenkjemåtar og teknikkar (jf. Christensen 1994:31). Medan Oslo kommune kravde reieleg medlemsregistrering, kravde AUF sentralt eit høgt medlemstal. Fordi ulike delar av omverda kravde ulike ting av organisasjonen, kjente dei seg nøydde til å byggje inn “hypocrisy” for å freiste å tilfredsstille alle (jf. kap. 7) noko som leier til problem når ein må velje eit alternativ for *handling* (jf. Brunsson 1989:13). Sitata både om press frå AUF sentralt og om at medlemstala ga makt og karriere, seier noko om kvifor Oslo-leiinga inntok dei standpunkta dei gjorde i konflikten med opposisjonen. Her er vi inne på tese 1 hos Michels (jf. 3.4); spørsmålet om leiinga utviklar eigne interesser.⁴⁴²

Røberg-Larsen seier det slik: “Det vi har gjort med medlemsjuks, såg eg på som nærast ein legitim del av det politiske ungdomslivet. Det var ikkje gale å jukse med medlemstala, slik eg såg det då. [] Det er ein kultur som ikkje har særleg respekt for reglar, og for ein politisk organisasjon så er det jo ganske betenkjeleg.”⁴⁴³ Alt i alt tyder det på at vi ikkje berre har stått ovafor ein organisasjonskultur som gjorde juks mogleg (ved at oligarkiske tendensar hindra forsøk på endring), men også ei omverd i AUF som *oppmoda* til å jukse! Vidare kan det tyde på at medlemsjukset ikkje berre hadde uheldige økonomiske konsekvensar, i form av at AUF fekk pengar dei ikkje hadde krav på, men at det også hadde meir *politiske* konsekvensar. For det fyrste ga eit høgt medlemstal makt og innverknad internt. Såleis kunne fylkeslag som på ymse vis blåste opp tala, lettare få makt. Dette både i form av større formell representasjon på landsmøte i AUF og i fylkeslaga i DNA, og i form av at leiinga i store lag lettare fekk posisjonar på sentralt hald. For det andre leidde eit høgt totalt medlemstal til at AUF fekk større tyngde enn dei elles ville hatt ovafor andre organisasjonar, som andre ungdomsparti eller DNA. I den grad dei førstnemnde også blåste opp tala sine, har det vori ein slags ikkje-reell konkurranse, der leiarane har gitt seg sjølve ein falsk legitimitet i det politiske systemet, ved medlemstal som ikkje har spegla kor mange

dei eigentleg representerte. Ikkje berre har gale tal gitt økonomiske ressursar - noko som for så vidt er ei viktig kjelde til å kunne markere seg, og såleis auke eigen innverknad. Dei same tala har også gitt ungdomsleiarane legitimitet og dermed innverknad, internt, og ovafor omverda. I den grad slike normer og ein slik kultur får leve, risikerer vi å få lovmakarar som er vande med å manipulere seg til makt, og som sjølv kjenner seg heva seg over lovene.

9.3 Endring nedanfrå

Gjennom studiet av ein avgjerdsprosess kan vi avdekkje fundamentale eigenskapar ved organisasjonsstrukturen og maktkulturen i ein organisasjon (Bakka og Fivelsdal 1992:193). Såleis kan studiet av AUF-saka seie oss ein del om korleis politiske ungdomsorganisasjonar *kan* fungere. Dette er lærdom som kan trekkjast langt vidare enn til forsøk på å hindre “juksekultur” i å utvikle seg. Funna lar seg ikkje utan vidare generalisere. Likevel kan ein gjere seg tankar om konsekvensane *dersom* det skulle syne seg at prosessen i AUF i Oslo er illustrerande for korleis forsøk på endring nedanfrå kan bli møtt - når det er viktig for ei leiing å få det som dei vil. Difor vil eg, som avslutning på denne oppgåva, argumentere for kvifor studiet av medlemsjukset i AUF i Oslo også kan vere relevant med omsyn til eit meir overordna politisk-demokratisk perspektiv.

I Noreg har ein vori opptekne av at partiorganisasjonane skal vere arenaer for aktivitet og “opplæring i demokrati”. Til dømes er føremålet med statsstøtta til ungdomsorganisasjonane at dei skal styrkjast “som arena for medbestemmelse og demokrati og som barn og ungdoms redskaper for deltakelse i samfunnet” (NOU 1997:132). Dette i motsetning til å vere “utklekningsanstalter for politiske broilere, der politikerne in spe er mer opptatt av egen skolering og posisjonering enn av å bygge organisasjoner som jobber for å utvikle sin kontaktflate i ungdomsmiljøene og som søker å utvikle aktivitetsnivået” (Heidar 1998). Meir teoretisk er ei slik oppfatning forankra i ein “deltakardemokratisk” tradisjon, som av Wright (1971), er oppsummert i “partidemokrati-modellen” - i motsetning til “den rasjonelle modellen”. Innanfor denne er det eit sentralt poeng at veljarane skal kunne påverke politikken

ved sjølv å delta i partia. Partiorganisasjonane er ein kanal for dialog mellom partia og borgarane Politisk likskap refererer til lik makt til å påverke utfallet av beslutningar (Tetzschner 1978:230), og dette inneber at makrodemokratiet skal byggjast av mikrodemokrati (Robert A. Dahl 1989:327f). Det er normativt interessant korleis partiorganisasjonane fungerer, fordi “internally democratic parties play [a] primary role in democratizing the political system” (Wright 1971:20). Ulike resonnement kan leie fram til eit slikt standpunkt, og det er ikkje rom for å gjengje alle desse her. (Sjå t.d. Assarson (1993), Heidar (1988), Hellevik (1975a), Lafferty (1983), Lewin (1970), Tetzschner (1978), Ware (1979) og Lipset (1956) for ulike drøftingar.) Poenget i denne samanhengen er at med ei “partidemokratisk” oppfatning i botn, kan studiet av kontingentsaka i AUF i Oslo vere interessant i eit større demokratisk perspektiv. Saka illustrerer ein partiorganisasjon der deltakingsdemokratiske argument ikkje blir tekne på alvor. Medlemsjuks er berre eit ekstremt døme på kva som kan skje dersom dei politiske organisasjonane utviklar seg til internt udemokratiske organisasjonar. Dersom ein ikkje tek eit oppgjær med den typen organisatoriske tendensar denne oppgåva har avdekt i AUF i Oslo, kan vi stå ovafor ein situasjon *der det til sjuande og sist er vanskeleg å påverke partia nedanfrå*. Dette er etter mitt syn ei utvikling demokratiet ikkje er tent med. Min konklusjon strekk seg såleis lenger enn at oligarkisk maktmisbruk kan føre til at juksekkulturar utviklar seg. Mangel på internt partidemokrati kan til få negative følgjer for demokratiet som heilskap, fordi demokrati berre er mogleg dersom tilstrekkeleg mange bryr seg nok om politikk til å involvere seg og delta. Om folk av ei eller anna årsak blir passive observatørar, vil ikkje demokratiet overleve i lengda (Seyd og Whitley 1992:4). Hellevik (1975a:87) seier det slik: “En kan ikke regne med at individer som til daglig befinner seg i passiviserende oligarkiske mikro-strukturer plutselig skal kunne fylle rollen som aktive og kritiske velgende deltakere i en demokratisk makro-struktur”. Demokrati utan eit ideal om deltaking er ikkje lenger eit folkestyre, men i beste fall eit aristokratisk styre, slik Aristoteles formulerte det, som fåtalsstyre på vegne av fleirtalets interesser (jf. Grindheim 1997:16). Men eit folk utan politisk aktivitet er eit lett folk å manipulere. Berre ved brei deltaking kan ein derimot sikre seg mot at

